



# MASTEROPPGÅVE

Ein kulturell plantestudie av to norske fantasyromanar for barn og ungdom.

A cultural plant study of two Norwegian fantasy novels for children and young adults.

## Ragnar Emmerhoff Lothe

Master i barne- og ungdomslitteratur

Institutt for språk, litteratur, matematikk og tolking

Rettleiar: Lykke Guanio-Uluru

Innleveringsdato: 14. mai 2021

# Forord

Datoen er 14. mai og eg er endeleg framme ved vega ende. Eg avsluttar fem lærerike år på Høgskulen på Vestlandet med denne masteroppgåva. Dette siste året har vert langt og utfordrande. Det har vert prega av mykje individuelt arbeid, men det er likevel fleire som fortentar ein takk.

Takk til min rettleiar Lykke Guanio-Uluru, som har gitt meg konstruktive tilbakemeldingar og som alltid har hatt eit svar til mine spørsmål. Takk for at du introduserte meg for kulturelle plantestudiar. Dette har vert veldig interessant og givande å jobbe med.

Eg vil òg takke mine medstudentar frå lesesalen og seminargruppe 2 for faglege og ufaglege samtalar.

Til slutt vil eg takke familie og vener for støttande ord og varme tankar.

Ragnar Emmerhoff Lothe

Bergen, mai 2021

# Samandrag

Denne masteroppgåva undersøker kva verdi plantene vert gitt i eit utval nyare norske fantasybøker for barn og ungdom. Planter finn me i så og sei all litteratur, men med unntak av litteratur for små barn, er det sjeldan at dei spelar hovudrolla i narrative. På grunnlag av økokritisk teori som seier at naturen påverkar kulturen og vis-a-versa er det interessant å sjå korleis to populære barne- og ungdomsbøker framstiller planter. Dette kan påverke korleis barn og unge ser på planter i det verkelege liv.

Oppgåva tek utgangspunkt i to bøker for barn og unge: *Gravbøyggen våkner* (2005) av Sigbjørn Mostue og *Odinsbarn* (2013) av Siri Pettersen. I desse bøkene er plantene sentrale på kvart sitt vis. Rolla til plantene er analysert ved hjelp av litterær analyse som tek utgangspunkt i omgrepa *nytteverdi*, *eigenverdi*, *aktive planter* og *passive planter*. Desse omgrepa vert definert ved hjelp av teori knytt til kulturelle plantestudier. I tillegg var det interessant å undersøke fantasysjangeren og forholdet den hadde til planter. Avslutningsvis drøfta eg funna opp mot ein plantesentrert versjon av NatCul-matrisa (Goga et al., 2018, s. 12). Dette gjor eg for å drøfte kva verdisyn på planter som kom fram i bøkene.

Funna viser at dei to bøkene har ulike verdisyn på planter. *Gravbøyggen våkner* fokuserer på eigenverdien til plantene, og då spesielt verdien av plantene i eit økosystem. Boka nyttar seg i stor grad av aktive planter, og legger synsvinkelen hos plantene ved å gi dei evna til å snakke. Sett opp mot plantematisa kan dette tyde på at boka har økosentriske haldningar. I *Odinsbarn* er det eit større fokus på nytteverdien til plantene. I denne boka vert ikkje synsvinkelen lagt hos plantene. Det er her eit større fokus på kva eigenskapar ulike planter har som gjer at dei kan nyttast som mat, drikke, medisin og materiale. Med eit fokus på nytteverdien til plantene og ei overvekt av passive planter plasserer boka seg mot antroposentriske haldningar. Boka utfordrar dette med å vise fram ein berekraftig bruk av planter. Eit interessant funn er at det er dei kvinnelege hovudkarakterane som innehar mest kunnskapar om planter og som ser den største verdien i plantene i begge bøkene. Det viste seg òg at tankar frå norrøn mytologi og norsk folketru har noko å seie for korleis plantene er framstilt i dei to bøkene.

# Abstract

This master's thesis examines the value given to plants in a selection of recent Norwegian fantasy books for children and young adults. Plants can be found in virtually all literature, but by the exception of literature written for young children, it is rare that they play a major role in the narrative. On the basis of ecocritical theory which points out that nature affects culture and vice versa, is it interesting to see how two popular books written for children and young adults portray plants. This can affect how children and young adults view plants in real life.

The thesis is centred around two books for children and young people: *Gravbøyggen våkner* (2005) by Sigbjørn Mostue and *Odinsbarn* (2013) by Siri Pettersen. In these books, the plants play an important role, but in different ways. The role of the plants is analysed using literary analysis based on the concepts of *utility value*, *intrinsic value*, *active plants* and *passive plants*. These concepts are defined by means of theory related to cultural plant studies. In addition, it was interesting to investigate the fantasy genre and its relationship to plants. Finally, I discussed the findings using a plant centred version of the NatCul-matrix (Goga et al., 2018, s. 12). I did this to discuss what views regarding plant value appeared in the books.

The findings show us that the two books focus on different plant values. *Gravbøyggen våkner* focuses on the intrinsic value of the plants, and especially the value of plants in an ecosystem. The book makes extensive use of active plants and sets the point of view to the plants by giving them the ability to speak. In light of the plant matrix, this may indicate that the book has an ecocentric attitude. In *Odinsbarn*, there is a greater focus on the utility value of plants. In this book, the plants point of view is not taken into account. In this book there is a greater focus on the ability different plants have, for example which plants can be used as food, drink, medicine or material. With a focus on the utility value of the plants and a predominance of passive plants, the book shows anthropocentric attitudes. The book challenges this by showing a sustainable use of plants. An interesting finding was that it is the female main characters that have the most knowledge of plants and who sees the greatest value in plants in both books. It also turned out that thoughts from Norse mythology and Norwegian folklore played a role in the portrayal of plants in the two books.

# Innhald

<b>Forord</b> .....	<b>2</b>
<b>Samandrag</b> .....	<b>3</b>
<b>Abstract</b> .....	<b>4</b>
<b>Innhald</b> .....	<b>5</b>
<b>Figuroversikt:</b> .....	<b>7</b>
<b>1. Innleiing</b> .....	<b>8</b>
1.1. <i>Bakgrunn for oppgåva</i> .....	8
1.2. <i>Val av materiale</i> .....	10
1.3. <i>Problemstilling</i> .....	12
1.4. <i>Teoretiske og metodiske perspektiv</i> .....	13
1.5. <i>Tidligare forskning</i> .....	14
1.6. <i>Oppbygging av oppgåva</i> .....	15
<b>2. Teori</b> .....	<b>16</b>
2.1. <i>Økokritikken</i> .....	16
2.2. <i>Kulturelle plantestudiar</i> .....	17
2.2.1. <i>Kvifor treng me kulturelle plantestudiar?</i> .....	18
2.2.2. <i>Å vera planteblind</i> .....	21
2.3. <i>Verdisyn på planter</i> .....	22
2.3.1. <i>Nytteverdi og eigenverdi</i> .....	22
2.3.2. <i>Aktive og passive planter</i> .....	24
2.4. <i>Fantastisk litteratur og fantasy</i> .....	26
2.4.1. <i>Fantastisk litteratur</i> .....	26
2.4.2. <i>Fantasy</i> .....	28
2.4.3. <i>Planter i norrøn mytologi og norsk folketru</i> .....	30
2.5. <i>NatCul-matrisa</i> .....	34
2.5.1. <i>NatCul-matrisa i eit planteperspektiv</i> .....	36
2.6. <i>Forteljarteknikk: Forteljar og synsvinkel</i> .....	39

<b>3. Metode</b> .....	<b>41</b>
3.1. <i>Skjønnlitterær analyse</i> .....	41
3.1.1. Korleis eg har gjennomført analysen.....	42
3.2. <i>Korleis nytte ein planteversjon av NatCul-matrisa som metode</i> .....	43
<b>4. Analyse</b> .....	<b>44</b>
4.1. <i>Gravbøyggen våkner</i> .....	44
4.1.1. Protagonisten og planter.....	45
4.1.2. Aktive og passive planter.....	50
4.1.3. Eigenverdi og nytteverdi.....	52
4.1.4. Fantasy og planter.....	54
4.1.5. Oppsummering.....	56
4.2. <i>Odinsbarn</i> .....	57
4.2.1. Protagonisten og planter.....	58
4.2.2. Aktive og passive planter.....	63
4.2.3. Eigenverdi og nytteverdi.....	65
4.2.4. Fantasy og planter.....	66
4.2.5. Oppsummering.....	67
4.3. <i>Samanlikning av bøkene</i> .....	68
<b>5. Drøfting</b> .....	<b>72</b>
5.1. <i>Kva verdisyn har protagonistane på planter?</i> .....	72
5.2. <i>Kva verdisyn på planter kjem fram i bøkene?</i> .....	75
5.3. <i>Korleis kjem verdisynet på planter fram i bøkene?</i> .....	80
<b>6. Avslutning</b> .....	<b>83</b>
<b>Kjeldeliste</b> .....	<b>85</b>
<i>Primærlitteratur</i> .....	85
<i>Sekundærlitteratur</i> .....	85

# Figuroversikt:

Figur 1 Natcul-matrisa .....	34
Figur 2 Planteversjon av NatCul-matrisa (henta frå: Guanio-Uluru, 2021b) .....	36
Figur 3 Min versjon av plantematrisa.....	38

# 1. Innleiing

## 1.1. Bakgrunn for oppgåva

I artikkelen «Tilstandsrapport for naturen på jorda» (2019) skriv Miljødirektoratet at mennesket ikkje kan eksistere utan naturen. Denne artikkelen er basert på ein tilstandsrapport som er skriven av Det internasjonale Naturpanelet, eller IPBES. Den påpeikar at det me får frå naturen er grunnlaget for vår eksistens. Naturen gir oss blant anna mat, materiale og medisin (Miljødirektoratet, 2019). Sidan 1970 har me hausta stadig meir materielle godar frå naturen, noko som må sjåast i samanheng med at verdas befolkning har auka frå 3,7 milliardar til 7,6 milliardar i same tidsrommet (Miljødirektoratet, 2019). Dette har ført til eit overforbruk av naturen som går ut over artsmangfaldet i verda, noko som blant anna går utover pollineringa, som tre av fire matplanter er avhengige av. Her trekk rapporten fram moderne landbruk og flathogst som nokon av årsakene (Miljødirektoratet, 2019). Naturpanelet har òg funne ut at det er ein samanheng mellom pandemiar og tap av naturmangfald. Her vert avskoging og handel med trua artar nemnt som aktivitetar som kan gi fleire og verre pandemiar (Miljødirektoratet, 2020). Det viser seg at dei same tinga som forårsakar klimaendringar og tap av naturmangfald òg gir auka risiko for pandemiar. Det er endringar i arealbruk, auka og intensivert landbruk, handel og forbruk som ikkje er berekraftig. Dette påverkar naturen og aukar kontakten mellom ville dyr, husdyr, smittestoff og menneske (Miljødirektoratet, 2020). Det er altså tydeleg at me nyttar naturen meir enn aldri før, og at måten me nyttar naturen er med på å øydelegge den og skade artsmangfaldet.

For å løyse desse problema har FN laga ein felles plan for heile verda. Denne planen skal «utrydde fattigdom, kjempa mot ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030» (FN-sambandet, 2021a). Dette er 17 berekraftsmål med 169 tilhøyrande delmål, som gjeld for alle landa som er medlem av FN. I tilknytning til denne oppgåva var det to berekraftsmål som var spesielt interessante. Det første var berekraftsmål nummer fire: *God utdanning*, som indikerer at arbeidet med berekraft går føre seg på skulen. Her spesifiserer delmål 4.7 at ein skal «sikre at alle elevar og studentar tileignar seg den kompetansen som er nødvendig for å fremje berekraftig utvikling» (FN-sambandet, 2021b). Det andre var berekraftsmål nummer 15: *Livet*



*på land*. Dette målet handlar blant anna om å verne og fremje berekraftig bruk av økosystem, sikre berekraftig skogforvaltning og stanse tap av artsmangfald (FN-sambandet, 2021c). Noreg har forplikta seg til å nå FN sine berekraftsmål, noko som blant anna viser seg i den nye læreplanen.

Den nye læreplanen tredde i kraft hausten 2020, på same tid som eg starta arbeidet med mi masteroppgåve. I denne læreplanen finn me *Overordna del – Verdier og prinsipp for grunnopplæringa* der det blant anna står om verdigrunnlaget i læreplanen under *1.5 Respekt for naturen og miljøbevisstheit*. Under dette punktet står det at skulen skal bidra til at elevane utviklar naturglede, respekt for naturen, og klima- og miljøbevisstheit. Elevane skal få oppleve naturen og sjå den som ei kjelde til nytte, glede, helse og læring. Elevane skal òg utvikle ein bevisstheit om korleis menneska påverkar naturen (Kunnskapsdepartementet, 2017). Under prinsippa for læring, utvikling og danning finn ein òg det tverrfaglege temaet *2.5.3 Berekraftig utvikling*. Her står det at berekraftig utvikling handlar om å verna om livet på jorda, og ta vare på behova til menneske som lever i dag, utan at det går utover framtidige generasjonar (Kunnskapsdepartementet, 2017). Etersom at denne masteren skal handle om barne- og ungdomslitteratur vart mitt ynskje å sjå på kva rolle litteratur kan spela i arbeidet med desse temaa. Eg bestemte meg av den grunn for å gjere eit økokritisk studie av ei eller fleire barne- og ungdomsbøker.

Ei økokritisk studie spør kva syn på naturen som kjem til uttrykk i ein litterær tekst. Dette kan seie noko om korleis naturen påverkar kulturen og litteraturen, og korleis litteraturen kan påverke naturen (Claudi, 2017, s. 241). Økokritikken er eit forskingsfelt som får meir og meir fokus, noko eg kjem nærare inn på seinare. Det vart då viktig for meg å finne ut kva eg kunne bidra med. Det at eg fekk prøve økokritiske leseroller i utdanning mi til å verte engelsklærer ga mykje inspirasjon. Økokritiske leseroller gjekk blant anna ut på at me skulle legge merke til spesifikke fenomen i ein tekst, blant anna planter (Guanio-Uluru, 2019a). Gjennom desse leserollene vart me medviten på kor viktig plantene var for karakteren Katniss i *The Hunger Games* (Collins, 2009). Dette diskuterte me vidare i lesesirklar. Etter å ha lese artikkelen: «Økokritiske litteratursamtaler – en arena for økt bevissthet om økologisk samspill?» (Goga, 2019), der Goga nemner at det har vert eit stort fokus på «animal studies» og at det har vert lite fokus på «plant studies», fant eg ut at plantestudiar er underforsa innanfor det barne- og

ungdomslitterære feltet. På dette feltet er det dyra som har fått det største fokuset, og plantene er på ein måte gløymt. Her var det dermed noko mi forskning kunne bidra til å synleggjere.

For å utvikle ei problemstilling leste eg meg opp på feltet «kulturelle plantestudiar». Eg oppdaga då at me i dag lever i eit antroposentrisk samfunn, eit samfunn der menneska er plassert øvst i eit hierarkisk system (Guanio-Uluru, 2019b). I dette hierarkiet er plantene plassert heilt nedst. Det kan verke som at menneske har slitt med å sjå verdien til plantene. Det er tankar som dette som har gjort at kulturelle plantestudie er eit voksande felt i dag (Guanio-Uluru, 2019b).

Inspirert av kulturelle plantestudie bestemde eg meg for å sjå på korleis planter var framstilt i barne- og ungdomslitteraturen. Etersom at eg utdannar meg som lærar for 5.-10. klasse var det hovudsakleg bøker som rettar seg mot ungdom eg ville bruke som forskingsmateriale.

## 1.2. Val av materiale

Eg hadde tidleg bestemt meg for å skrive ei masteroppgåve der eg kunne forske på fantasylitteratur. Mitt første møte med fantasysjangeren, som eg kan hugse, var filmene om *Ringenes Herre* (2001-2003). Det som fascinerte meg mest var det fiktive samfunnet som J.R.R. Tolkien hadde skapt. Det var eit samfunn inspirert av middelalderen, der menneska levde tett på naturen. Tolkien skildra levande, alt frå dei frodige åkrane i Hobbitun og dei blomstrande hagane i Kløvendal, til dei mektige skogane i Fangorn. Eg las òg *Hobbitten* (2011) i tidleg alder. For meg var det J.R.R. Tolkien som *var* fantasy. Men eg tenkte at desse bøkene hadde nok mykje flinkare folk enn meg forska på. Eg ville difor heller fokusere på litt nyare litteratur, og eg hadde eit ynskje om å bruke norsk litteratur. I følge redaktørane av antologien «Ecocritical Perspectives on Children's Texts and Cultures: Nordic Dialogues» er det framleis forska lite på nordisk barne- og ungdomslitteratur i eit økokritisk perspektiv (Goga et al., 2018, s. 11).

Kriteria eg sette for utvalet av materiale var at bøkene skulle vera norsk fantasy for ungdom, at plantene skulle spele ei rolle i forteljinga og at bøkene skulle ha ein mannleg og ein kvinneleg hovudperson. Grunngevinga for å ha både ein mannleg og ein kvinneleg

hovudperson ligg i at eg ville undersøke om det var nokon kjønna skilnadar i karakterane sitt forhold til planter. Dette er òg inspirert av antologien «Ecocritical Perspectives on Children's Texts and Cultures: Nordic Dialogues» som nemnar at det er ein tendens i nyare nordisk litteratur at jenter er utforskarar av villmark og at gutar føretrekk dei trygge hagane nær heimen (Goga et al., 2018, s. 3). På grunnlag av desse kriteria falt valet på *Gravbøygen våkner* (2005) av Sigbjørn Mostue og *Odinsbarn* (2013) av Siri Pettersen.

*Gravbøygen våkner* vant Arks barnebokpris i 2005 og er den første boka i ein triologi som heiter Alvetegnet. Dette er ei bok som eg har eit tett forhold til, då det er ei av dei første norske fantasybøkene eg las. Denne boka fekk eg gratis av skulen då eg gjekk i 5. klasse, og eg les den framleis med like stor entusiasme. I boka møter me Espen og Eva som saman må redde Gammalskauen frå det store monsteret Gravbøygen. Det som fascinerte meg mest med denne boka var vesena frå norsk folketru som er viktige for handlinga i boka. Dette er vesen som spesielt min far og mi farmor fortalte om då me var ute og gjekk tur i skogen og på fjellet då eg var liten.

*Odinsbarn* vant Fabelprisen i 2014 og er den første boka i ein triologi som heiter Ravneringene. Dette er ei bok som eg vart introdusert for gjennom utdanning mi ved Høgskulen på Vestlandet. I denne boka møter me Hirka og Rime, to ungdommar som på kvart sitt vis slit med å finne sin plass i samfunnet. I denne boka går heile handlinga føre seg i den fiktive verda Ym. Denne verda er inspirert av norrøn mytologi og eit samfunn som liknar på middelalderen. Her spelar plantene ei stor rolle som mat, medisin, materiale og symbol.

Dei to bøkene er like på fleire punkt, men dei er òg ulike. *Gravbøygen våkner* har 279 sider, er relativt enkel og er skriva for yngre ungdom. *Odinsbarn* har 616 sider, er meir kompleks og har med dette ei litt eldre målgruppe. Eg meiner at desse likskapane og ulikskapane gjer at det ekstra spanande å undersøke om det er nokon fellestrekk ved måten bøkene representerer planter på.

## 1.3. Problemstilling

På bakgrunn av teoretiske perspektiv frå økokritikk og kulturelle plantestudie har eg formulert denne problemstillinga:

Kva verdisyn på planter kjem fram i *Odinsbarn* og *Gravbøyggen våkner*?

Sjølv om problemstillinga fokuserer på desse to bøkene, kan funn som kjem fram i analysen av desse materiala bidra til å gje kunnskap om korleis planter vert framstilt i fantasy litteratur meir generelt. På bakgrunn av problemstillinga har eg satt opp fire forskingsspørsmål, som eg kort presenterer og grunngjev her:

- I. Kva verdi har planter for protagonistane?  
Fordi mykje av handlinga i bøkene kjem fram gjennom synsvinkelen til ulike karakterar i bøkene ser eg det som nødvendig å undersøkje kva verdi planter har for protagonistane. I begge bøkene møter me to hovudkarakterar, ein gut og ei jente. Det kan hende at der er skilnad på dei to karakterane sitt syn på planter.
- II. Kva verdi har planter i bøkene som ein heilskap?  
Mykje av verdisynet på planter kjem fram ved å sjå på kva verdi planter har for protagonistane, men ettersom protagonistane kan ha ulikt syn på planter, er det og naudsynt å sjå på framstillinga av planter i boka samla sett.
- III. I kva grad er plantene framstilt som aktive eller passive i bøkene?  
Aktive planter er planter som vert gitt ei form for intelligens i historia, eller det er planter som aktivt kan påverke historia (sjå teoridelen). Eg meiner difor at dette kan seie noko om verdisynet boka har på planter.
- IV. Kva rolle spelar norsk folketru og norrøn mytologi for framstillinga av planter i bøkene?  
Mytologi spelar ofte ei sentral rolle i fantasybøker (sjå teoridelen). I dette tilfellet er det norrøn mytologi og norsk folketru. Det er difor interessant å sjå om ein kan finne samanhengar mellom mytologien og planter i bøkene.

For å svare på desse forskingsspørsmåla tek eg utgangspunkt i nokon utvalde teoretiske og metodiske perspektiv.

## 1.4. Teoretiske og metodiske perspektiv

Denne oppgåva har som mål å finne ut kva verdisyn på planter som kjem fram i *Odinsbarn* og *Gravbøyggen våkner*. Ved å sjå på dette håpar eg å bidra til å skape merksemd og medvit rundt verdien planter har for heile verda som eit økosystem. Oppgåva har eit økokritisk perspektiv, meir spesifikt retta mot kulturelle plantestudie. Den litteraturvitskapelege sida av oppgåva stør seg på teori om fantasylitteratur, og på narrativ teori om forteljarteknikk.

Det at oppgåva har eit økokritisk perspektiv vil seie at den ser på forholdet mellom litteratur og dei fysiske omgivnadane (Glotfelty, 1996, s. xviii). Sidan eg ville undersøke planter i to litterære verk, meir spesifikt kva verdisyn på planter som kjem fram i *Odinsbarn* og *Gravbøyggen våkner*, var det teoretiske perspektiv knytt til kulturelle plantestudie eg fokuserte på. Kulturelle plantestudie ser på korleis planter vert framstilt og kva rolle planter har i litteraturen og kulturen (Guanio-Uluru, 2019b, s. 3). Dette er eit relativt nytt forskingsfelt, noko som gjorde det utfordrande å finne teori knytt til temaet.

For meg vart Lykke Guanio-Uluru sitt arbeid knytt til temaet viktig, blant anna artikkelen «Imagine Climate Change: The Representation of Plants in Three Nordic Climate Fictions for Young Adult» (2019b). I denne artikkelen undersøker ho plantene i tre nordiske klimafiksjonsbøker for ungdom. Ved hjelp av denne artikkelen og teoretikarar som Randy Laist (2013), Michael Marder (2013), James H. Wandersee (2006) og Renee M. Clary (2006) gjer eg eit forsøk på å definere forskingsfeltet og få fram kvifor det er viktig å fokusere på planter si rolle i litteraturen. For å sjå verdisynet knytt til planter nyttar eg teori frå John Ryan (2015) som ser på korleis planter sin intelligens kan komme fram i litterære verk og Arne Næss (1991) sine tankar om ein djupøkologi.

Metoden eg nyttar er skjønnlitterær analyse, fokusert gjennom utvalde omgrep henta frå økokritikken og kulturelle plantestudiar. For å drøfte verdisynet i bøkene vil eg og nytte

NatCul-matrisa, ei økokritisk analytisk matrise utvikla av forskargruppa Natur i barnelitteratur og -kultur ved Høgskulen på Vestlandet (sjå teori- og metodedelane av oppgåva).

## 1.5. Tidligere forskning

I denne oppgåva har eg valt *Odinsbarn* og *Gravbøygen våkner* som forskingsmateriale. Eg har valt å fokusere på to bøker fordi eg forventar å gjere ulike funn med tanke på målgruppa til bøkene, kva tid dei er skrivne og lengda på bøkene. *Gravbøygen våkner* vart utgitt i 2005 og *Odinsbarn* vart utgitt i 2013. Det har blitt gjort noko forskning på dei to bøkene, men eg finn inga publiserte plantestudiar av dei to bøkene. Dette kan skuldast at det er to norske bøker, som i mindre grad har hatt internasjonal suksess. Det kan òg skuldast det manglande fokuset på nordisk litteratur i økokritiske analyser (Goga et al., 2018, s. 5).

Forskning som er gjort på *Gravbøygen våkner* går for det meste på sjangertrekk knytt til fantasy, men òg på miljøproblematikken som vert tematisert. Betine Mjølid Tømran ser i si masteroppgåve frå 2014 på fantasy for ungdom med fokus på trilogiar, blant anna Alvetegnet-trilogien, som *Gravbøygen våkner* er ein del av. Her nemnar Tømran naturvern som ein viktig tematikk i *Gravbøygen våkner*. Vilde Haga Sollund gjer eit forsøk på å definere nordisk fantasy som ein eigen sjanger i si masteroppgåve frå 2016. I oppgåva nyttar ho både *Gravbøygen våkner* og *Odinsbarn* som materiale. Sjangerdrøftinga til Sollund gjer nyttige perspektiv til denne oppgåva. I boka *På Tværs af Norden: økokritiske strømninger i nordiske børne- og ungdomslitteratur* (2021) trekker Steffen Sørum fram *Gravbøygen våkner* som ei bok som relativt tidlig tok opp ulike miljøproblem, men elles finn eg få analyser av *Gravbøygen*.

Eg finn meir forskning på *Odinsbarn*. Her er det sjangertrekk, maskulinitet og eit fleirkulturelt perspektiv som har fått størst fokus. Som nemnt er *Odinsbarn* materiale for Sollund si masteroppgåve om nordisk fantasy, men er òg drøfta ein del innanfor fantasyforskinga. Anne-Stefi Teigland (2014) og Åsmund Hennig (2018) brukar *Odinsbarn* som materiale når dei ser på høvesvis fantasy som sjanger og som fleirkulturell litteratur. Cecilie Takle (2017) undersøker potensialet fantasy har til å diskutere etikk i litteraturen, som ein del av danninga av elevar på eit individuelt plan, og som ein del av eit demokrati. Her gjer ho ei nærlesing av æresomgrep i *Odinsbarn*. Ho seier derimot lite om plantenes rolle i boka.

I 2020 publiserte Rebecka Fokin artikkelen «Hon är dem alla. Ekofeministiskt flickskap i Siri Pettersens fantasytrilogi Ravneringene». Her gjer Fokin eit økofeministisk studie av trilogien Ravneringene, der *Odinsbarn* er første bok. Her trekk ho blant anna fram den tette koplinga mellom protagonisten, Hirka, og naturen. Ho meiner at Hirka gir ei stemme til «dei andre» - jenta, den utstøtte, flyktingen og naturen. Dette er altså eit studie som har eit økokritisk fokus på *Odinsbarn*, men fokuset ligg ikkje hovudsakleg på planter. Som ein kan sjå har det vorten gjort ein del studiar på desse to bøkene. Likevel meiner eg at denne oppgåva kan bidra med nye perspektiv.

## 1.6. Oppbygging av oppgåva

Denne oppgåva er delt inn i seks kapittel. I kapittel ein gjorde eg ein gjennomgang av kvifor eg har valt å skrive akkurat denne oppgåva og kva målet med oppgåva er. I kapittel to går eg gjennom teorien som ligg til grunn for oppgåva. Dette er eit viktig kapittel, då kulturelle plantestudiar er eit relativt nytt forskingsfelt og teorien spelar ei stor rolle i den litterære analysen. I kapittel tre har eg ein kort gjennomgang av metoden som ligg til grunn for analysen som kjem i kapittel fire. Analysen er delt opp i to, då eg analyserer *Gravbøyyen våkner* og *Odinsbarn* kvar for seg, før eg gjer ei kort oppsummering og samanlikning av funna frå dei to analysane. Desse funna tar eg med meg vidare i drøftinga i kapittel fem. I dette kapitlet drøftar eg funna frå analysen opp mot den plantesentrerte NatCul-matrisa. I kapittel seks vil det kome ein kort konklusjon og eg vil seie litt om moglegheita for vidare forskning.

## 2. Teori

I denne oppgåva undersøker eg korleis planter vert framstilt i bøkene *Gravbøyggen våkner* og *Odinsbarn*. Teoridelen er fokusert rundt teoretiske perspektiv knytt til økokritikk og sentrale omgrep henta frå kulturelle plantestudiar. Den inneheld og ei kort drøfting av fantasysjangeren, men her ligg fokuset på koplinga mellom planter og fantasy, med norsk folketru og norrøn mytologi som sentrale element. Teoridelen presenterer òg Natcul-matrisa, som eg skal nytte i drøftinga, og gjev ei kort gjennomgang av forteljarteknikk henta frå narrativ teori. Før eg kjem nærare inn på kulturelle plantestudiar, er det hensiktsmessig å først presentere økokritikken, for å vise korleis økokritiske studiar kan sjåast som eit teoretisk utgangspunkt for kulturelle plantestudiar.

### 2.1. Økokritikken

I *The Ecocriticism Reader* definerer Cheryl Glotfelty (1996) økokritikk som studiet av forholdet mellom litteratur og de fysiske omgivnadane (s. xviii). Dette er ein anerkjend definisjon. Økokritiske analysar spør kva syn på naturen som kjem til uttrykk og kva omgrep ein tekst brukar når den snakkar om naturen, korleis naturen påverkar kulturen og litteraturen, og korleis litteraturen kan påverke naturen (Claudi, 2017, s. 241). Ein kan seie at utgangspunktet for økokritikk er å vise at naturen og kulturen har ei gjensidig påverknad på kvarandre. Mange reknar boka *Silent Spring* av Rachel Carson frå 1962 som ein av dei første økokritiske tekstane. Her tok ho opp bruken av sprøytemiddel, brukt i jordbruk, som drep fuglar. Boka vart viktig for framveksten av miljøørsla i fleire land, med Carson som sentral aktør. I Noreg kan ein trekke fram Arne Næss (1991) sine djupøkologiske tankar som viktige.

Jonas Bakken trekk fram fire retoriske strategiar i litteraturen som økokritiske studie har peika på. Desse kan gjera lesaren meir medviten på miljøspørsmål og potensielt motivere lesaren til å endre sin levemåte i meir miljøvenleg og berekraftig retning (Bakken, 2018, s. 232). Den første er litterære naturskildringar som er tenkt å bringe lesaren i nærare kontakt med



naturen og på denne måten verdsette den meir. Her trekk han fram den romantiske epoken. Den andre er potensialet fiksjonslitteratur har til å skildre dei ytste, negative konsekvensane vårt noverande levesett har for naturen. Den tredje går på litteratur som skildrar samfunn og levesett som er berekraftige og i balanse med naturen. Desse samfunna er positive alternativ til dagens moderne industrialiserte samfunn. Den fjerde strategien går på at vegen til eit meir berekraftig levesett føresett at me bryt med vårt antroposentriske verdisyn og får auga opp for vår plass i økosystemet. Her nemnar Bakken potensialet fantastisk litteratur har til å legge synsvinkelen hos andre enn menneske, som blant anna dyr og planter (Bakken, 2018, s. 232-233). Dette er noko eg skal undersøke om *Odinsbarn* og *Gravbøyggen våkner* nyttar seg av. Desse fire strategiane har forskingsgruppa i forskingsprosjektet *Nature in Children's Literature and Culture* ved Høgskulen på Vestlandet og sett på. Dei har laga eit verktøy i form av eit koordinatsystem som dei kallar *The Nature in Culture Matrix*, som eg kjem tilbake til. Denne er laga for å kunne diskutere barne- og ungdomslitteratur i eit økokritisk perspektiv.

## 2.2. Kulturelle plantestudier

Lykke Guanio-Uluru definerer kulturelle plantestudier som: «... concerned with the role and representation of plants in local and global literatures and cultures» (2019b, s. 3). Altså ser kulturelle plantestudier på kva rolle planter spelar i litteraturen og kulturen og korleis plantene vert representert i vitskapen og kulturen. I denne oppgåva fokuserer eg på «local literature», altså ein norsk kontekst.

Det har vore og det er eit større fokus på forholdet mellom dyr og litteratur enn det har vore på planter og litteratur, men dette er ikkje berre i litteraturen. På raudlista over utrydningstrua artar er det berre 4% av verdas planter som er evaluert i forhold til lista sine kriterier (Heise, 2016, s. 76, henta frå Guanio-Uluru, 2019, s. 4). Dette er eit klart teikn på at planter får for lite fokus både innanfor naturvitskapen og litteraturen. Det er no eit aukande fokus på kulturelle plantestudie. Årsakene til dette er mange. Guanio-Uluru viser blant anna til dei aukande klimaproblema, der rolla til plantene ikkje kan oversjåast (2019b, s. 4). Guanio-Uluru (2019) og John Ryan (2015) trekk fram nyare forskning som viser intelligens hos planter som noko som gjer at me bør stille spørsmål med vårt syn på planter.

Randy Laist peikar på at planter faktisk er den dominerande livsforma på jorda og kjelda til alt liv: «All flesh is grass» er eit sitat han nyttar for å påpeike dette (2013, s. 10). Med dette meiner han at det ikkje hadde vert nokon dyr om det ikkje fantes planter i verda som omgjorde sollyset til energi. Laist hevdar at dyrestudiar berre er ei utviding av menneskestudiar, på grunn av dei mange likskapane mellom menneske og dyr, som at me et, drikk, søv, kommuniserer og beveger oss (2013, s. 11). Han fortsett med å seie at når det kjem til plantestudiar vert dette ei større utfordring fordi planter ikkje deler desse openbare likskapane med oss menneske. Dette poenget trekk òg Michael Marder fram. Han seier at sjølv om me ser at planter er levande vesen, så slit me med å finne likskapar mellom vårt liv og livet til planter. Ein konsekvens av dette er at me ser ned på planter og gjev dei liten verdi (2013, s. 3). Det å undersøkje framstillinga av planter i norske ungdomsromanar kan vere med på å gjere fleire merksame på plantene si viktige rolle i naturen.

### 2.2.1. Kvifor treng me kulturelle plantestudiar?

Det negative verdisynet menneske har på planter kan sporast tilbake til Aristoteles og hans *scala naturae*. Aristoteles og *scala naturae* har hatt stor påverknad på vestleg tankegang. Her plasserte han menneska over dyra, og dyra over plantene. Aristoteles plasserte ikkje berre plantene under menneske og dyr, men i ei hårfin sone mellom det levande og det livlause (Laist, 2013, s. 12). Denne sonen snakkar Michael Marder om i si bok *Plant-Thinking: A Philosophy of Vegetal Life*:

[if] animals have suffered marginalization throughout the history of Western thought, then non-human, non-animal living beings, such as plants have populated the margin of the margin, the zone of absolute obscurity undetectable on the radar of our conceptualities.

(Marder, 2013, s. 2)

Dette hierarkiet vart vidare utvikla i middelalderen der kristne plasserte Gud på toppen (Guanio-Uluru, 2019b, s. 3). Ein finn òg noko liknande om ein ser på ei næringskjede eller ein næringspyramide, plantene er plasser nedst. I ei forlenging av posthumanismen vert det i større grad stilt spørsmål ved det etablerte hierarkiet av artar (Guanio-Uluru, 2019b).

I artikkelen «Lives of the Monster Plant: The Revenge of the Vegetable in the Age of Animal Studies» (2012) presenterer T.S. Miller monsterplanter som noko som utfordrar det eksisterande hierarkiet. Han meiner at dagens tankegang er: Kva kan planter gjere for oss? Han diskuterer om den einaste gongen ein ikkje kan ignorere planter er om ein portretterer dei som monster. Planter som vert portrettert som monster i ei historie er ofte kjøttetarar, har ukontrollert vekst eller enorm reproduksjon. Det er spesielt delen om planter som kjøttetarar som utfordrar den eksisterande næringskjeda. Dersom ei plante kan ete menneske er den ikkje lengre berre eit objekt for menneske.

Monsterplanter dukka for alvor opp i litteraturen etter Charles Darwin sitt arbeid på slutten av 1800-talet. Det var blant anna hans tankar rundt evolusjon som sa at alle dyr eller planter etter kvart kan utvikle sin eigen natur så mykje at dei endrar kva dei et eller korleis dei lev. Dette kan føre til at ulven begynner å livnære seg på gras og bygger reir i tretoppene, medan fiolen utviklar tornar for å fange insekt (Miller, 2012, s. 466). Dette fekk forfattarar til å tenke i dei banar at det ikkje var så stor forskjell på trea som strekk røtene sine etter vatn, kamelen som vandrar i ørkenen på leit etter ein oase og på same måte menneske sitt livsviktige behov for vatn (s. 466). Men det førte ikkje til at tankegangen om eit hierarki vart borte. Monsterplanter er ofte ein hybrid mellom plante og dyr. Denne hybridene vart då kategorisert som eit dyr. Dette for å oppretthalde hierarkiet som plasserer dyr over planter (Miller, 2012, s. 469). Dersom ei plante kan utfordre dyra, bryt heile hierarkiet saman.

Miller meiner at monsterplanter er skapt av frykta for at alt levande stammar frå det same (2012, s. 471). Som blant anna Laist (2013) meiner Miller at det er enkelt for menneske å sjå for seg at me stammer frå apene, men slektskapet mellom menneske og planter er verre å svelge i moderne vestlig kultur. Dette er med på å utfordre måten menneske tenker på planter og korleis ein brukar eller behandlar planter. Her trekker Randy Laist inn at planter har spela ei rolle for utviklinga av menneske sin anatomi der henda og fingrane våre er som greinene til trea (Laist, 2013, s. 10). Det kan verke som at eit mål med kulturelle plantestudie er å fjerne hierarkiet og heller innføre eit heterarki, eit system der elementa ikkje er rangert, eller eit økosystem der alle partar er avhengige av kvarandre.

Adam Trexler har sett ein tendens til at amerikansk klimafiksjon ofte utspelar seg i urbane områder, i staden for å sette handlinga i naturnære områder (Trexler, 2015, s. 76). Dette kan føre til at bøkene går glipp av moglegheita til å rette eit fokus på plantene. Då Guanio-Uluru undersøkte tre klimafiksjonsbøker for ungdom skriven av nordiske forfattarar såg ho at alle desse tre bøkene var satt i landlige og avsidesliggende områder (Guanio-Uluru, 2019b, s. 17). Dei var altså fjerna frå urbane områder. Dette kan tyde på at nordisk klimafiksjon fokuserer meir på dette. Ein stad der planter har spela ei stor rolle er dei formative mytane i nesten alle kulturar. Frå Yggdrasil, verdstreet i norrøn mytologi, til Asvattha, fikentreet der Gautama Buddah fekk si openbaring, til treet med kunnskapen om godt og vondt, til Livets tre i Edens hage (Laist, 2013, s. 10). Det er difor interessant å undersøke framstillinga av planter i to norske fantasybøker, ettersom norsk og nordisk fantasy ofte er basert på norrøn mytologi og folketru.

For å sjå på relevansen av kulturelle plantestudie opp mot skulen kan ein sjå på den nye læreplanen og FN sine berekraftsmål. Av FN sine berekraftsmål kan ein trekke fram delmål 4.7 som seier at ein innan 2030 skal sikre seg at elevar og studentar tileignar seg kompetansen som er naudsynt for å fremme berekraftig utvikling, blant anna ved å verdsette kulturen sitt bidrag til berekraftig utvikling (FN-sambandet, 2021b). Eg vil og trekke fram berekraftsmål nummer 15 som handlar om livet på land. I dette målet står det at ein skal beskytte, rette opp igjen og fremma berekraftig bruk av økosystem, sikre berekraftig skogforvaltning og stanse tap av artsmangfald (FN-sambandet, 2021c). Ser ein på læreplanverket og overordna del er det «1.5 Respekt for naturen og miljøbevisstheit» under «Verdigrunnlag i opplæringa» og «2.5.3 Berekraftig utvikling» under «Tverrfaglege tema» som er dei mest sentrale (Kunnskapsdepartementet, 2017). Det er altså eit stort fokus på berekraftig utvikling internasjonalt og nasjonalt. I 2019 skreiv Nina Goga at det var publisert relativt lite om norskfagets potensiale i arbeidet med kunnskap om og innsats for berekraftig utvikling (Goga, 2019). Det at eg ser på verdisynet i to norske bøker, som kan brukast i undervisning i norskfaget, er difor nyttig, òg i ein undervisningskontekst. Sidney I. Dobrin og Kenneth B. Kidd skriv i boka *Wild Things: Children's culture and ecocriticism* at: «Children are often denied or discouraged from outward-bound forms of nature experience (even from reading about nature)” (2004, s. 2). Dette har samanheng med at folk i den moderande verda bur i byar langt

vekke frå naturen og planter. Det er då forståeleg at ungar har mindre kunnskap om planter, men desto viktigare er det at dei får lese om planter for å gjere dei bevisste.

Vidare i dette kapittelet skal eg fokusere på korleis verdien til planter kan verte framstilt i litteraturen. Her trekk eg fram omgrepet *djupøkologi*. Eg kjem òg til å diskutere sentrale omgrep frå kulturelle plantestudiar, som fenomenet med *å vera planteblind*, og teoretiske perspektiv på korleis planter vert portrettert som anten aktive eller passive element i historier.

### 2.2.2. Å vera planteblind

I arbeidet med denne oppgåva dukka det opp eit interessant omgrep: *plant blindness*. Det kan hende at det er meir presist å kalle det ein tilstand eller ei liding. Dersom ein oversett det til norsk vert det mest presist å omsette det til: *å vera planteblind*. Dette er eit viktig omgrep for oppgåva mi ettersom at det kan vise kvifor planter ofte vert oversett i litterære verk.

Det å vera planteblind vil seie: «Failing to see, take notice of, or focus attention upon the plants in one's everyday life» (Wandersee & Clary, 2006, s. 1). Dette er eit omgrep som vart utvikla av Dr. James H. Wandersee og Dr. Renee M. Clary og er eit forsøk på å rette eit fokus mot planter og å skape ei interesse for planter. Dei var ikkje nøgd med omgrepa som allereie eksisterte. Omgrep som *zoocentrism*, som vil seie å sette dyra i sentrum, *zoochauvinism*, som vil seie å vera ein dyresjåvinist og *plant neglect*, altså å sjå heilt vekk i frå planter. Desse omgrepa såg Wandersee og Clary på som symptom på *plant blindness*. Dei lister opp fleire «symptom» på denne «lidinga», blant anna det å tenke på planter som ein bakgrunn for dyrelivet, oversjå den viktige rolla planter spelar i kvardagen, og å mangle kunnskap om planter si vekst, næring og reproduksjon. I tillegg seier dei at dersom planter ikkje er livsviktige vert dei oversett, og at når det er for mange av ein sort planter så vert det vanskeleg å oppfatte den einskilde planta. Om planten ikkje er spektakulær nok så vert den òg oversett (Wandersee & Clary, 2006). Dette omgrepet viste seg å vera spesielt interessant i analysen av bøkene. I bøkene finn ein døme på livsviktige planter som er omtalt med namn og skildra, medan andre planter ikkje får denne merksemda. Planter som på ein eller anna måte er spektakulære, til dømes i forhold til storleik, får meir merksemd.

Gjennom si forskning trekk Wandersee og Clary fram at meir enn halvparten av verdas befolkning bur i byar og urbane område. Dette gjer planteblindheit til eit aukande problem ettersom færre driv med jordbruk (Wandersee & Clary, 2006, s. 2). Folk flyttar vekk frå plantene.

Wandersee og Clary trekk òg inn omgrepet *plantementor*. Ein plantementor er ein som lærer deg om planter og som viser deg korleis planter fungerer. Dersom ein har ein god plantementor er det mindre sannsynleg at ein vert planteblind. Det hjelper òg å sjå planter i ein kontekst, som døme på ei kjelde til mat (Wandersee & Clary, 2006). Fleire av omgrepa eg skal nytte i denne oppgåva kan koplast opp mot det å vera planteblind. Blant anna om ein ser på planter som ein bakgrunn for dyrelivet, og om ein manglar kunnskap om kor viktige planter er, eller korleis planter veks eller kva dei treng for å leve, så har ein kan hende eit antroposentrisk verdisyn. Med dette er ein kan hende ein del av den grunne økologien som ikkje ser på livsformer som ein del av den store heilskapen men heller som ein nytteverdi for dyr og menneske. Det er viktig å gjera barn merksame på planter i nærmiljøet deira, og på denne måten unngå at dei vert planteblinde.

## 2.3. Verdisyn på planter

I denne oppgåva ynskjer eg å sjå på kva verdisyn bøkene har på planter. Dette ynskjer eg å gjere ved å sjå på protagonistane, men òg på framstillinga av planter i bøkene i sin heilskap. For å gjere dette vel eg å nytte fleire omgrep som er utvikla innanfor økokritikken og kulturelle plantestudiar: omgrepa *nytteverdi* og *eigenverdi* og omgrepa *aktive* og *passive planter* står sentralt, ettersom desse omgrepa kan bidra til å syne kva verdi planter har i bøkene. Eg kjem nærare inn på omgrepa nedanfor.

### 2.3.1. Nytteverdi og eigenverdi

For å forklare omgrepa nytteverdi og eigenverdi har eg støtta meg på filosofien *djupøkologi*, som Arne Næss presenterte i 1973. Næss skil mellom djupøkologien og *den grunne økologien*.

Han ser på den grunne økologien som eit tankesett som setter menneska over naturen, altså eit antroposentrisk verdisyn. Menneska vert sett på som avgjerande i naturen, og alt i naturen får verdi ut i frå om det har verdi for mennesket (Lavik & Pedersen, 2009). Dette kan koplart opp mot omgrepet *nytteverdi*, då nytteverdi er tett knytt opp mot mennesket. Nytteverdi handlar om korleis menneska nyttar planter. Det kan vera som mat, kler, bygningsmateriale, medisin, pynt, symbol og liknande. Det er viktig å ikkje tenke på nytteverdi som eit negativt omgrep. I diskusjonen mellom djupøkologi og den grunne økologien er det tydeleg at Næss meiner at djupøkologien er den rette vegen å gå. Det at eg koplart nytteverdi opp mot den grunne økologien kan difor gi eit inntrykk av at dette er noko negativt. Planter er som tidligare nemnt livsviktig for mennesket og alt liv på jorda. Menneske nyttar planter blant anna som ei kjelde til mat, medan planter kan nytte menneske for å spreie frøa sine. Som nemnt i kapittel 2.2.2 som omhandla planteblandskap kan det vera nyttig å sjå planter i ein kontekst, som blant anna ei kjelde til mat. Nytteverdien planter har for menneske vert noko negativt dersom ein driv eit overforbruk av planter.

Djupøkologi er motsetninga til den grunne økologien, og eg vel å forklare djupøkologien for å komme fram til ein definisjon av eigenverdi. Næss påpeiker at det er vanskeleg å ha ein kortfatta definisjon på kva djupøkologien er, noko som gjer at han ofte opererte med punkter som forklaring. I artikkelen «Den dypøkologiske bevegelse: aktivisme ut fra helhetssyn» henta frå boka *Den uoverstigelige grense* (1991) operer han med åtte punkt. Eg har valt å forklare kort med egne ord korleis eg forstår innhaldet i dei åtte punkta. Næss meiner at alle vesen har eigenverdi. Det vil seie at det biologiske mangfaldet i livsformer har eigenverdi, og at menneska ikkje har rett til å nytte naturen meir enn til å tilfredstille vitale behov. Næss viser til at menneska i dag har eit overforbruk av naturen, og at det hadde vert betre for alle livsformer på jorda om det var færre menneske på jorda enn det er i dag. Det må difor skje ei allsidig endring for å betre situasjonen. Det må verte eit større fokus på livskvalitet, og kvar einskild må bidra for å oppnå dei nødvendige endringane (Næss, 1991, s. 23-24).

Djupøkologien er som tidligare nemnt ein filosofi som har eit heilskapssyn på utfordringar knytt til miljøet. I denne oppgåva er det planter som er mitt fokus og eg undersøker kva verdi plantene har i to fantasyromanar for ungdom. Eg kjem difor til å fokusere på om plantene vert gitt ein eigenverdi, om planter si rikdom og variasjonsbreidd vert verdsatt i bøkene og om

bøkene tematiserer at menneska ikkje har rett til å minske mangfaldet blant planter utanom det å tilfredstille vitale behov.

Ut i frå Næss sine tankar om eigenverdi kan ein definere eigenverdi som noko som gir meining å gjera for si eiga skyld (Næss, 1991, s. 23). Han påpeiker òg at alle levande vesen har eigenverdi og at levande vesen innfattar blant anna menneske, dyr, planter og økosystem (Næss, 1991, s. 35). Det betyr altså at planter har ein verdi, uavhengig om dei er verdifulle for oss menneske, fordi dei har ein verdi i seg sjølve. I motsetning til den grunne økologien som hadde eit antroposentrisk verdisyn, har djupøkologien eit økosentrisk verdisyn. Når ein snakkar om eigenverdi er det likevel viktig å ikkje sjå på ulike livsformer isolert frå resten av verda. Livsformene må sjåast i relasjon til kvarandre. Her kjem eigenverdien til det biologiske mangfaldet inn. Det biologiske mangfaldet vil seie variasjonsbredda og rikdommen i livsformer i eit økosystem. Eit økosystem er alle dei levande organismane som finnast på ein stad og miljøet dei lever i. Dette kan vera ein dam, ein skog eller heile biosfæren, det vil seie heile den delen av Jorda der det finnest liv (Ratikainen & Semb-Johansson, 2020). Livsformene i eit økosystem er avhengige av kvarandre og økosystemet er avhengig av alle livsformene for å fungere. Mennesket er avhengige av planter, og planter er til ein viss grad avhengige av menneske som eit dyr som kan spreie frøa deira.

### 2.3.2. Aktive og passive planter

I dette delkapittelet skal eg forklare kva som ligg i omgrepa *aktive* og *passive* planter. Her bygger eg på teori frå John Charles Ryan. Han har undersøkt planter i J. R. R. Tolkien sitt litterære univers. Her har han nytta omgrepa *extrinsic* og *intrinsic* for å skilje mellom ulike måtar å framstille planter på. *Extrinsic* vil seie at noko utanfrå påverkar planten, medan *intrinsic* vil seie at planten gjer noko aktivt i forhold til sine omgjevnadar (Ryan, 2015, s. 129). Eg vel å omsetje dette til *passive* og *aktive* planter. Ein kan òg sjå på aktive planter som *agentar* i historia, og passive planter som *instrument* i historia. Noko eg kjem nærare inn på i drøftinga av planteversjonen av NatCul-matrisa lenger ned.



Aktive planter er planter som i ei litterær framstilling vert gitt ein form for intelligens. Det er planter som på ein eller annan måte kommuniserer. Det kan vera via verbal- eller kroppsspråk, eller det kan vera gjennom lukt og smak. Planten som i litteraturen oftast vert gitt evna til å kommunisere gjennom verbalspråk er treet. Eit døme her er entane til Tolkiens *Ringenes Herre* og den brennande tornebusken som talte til Moses i Bibelen.

Urteplanter, planter som ikkje er tre eller busker, vert i litteraturen ofte gitt den eigenskapen at dei kan kommunisere gjennom lukt og smak (Ryan, 2015, s. 125). Dette kan koplast opp mot den verkelege verda der planter gjennom evolusjon har utvikla sin utsjånad, lukt og smak med den hensikta å få dyr til å ete dei så dei kan spreie frøa sine, eller verte pollinerte. Eit anna teikn på intelligens hos planter er evna til å hugse og å lære. Her er det forskaren Anthony Trewavas som påpeikar at ingen planter kan overleve om dei ikkje tar til seg informasjonen den får frå naturlege forhold, og husker og lærer av denne informasjonen (Trewavas, 2014, s. 90). Som eit litterært døme trekk Ryan fram Old Man Willow frå *Ringenes Herre*, eit stort piletre, som hugsar den dårlige handsaminga den har fått frå menneske-liknande skapningar tidlegare. Dette gjer at treet er fiendtleg innstilt ovanfor hobbitane (Tolkien, 2001, s. 114).

Det er dei aktive plantene som har moglegheita til å påverke eit narrativ; på denne måten kan ein kalle aktive planter for agentar i ei historie. Ryan påpeiker at ein plante som lagar lyd i form av verbalspråk som snakking, synging og kviskring er eit veldig tydeleg teikn på intelligens, men at dette er ikkje den einaste måten ei plante kan framvise intelligens på. Ryan meiner at planter òg kan kommunisere ved hjelp av lukt. Plantene sender ut eit signal i form av lukt. Denne lukta kan eit dyr, som til dømes eit menneske, fange opp og tolke. Luktesansen er ein sans som er direkte kopla opp mot læking og evna til å bringe fram minner (Ryan, 2015, s. 136). På denne måten kan både lukt og lyd vera med på å gi planter ei stemme i ei forteljing. Eit bevis frå den verkelege verda på at planter kommuniserer seg i mellom blei funne av professor Suzanne Simard. Ho viste at tre kommuniserer ved hjelp av røtene sine og sopptrådar som koplpar saman røtene frå ulike planter, noko som vert kalla *mykorrhiza* (Gabbits, 2020). Dette nettverket har ho kalla *wood-wide web*, eit ordspel på world wide web som koplpar oss menneske saman. Som nemnt tidligare presiserer Næss at ein ikkje skal sjå på naturen som isolerte individ, men på relasjonane mellom ulike livsformer. Dette gjeld òg for

planter. På denne måten er wood-wide web eit argument for at planter har eigenverdi som delar av ulike økosystem.

Passive planter vert forstått som planter som spelar rolla som passive element i eit landskap, i estetiske skildringar, som metaforar eller som materiale i konstruksjonar, eller planter som vert nytta som mat, tekstil eller medisin (Ryan, 2015, s. 129). Passive planter har ikkje ei like stor moglegheit til å aktivt påverke narrativet, men planter er likevel elementære for alt liv i historia (Ryan, 2015, s. 131). Dette fordi dei vert nytta som mat, medisin, byggemateriale, og liknande. Her kan ein trekke parallellar til planter som ein nytteverdi for menneska. Guanio-Uluru presiserer at me i vestlig kultur vurderer planter ut i frå kor nyttige dei er for oss. Det vil seie at me har eit instrumentelt syn på planter (2019b, s. 5). Ei overvekt av passive planter i ei historie kan peike mot eit antroposentrisk livssyn, der planter berre har ein nytteverdi for oss menneske og ikkje ein eigenverdi.

I den første delen av teorien har eg hatt eit fokus på økokritikk, kulturelle plantestudie og korleis planter vert framstilt i litteraturen. I den neste delen skal eg fokusere på sjangeren dei to bøkene eg skal undersøke er skriven i. Dette gjer eg for vise korleis fantasysjangeren spelar ei rolle for korleis planter vert framstilt.

## 2.4. Fantastisk litteratur og fantasy

Det er vanskeleg å definere kva *fantasy* er, utan å snakke litt om *fantastisk litteratur*. Fantasy er ein del av den fantastiske litteraturen. Svein Slettan argumenterer for at det finst tre tradisjonar innan fantastisk litteratur: fantastiske forteljingar, fantasy og fablar (Slettan, 2018). Eg kjem ikkje til å komme innpå kva som kjenneteiknar fantastiske forteljingar eller fablar, då det er fantasy som er relevant for mitt studie.

### 2.4.1. Fantastisk litteratur

Fantastisk litteratur er ikkje ein eigen sjanger, men eit samleomgrep på litteratur som bryt med vår oppfatning av kva som er mogleg eller verkeleg (Teigland, 2014, s. 99). På denne måten kan ein seie at den fantastiske litteraturen vert definert ut i frå den fortalte verdas

forhold til røynda (Dalgaard, 2002, s. 15). Slettan (2018) påpeiker at det kan vera vanskeleg å skilje mellom realistisk litteratur og fantastisk litteratur. All skjønnlitteratur er oppdikta tekst, eit fantasiprodukt. Begge formane er knytt opp mot verkelegheita, då begge er vert skapt av erfaringar og førestillingar som har grunnlag i reelle forhold. Realistiske tekstar kan ha innslag som grensar mot det magiske i form av draumar og fantasiførestillingar, medan fantastiske tekstar kan ha eit realistisk preg der dei overnaturlige innslaga er avgrensa (Slettan, 2018, s. 10). Det to formane bør likevett skiljast, og då gjennom dei ulike lesarkontraktane. I realistisk litteratur forventar lesaren å møte eit livsbilete som liknar på verkelegheita, og som held seg innanfor det moglege og sannsynlege. I den fantastiske litteraturen forventar lesaren å møte eit univers som overskrid realismen og vert overnaturlig, eit umulig univers. Anne-Stefi Teigland (2014) skildrar det slik: «mens den realistiske litteraturen tilstreber å etterlikne virkeligheten slik vi kjenner den, forsøker den fantastiske å iscenesette en ny» (s. 99). Fantastisk litteratur skil seg frå science fiction, der det umoglege som oftast kan forklarast rasjonelt (Slettan, 2018, s. 10).

Det er fleire likskapar mellom eventyr og fantastisk litteratur, blant anna at persongalleriet ofte består av ein helt, ein hjelper, ei prinsesse, ein eller fleire givarar og ein motstandar. Den grunnleggjande forskjellen mellom ein helt i eit eventyr og helten i fantastisk litteratur er at helten i fantastisk litteratur ofte manglar heroiske trekk. Han kan vera redd, og ofte motvillig til å gjennomføre oppgåva. Ein likskap er dei overnaturlige innslaga i fantastisk litteratur som talande dyr og planter, hekser, ånder, nissar, magiske sverd og gjenstandar. Den siste sentrale likskapen mellom eventyr og fantasy er oppbygginga av forteljinga: Helten forlèt heimen, møter hjelper og motstandar, gjennomgår prøvingar og vender heim etter å ha vunne ein form for rikdom (Nikolajeva, 2002, s. 76-77).

John Clute (1999) brukte litt andre omgrep då han beskrev denne reisa. Han delte reisa inn i fire fasar: «noko er gale», «forverring», «forståing» og «lækning og heimkomst». I den første fasen forstår helten at det er noko gale i verda og i den andre fasen vert situasjonen gradvis verre. I den tredje fasen forstår helten kva hen må gjere for å redde verda, og i den fjerde fasen reddar helten verda og vendar heim (Guanio-Uluru, 2018, s. 4). I både eventyr og fantastisk litteratur står kampen mellom det gode og det vonde sentralt. Men korleis skil ein fantastisk litteratur frå mytar og eventyr? Skilnaden her er at overnaturlige trekk er ein

sjølvsagt del av verdsbilete i mytar og folkeeventyr, medan i fantastisk litteratur er det magiske noko som vekker oppsikt, fascinasjon eller skrekk, fordi det er umogleg (Slettan, 2018, s. 10).

Slettan skriv at fantastisk litteratur kan lære barn og unge om viktige livsspørsmål, blant anna etikk, då denne litteraturen er full av dilemma og personlege val som har med verdiar å gjere. Dette har gjort at fleire forskarar knyt fantasylitteraturen opp mot miljøvern og berekraftig utvikling (Slettan, 2018, s. 18). Her kan ein trekke fram omgrepet *økofantasy*. Økofantasy er bøker som «tar opp presserende økologiske spørsmål knytt til balansen mellom ulike livsformer» (Goga, 2018, s. 78). Med bakgrunn i denne teorien synest eg at det er spanande å undersøke korleis planter vert framstilt i dei to fantasybøkene *Odinsbarn* og *Gravbøygen våkner*, og kva verdisyn på planter som kjem fram i bøkene.

#### 2.4.2. Fantasy

Fantastisk litteratur er altså noko som bryt med det realistiske, men for å snevre dette enda meir inn vil eg nytte omgrepet *fantasy* når eg snakkar om *Odinsbarn* og *Gravbøygen våkner*. Det som gjer fantasy til sin eigen sjanger innan fantastisk litteratur er innslaget av den sekundære verda. Hovudhandlinga i teksten føregår som regel innanfor eit eige univers (Teigland, 2014, s. 101). Dette eigne universet, eller dimensjonen, vert kalla sekundærverd. Det vil då seie at den verda me lever i er primærverda, medan den fiktive verda i historia er ein sekundærverden. Forskjellen på ei draumeverd og ei sekundærverd er den at ein draumeverd vert forklart som ein draum – den er altså ikkje verkeleg i teksten si eiga verd slik ei sekundærverd er (Guanio-Uluru, 2018, s. 10). Korleis denne sekundærverda viser seg varierer. Nokon historier utspelar seg eine og aleine i ei eventyrverd, nokon handlar om reiser mellom to verdenar medan nokon bringer magiske element inn i kvardagen (Nikolajeva, 2002). Desse tre ulike relasjonane mellom primærverda, den verkelege verda, og sekundærverda eller eventyrverda, vert kalla for *lukka*, *open* og *underforstått* (Slettan, 2018, s. 14). Døme på ein lukka konstruksjon er J.R.R Tolkien sitt univers frå *Hobbitten* eller *Ringenes Herre*. Her utspelar heile handlinga seg i eit fiktivt univers. Eit døme på ein open relasjon er C.S. Lewis sine bøker om Narnia (1950-56). Her bevegar ungane seg mellom primeverda og

sekundærverda ved hjelp av portalar, blant anna eit klesskap. Den siste relasjonstypen er vanskelegare å forklare. Her er sekundærverda underforstått, den er ikkje til stades i teksten, men ein går ut i frå at overnaturlige innslag i primærverda har eit opphav i ei magisk sekundærverd (Slettan, 2018, s. 14).

Fantasylitteratur hentar inspirasjon frå svært mange førestillingsverdenar og opphavsmymar som blant andre: gamal gresk mytologi, keltisk og irsk mytologi, germansk mytologi, kristne forteljingar, norrøn mytologi og folktro (Guanio-Uluru, 2018, s. 4). I denne oppgåva er det dei to siste som er relevante. Det har gjort at denne typen litteratur av og til vert kalla *mytisk-eventyrleg litteratur*. Forfattarar hentar inspirasjon til sekundærverda frå religion og mytar, og brukar motiv og forteljargrep frå eventyr og folketru (Teigland, 2014, s. 101). I tillegg til dette har mange forfattarar latt seg inspirere av eit middelaldersamfunn når dei skal skape sekundærverda. Dette kan sjåast på som eit ønske om å distansere den sekundære verda frå vår eiga (Guanio-Uluru, 2018, s. 9). Ved å skape ei verd som liknar på den verda som var i middelalderen så fjernar ein seg frå det moderne og urbane i dagens samfunn. Sjølv om fantasylitteraturen prøver å skape ei ny verkelegheit kan det at dei drar med seg lesaren inn i eit samfunn som ligg nærare naturen vera ein fin arena for å diskutere planter. Mine tankar rundt dette er at ein i eit middelaldrandesamfunn var meir avhengige av planter, og på denne måten meir bevisst på planter sin verdi. Som nemnt spela planter og ei viktig rolle i ulike mytologiar.

Vilde Haga Sollund definerer i si masteroppgåve nordisk fantasy slik: «Romaner skrevet av nordiske forfattere som forholder seg til den nordiske kulturarven og fortellertradisjonen» (Sollund, 2016, s. 4). Både *Gravbøyygen våkner* og *Odinsbarn* kan forståast som nordisk fantasy ut frå denne definisjonen. Sollund forklarar at nordisk kulturarv i hovudsak er basert på norrøn mytologi og forteljingar frå norsk folketru (Sollund, 2016, s. 7), område som begge er relevante for mi oppgåve. I det neste kapittelet vil eg forklare meir om norrøn mytologi og norsk folketru, men med eit fokus på planter.

### 2.4.3. Planter i norrøn mytologi og norsk folketru

I dette underkapittelet tar eg for meg planter i norrøn mytologi og norsk folketru. Eg tar opp planter med tanke på skapingsmyta i norrøn mytologi og omtalar verdstreet Yggdrasil før eg går vidare til å sjå på naturnære vesen frå norsk folketru. Som nemnt tidligare spelar planter ei sentral rolle i skapingsmytane i fleire førkristne mytologiar. Utviklinga av mytologiane og mange førestillingar innan norsk folketru er påverka av vêr og naturforhold. Årstidene la føringar med lyse, varme sommarnetter og kalde, mørke vinterdagar (Sivertsen & Suphammer, 2000, s. 17). Den norske folketrua er tett knytt opp mot det norske landskapet.

Norrøn mytologi er ulike mytar som skulle forklare verda i norrøn religion (Næss, 2020). Mytane handla om norrøne gudar, korleis verda vart skapt, korleis den var ordna og korleis den skulle gå under. Desse mytane oppstod i ei tid der ein ikkje hadde eit allment skriftspråk, og dei vart difor munnleg vidareført. Dei skriftlege kjeldene me har er frå Islandsk litteratur frå 1100- og 1200-talet, Snorre Sturlasson si lærebok i skaldskap, Edda, og Den eldre Edda (Næss, 2020). I tillegg til dei skriftlege kjeldene har ein gjort arkeologiske funn og forskjellige stadnamn kan gi eit inntrykk av korleis dei såg på ulike stader. Det som gjer norrøn mytologi interessant for mitt studie er koplinga mellom fantasy og mytologi, men og spesielt rolla planter spelar i dei formative mytane i norrøn mytologi og andre mytologiar (Laist, 2013, s. 10).

Historia om skapinga av verda har eg henta frå boka *For noen troll: vesener og uvesener i folketruen* (2000). Her har Birger Sivertsen tatt utgangspunkt i skriftlege kjelder frå norrøn tid. I følge norrøn mytologi vart jorda og livet skapt ut av møtet mellom eld og is i Ginnungagap. I skapingsdiktet *Voluspå* står det: «jorda fantes ikke, og opphimmel, bare Ginnungagap og gras ingen steder». Her vert gras nytta for å skildre at det ikkje fantes noko liv. Dette kan tyde på at planter stod sentralt i norrøn mytologi, ettersom graset var eit teikn på liv. Vidare vert det fortalt at det første livet som kom ut av Ginnungagap var jotunen, Yme. Derneft oppstod Bure, stamfaren til gudane. Han fekk sonen Bor, som igjen fekk tre søner. Desse heitte Odin, Ve og Vilje og dei var dei aller første æsene, gudane. Saman drap desse brørne jotunen Yme, og av kroppen hans skapte dei jorda, himmelen og havet. Av blodet laga dei havet, innsjøane og

elvene. Hjerneskillen vart til himmelkvelvinga, og hjernen til skyene. Beina og tenna vart til fjell og steinar, medan håret vart til gras og tre (Sivertsen & Suphammer, 2000, s. 11). Dei hadde no skapt liv på jorda, no var det gras på jorda. Dei to første menneska vart skapt av to tre som Odin og brørne fant på stranda. Dette var ein mann og ei kvinne og dei fekk namna Ask og Embla (s. 11). Etter å ha laga liv på jorda i form av tre og gras skapte gudane menneska av nettopp planter. Planter vart skapt før menneska, på same måte som i kristendommen der Gud skapte plantene på den tredje dagen og menneska på den sjette.

*Yggdrasil*, verdstreet, er òg eit sentralt element i norrøn mytologi. Yggdrasil er ei eviggrøn ask, som vert sett på som norrøn mytologi sin største heilagdom (Munch & Haavardsholm, 1996, s. 63). Her kan ein merke seg at Yggdrasil er ei ask og den første mannen på jorda fekk namnet Ask. Yggdrasil brer sine greiner utover heile verda og har tre røter som alle går til tre brønnar. Den eine går til Niflheim, her er det ein frykteleg orm, Nidhogg, som gneg på rota og truar med å øydelegge det. Den andre går til rimtussane, her finn ein jotunen Mime og hans brønn. Den siste rota går til æsene sitt land. Her finn ein Urdebrønnen og nornene Urd, Verdande og Skuld. Nornene bestemmer skjebnen til menneske og gudane. Det er alltid ein norne til stades når eit barn vert født. Frå Urdebrønnen heller nornene friskt vatn på Yggdrasil kvar dag og det er her æsene held sitt høgtidlege ting (Hveberg, 1944, s. 13). Dette kan seie litt om korleis menneske såg på tre på denne tida. Dei trudde at gudane hadde sitt høgtidlege ting ved foten av eit tre, noko som kan tyde på at dei såg på treet med respekt. På greinene til Yggdrasil lever det fleire dyr. På toppen sit ei klok ørn og ein hauk, fire hjortar beitar på lauva, og på stamma spring eit lite ekorn, Ratatosk, som utan stans fer opp og ned mellom ørna og Nidhogg og delar ukvemsord. På denne måten lir Yggdrasil meir vondt enn nokon kan ane (Hveberg, 1944, s. 13). Det som held treet friskt er vatnet frå Urdebrønnen.

Mytane om Yggdrasil er ein del av grunnlaget til norsk folketru. Folketru er i følge Store Norske Leksikon magiske og mytiske førestillingar og slutningar som ikkje fell saman med førestillingane til aksepterte religiøse samfunn, eller som fell utanfor vitskapelege erfaringar (Alver, 2019). Ei god kjelde til folketrua er ulike forteljingar som mytar, legender og segn. Den norske folketrua er mykje basert på og kan seiast å vera ei vidareføring av norrøn mytologi. I denne oppgåva skal eg ikkje diskutere kva norsk folketru er, eller greie ytterligare ut om det, men presentere ulike vesen frå norsk folketru som er tett knytt opp mot planter. Dette fordi

desse skapningane dukkar opp spesielt i *Gravbøyggen våkner*, men òg til dels i *Odinsbarn*. Teorien er nok ein gong hovudsakleg henta frå Birger Sivertsen si bok *For noen troll: Vesener og uvesener i folketroen* (2000).

Sivertsen trekk fram innsamlinga av segn og eventyr som vart gjort på 1800-tallet og starten av 1900-talet som viktige. Mest kjent frå denne tida er nok eventyrsamlingane til Asbjørnsen og Moe. Sivertsen viser og til Theodor Kittelsen, som illustrerte mange av eventyra frå denne tida. Hans illustrasjonar har lagt føringar for korleis ein ser på desse vesena den dag i dag. Det som gjer Theodor Kittelsen interessant for dette studiet er det at han hadde eit stort fokus på natur og planter i illustrasjonane sine.

Dei første vesena eg vil presentere er tussefolket. Desse vart ofte kalla dei underjordiske. Ordet kjem frå det norrøne ordet «thrus» som var eit anna ord for jotnane, noko som gjer at dei vart samanlikna med desse (Sivertsen & Suphammer, 2000, s. 72). I norrøn mytologi vart òg lys-alvane og svart-alvane nemnt som ein del av dei underjordiske, og med dette som ein del av tussefolket (s. 75). Lys-alvane levde i ein av Yggdrasil sine verdenar, medan svart-alvane budde under jorda. Tussefolket er òg nytta som eit samleomgrep, noko som gjorde at dei tradisjonelle norske trolla òg vart sett på som ein del av tussefolket (s. 19). Tussefolket vart i nokon stader av landet kalla for huldrefolket (s. 72). I følge norrøn mytologi vart det òg sagt at det levde vonde delar av tussefolket i ugraset i åkrane. Dette har gjort at ulike urter har fått namn som startar med troll- og tuss- (s. 75).

Tussefolket har altså mange forskjellige forklaringar og opphav. Men i norsk folketru var *tussane* det vanlegaste namnet på det usynlege folket som levde i naturen. Tussefolk har etter norsk folketru sørge for økologisk balanse og eit harmonisk forhold mellom menneske og natur. Sivertsen kallar dette for ei tidlig form for natur- og miljøvern (s. 72). Folk såg på tussane som ein del av naturen. Dei ville dyra var under deira forvaltning og vekstane var deira rike. Folk kunne jakte på dei ville dyra og hogge i skogen, men med måte og berre til eige bruk. Dersom dei overskreid grensene, kunne tussefolket kome å hemne seg (s. 72-73). Dette kan koplast opp mot djupøkologiske tankar knytt til bruken av naturen. Sivertsen trekk fram at trua på tussefolket truleg bidrog til at menneske var forsiktig med å gjere noko gale, som å nytte skogen på ei overdriven måte (s. 73).



Eit anna vesen som kan koplast opp mot planter, og spesielt skogen, er *Huldra*. Huldra er ein populær skikkelse som ofte opptrer i litteraturen. Me finn ho blant anna i Ibsen sitt stykke *Peer Gynt* der ho vert kalla «Den grønklædte». Huldra var i følge folketrua kledd i grønt for å gli inn med skogen slik at ho kunne halde seg skjult. I skildringar av huldra vert ho omtalt som blendande, tiltrekkande og sensuell (Sivertsen & Suphammer, 2000, s. 160). Huldra var vakker på framsida, men dersom ho snudde seg rundt kunne du sjå den karakteristiske halen. I nokon skildringar vert ryggen hennas skildra som hol, som ein roten trestubbe (s. 162). Dette kan tyde på at folk såg på huldra som nærast eit tre. Ein kan og trekke fram tankane til Miller om plantehybridar som utfordrar hierarkiet når ein snakkar om huldra (Miller, 2012, s. 469). Huldra vart sett på som ei vakker kvinne, eit dyr og ei plante. Ho er altså tett knytt opp mot naturen, og som ein del av dei underjordiske var det viktig å behandle ho på ein god måte. Ho hadde makt over naturen, og i ei tid der ein var heilt avhengig av naturen, vart huldra ein mektig skikkelse (Sivertsen & Suphammer, 2000, s. 184).


Det siste vesenet som er viktig i denne oppgåva er nøkken. Nøkken dukkar opp i boka *Gravbøyggen våkner*. I *Gravbøyggen våkner* vert det gitt ei skildring av ein skapning som kan minne om Theodor Kittelsen sin illustrasjon av nøkken frå 1904. I Kittelsens bilete visast: ein mystisk skapning som stikk hovudet opp av vatnet med to lysande auge. «Håret» til nøkken ser ut som røter eller rotne kvistar. I forgrunnen ser ein lyng, i vatnet flyt det vassliljer og i vatnet kan ein sjå skogen spegle seg.

Kittelsen har illustrert mange segner frå norsk folketru. Han var veldig inspirert av naturen og tok utgangspunkt i den realistiske naturen og tilførte innslag frå ulike folkesegn (Kalleklev, 2019). Dette gjorde at folk kunne kjenne seg att i bileta hans. Illustrasjonane til Kittelsen har påverka korleis folk såg på dei mytiske vesena (Sivertsen & Suphammer, 2000, s. 15). Nøkken hadde kan hende ikkje den same rolla med å verne om naturen som tussefolket hadde, men den var ein av fleire vesen som var med å skape frykt og respekt for naturen. Menneske som drukna blei blant anna sagt å vera tatt av nøkken (Sivertsen & Suphammer, 2000, s. 291). Nøkken viser òg korleis menneske såg på ulike former i naturen, som ei torvtust ute i vatnet som likna på hovudet til eit vesen. Her var det ikkje skarpe skilje mellom menneske, planter, dyr og mytiske skapningar.

Som eit verktøy for å diskutere verdispørsmålet i oppgåva, vil eg og nytta ein analytisk figur, NatCul-matrisa, men innlemma eit planteperspektiv i matrisa. Eg presenterer difor her både NatCul-matrisa, og ein planteversjon av matrisa, ei phyto-matrise. Desse matrisene sett mykje av den teorien eg allereie har presentert i et oversiktleg system.

## 2.5. NatCul-matrisa

I dette underkapittelet gir eg ein kort introduksjon av NatCul-matrisa, henta frå boka *Ecocritical Perspectives on Children's Texts and Cultures: Nordic Dialouges* (2018). NatCul-matrisa er eit konseptuelt verktøy som legg til rette for analyse og samanlikning på tvers av forskingsfelt og landegrenser av ulike typar tekstar, som omfattar barne- og ungdomslitteratur (sjå figur 1). Matrisa er utvikla av forskargruppa «Nature in Children's Literature and Culture» ved Høgskulen på Vestlandet. Forskingsgruppa vart oppretta fordi dei meinte at det var ei manglande dekning av forskning på nordiske tekstar frå eit økokritisk perspektiv. Hovudoppgåva til forskingsgruppa var å få ei oversikt over og analysere representasjonen av natur i barne- og ungdomslitteratur frå eit nordisk perspektiv. I tillegg ville gruppa undersøke korleis tankesett om natur vert representert og å sjå på korleis møtet mellom unge og litteratur formar deira miljømedvit (Goga et al., 2018, s. 5).



Figur 1 Natcul-matrisa

NatCul-matrisa er forma som eit koordinatsystem beståande av tre dimensjonar der den vertikale aksen går frå å feire naturen til å problematisere naturen. Den horisontale aksen går frå ein antroposentrisk horisont til ein økosentrisk horisont (Goga et al., 2018, s. 12). På den vertikale aksen er feiringa av naturen henta frå ideen om «det reine barnet» eller «barn av naturen», som er basert på Jean Jacques Rousseau sitt pedagogiske syn slik det kjem til uttrykk i boka *Emile – eller om oppdragelse* (1762). Dette er ein tanke om ei oppfostring som ikkje legg for mykje band på barnet. Ein skal verne om den naturlege barndommen og la barnet få bevege seg så fritt som mogleg. Jonas Bakken (2018) nemnar at litterære naturskildringar, spesielt frå den romantiske epoken, skulle bringe lesaren i nærare kontakt med naturen. Dette skulle få dei til å verdesette den høgare og dermed ville bevare den (s. 232).

Polen «problematisering av naturen» i NatCul-matrisa er basert på at gruppa såg eit voksande engasjementet for økokritikk i barne- og ungdomslitterære tekstar, som synt seg i form av at tekstane tok eit kritisk og problematiserande syn på forholdet mellom mennesket og naturen. Dette nemner Bakken som fiksjonslitteraturen sin moglegheit til å skildre dei ytste konsekvensane av vår nåverande levemåte på ein iaugefallande måte (Bakken, 2018, s. 232). Dette er typiske dystopiske forteljingar.

Den horisontale aksen viser dei to motpolane antroposentrisme og økosentrisme. Antroposentrisme vert av Garrard (2012, s. 208) definert som eit tankesett der ein har eit menneskesentrert forståing av verda, altså der ein sett menneske over andre organismar. Røskeland (2018, s. 28) forstår økosentrisme som ein posisjon der den dualistiske splittinga av menneska og natur er tenkt fjerna og der alle artar er sett på som likeverdige. Bakken trekk fram fantastisk litteratur som eit godt verktøy for å ha eit økosentrisk perspektiv, ettersom slik litteratur presenterer alternative verdar og at den har moglegheita til å legge synsvinkelen til andre vesen enn menneske, som dyr, planter og fantasifigurar (Bakken, 2018, s. 233). Det er difor interessant å sjå om *Gravbøyyen våkner* og *Odinsbarn* nyttar seg av denne moglegheita.


Den siste dimensjonen i matrisa vert kalla *techne* og denne omgir dei to aksane. Omgrepet er tatt frå retorikken og er her forstått som kunsten å forme og å produsere, altså spelar det på

ideen om at alle representasjonar av natur i barne- og ungdomslitteratur er kulturelt forma (Goga et al., 2018, s. 13). Dette for å understreke at naturen i dag er underlagt kulturell og menneskeleg påverknad.

Matrisa vert sett på som eit organisk verktøy som har utvikla seg over tid i møte med ulike tekstar. Nedanfor kan ein sjå eit døme på korleis Guanio-Uluru (2021a) har vidareutvikla matrisa for å nytte den i ein plantestudie.

### 2.5.1. NatCul-matrisa i eit planteperspektiv

I planteversjoen av NatCul- matrisa (sjå figur 2) har Guanio-Uluru satt inn omgrepa *nytteverdi*, *eigenverdi*, *instrument* og *agentar*. Sjølve matrisa er henta frå bloggen NaChiLitCul, men korleis Guanio-Uluru har kome fram til den vert vist i eit kapittel i boka *På tværs af Norden: Økokritiske strømninger i nordisk børne- og ungdomslitteratur* (Goga et al., 2021). Det er inga detaljert forklaring av matrisa i denne boka, så forklaringa under vert mine tolkingar, som eg har diskutert med Guanio-Uluru.




Figur 2 Planteversjoen av NatCul-matrisa (henta frå: Guanio-Uluru, 2021b)

Guanio-Uluru har plassert planter i senter av matrisa og nyttar diagonale piler for å plassere dei fire omgrepa. Med dette har ho plassert nytteverdi mellom feiring av naturen og den antroposentriske horisonten. Som eg diskuterte i 2.3.1 vil det seie at planter vert sett på som at dei har ein nytteverdi for menneske. Det at nytteverdi vert plassert opp mot feiring av naturen kan ha noko med nærleiken mellom naturen og barnet, dersom ein ser på nytteverdien til planter, kan ein leve av og med naturen. Dette er med på å vise at nytteverdi ikkje bare er eit negativt omgrep. Nytteverdi er plassert i sonen mellom naturfeiring og antroposentrisme. Den antroposentriske horisonten viser at overforbruk av planter sett menneska sine behov over plantene sine interesser. Slik bruk av planter blir antroposentrisk.

I motsett ende av denne aksa finn me eigenverdi. Den er plassert mellom den økosentriske horisonten og den naturproblematiserande horisonten. Dette kan bety at dersom ein anerkjenner at planter har ein eigenverdi så plasserer ein ikkje mennesket over planter i eit hierarki, men behandlar dei på lik linje. Ein anerkjenner at planter ikkje først og fremst er der for menneska si skyld, men er ein del av eit større økosystem. Det at eigenverdi er plassert ned mot problematiserande natur viser at planter som vert gitt ein eigenverdi er med på å utfordre det antroposentriske synet mennesket har på naturen i dag.

Omgrepet agentar har Guanio-Uluru plassert mellom feiring av naturen og den økosentriske horisonten. Planter som opptre som agentar i ei historie er planter som har ei aktiv rolle. Dei er plassert opp mot feiring av naturen fordi dei lever med naturen, dei er ein del av den aktive naturen. Planter med ein agens tyder på eit økosentrisk verdisyn ettersom det viser at planter har egne behov og interesser uavhengige av mennesket. I motsett ende av denne aksen ligg omgrepet instrument. Når ei plante opptre som instrument i ein fiksjon har dei ei passiv rolle i historia. Dette omgrepet vert plassert mot den antroposentriske horisonten fordi planter vert sett på som eit instrument for nettopp menneska, noko menneska kan nytte. Det at dei vert plassert ned mot problematiserande natur kan skuldast at ei overvekt av planter som instrument kan vera ein kritikk mot menneske sin overforbruk av naturen. Denne plantebaserte matrisa skal eg nytte for å drøfte kva for verdisyn som finst i bøkene, men eg har bytt ut omgrepa «agentar» og «instrument» med omgrepa «aktive» og «passive» planter. Min versjon av plantematriza vert då sjåande slik ut:



Figur 3 Min versjon av plantematrissa

Som nemnt er det ingen forklaring av Guanio-Uluru si matrise i *På tværs af Norden: Økokritiske strømninger i nordisk børne- og ungdomslitteratur* (Goga et al., 2021). Det er hovudsakleg mi tolking av matrissa. Difor er forklaringa av mi matrise omtrent som forklaringa av Guanio-Uluru si matrise. Forskjellen på dei to er at eg har bytt ut omgrepa «agentar» og «instrument» med «aktive planter» og «passive planter». Grunnen til dette er at eg har valt å knyte meg tettare til Ryan si drøfting av aktive og passive planter. Dette var omgrep eg hadde jobba med før eg vart presentert for matrissa til Guanio-Uluru. Eg meiner at omgrepet aktive planter forklarar godt at det er planter som kan påverke narrativet eller som vert gitt ein form for intelligens. Det kan vere planter som kan kommunisere ved hjelp av verbale eigenskapar eller naturlege eigenskapar som lukt og utsjånad. Korleis eg skal nytte plantematrissa kjem eg nærare inn på i metodedelen av oppgåva.

Fordi det er sentralt for problemstillinga mi å vise korleis planter vert framstilt i bøkene, seier eg meir om forteljarmåte og synsvinkel i neste underkapittel. Dette ser eg òg som relevant fordi blant andre Bakken trekk fram den fantastiske litteraturen sine moglegheiter til å legge synsvinkelen hos andre enn menneske, som blant anna planter (2018, s. 233). Ei slik plassering av synsvinkelen hos andre enn menneskelege aktørar kan undergrave eit antroposentrisk verdisyn i forteljinga.

## 2.6. Forteljarteknikk: Forteljar og synsvinkel

I dette kapittelet vil eg seie litt om ulike forteljarmåtar og synsvinkel. Dette fordi det er nyttig når eg skal analysere korleis planter vert framstilt i bøkene. Her nyttar eg teori frå Rolf Gaasland si bok *Fortellerens hemmeligheter: innføring i litterær analyse* (1999) og Jakob Lothe si bok *Fiksjon og film: narrativ teori og analyse* (1994).

Forteljarstemma vert vanlegast skilt mellom *førstepersonsforteljar* og *tredjepersonsforteljar*. Førstepersonsforteljaren viser seg i teksten som eit «eg», medan tredjepersonsforteljaren står fram som ei anonym stemme (Gaasland, 1999, s. 24). I ei første-personsforteljing er det ikkje uvanleg at forteljarsituasjonen vert via merksemd, der forteljaren kan seie litt om sine intensjonar med å fortelje historia. I ei tredjepersonsforteljing er det ein aural forteljar, der forteljaren er utanfor eller «over» forteljinga (Lothe, 1994, s. 32). Dette gjer at forteljaren får ein reinare formidlingsfunksjon. I ei tredjepersonsforteljing er det lett å tenke at det er forfattaren som fortel historia. Her påpeikar både Gaasland og Lothe at det er viktig å skilje forfattaren frå forteljaren. Sjølv om forfattaren sine meiningar og synspunkt kan komme til syne i forteljinga (Gaasland, 1999, s. 25 & Lothe, 1999, s. 33), så er ikkje dette noko ein kan trekke slutningar rundt i ei litterær analyse der ein fokuserer på teksten.

Synsvinkel er ein del av fokuseringa i teksten. Gaasland (1999) delar fokusering opp i to forhold: kven me ser *med* (synsvinkelinstansen) og kven eller kva me ser *på* (fokalobjektet) (s. 28). Dette er sentralt for mi oppgåve ettersom eg blant anna skal undersøke korleis protagonisten ser på planter. Gaasland påpeikar òg at *synsvinkel* er noko misvisande ettersom at det omfattar alle sansane våre, ikkje berre synet. Det er viktig å skilje *synsvinkel* og *forteljar*, ettersom at det ikkje alltid er den som snakkar som sansar (s. 29). *Synsvinkel* kan delast inn i to posisjonar: *intern synsvinkel* og *ekstern synsvinkel*. I ein intern *synsvinkel* er sanseapparatet forankra i ein eller fleire av aktørane i historia. I ein ekstern *synsvinkel* er sanseapparatet forankra i den eksterne forteljaren. I dette tilfellet får me inntrykk av å sanse fiksjonsuniverset frå ein posisjon utanfrå. Dette gjer at me nokon gongar får panoramautsikt over situasjonen og nokon gongar fokuserer på detaljane. Ei veksling mellom intern og ekstern *synsvinkel* er vanleg i tredjepersonsforteljingar (Gaasland, 1999, s. 29).

For å vinkle dette meir mot mi oppgåve og få eit fokus på planter har eg støtta meg på teori frå Maude Hines (2004) og Zoe Jaques (2015). Maude Hines trekker fram viktigheita av å gje planter ei stemme. Dette gir planter moglegheita til å seie i frå eller for å fortelja sin eigen versjon av ei historie. Hines seier at ein då kan bevege seg frå å vere eit objekt til å bli eit subjekt: «moving from silence into speech is for the oppressed, the colonized, the exploited,(...) a gesture of defiance that heals, that makes new life and new growth possible» (Hines, 2004, s. 17). På denne måten vil planter som vert gitt ei stemme bevege seg frå objekt, passiv, til subjekt, aktiv.

Zoe Jaques (2015) argumenterer for at det å gjere planter til subjekt legger opp til ei haldning der menneske tenker at dei må ta vare på plantene. Jaques meiner at dette opprettheld hierarkiet som sett menneske over planter. Då vert språket, som menneske gir planter slik at me kan forstå dei, sett på som det som måler plantene sin verdi (Jaques, 2015, s. 115). Både Hines og Jaques påpeikar at planter i litterære verk som vert gitt evna til å snakke får denne evna for at me skal få ein viss sympati for dei. Hines meiner òg at nokon planter er stille for at me skal få sympati for dei. Tanken er då at me skulle ønske at plantene kunne snakke slik at me forstod dei (Hines, 2004, s. 23). Ser ein dette i lys av Ryan sine refleksjonar rundt aktive planter kan eg trekke fram kommunikasjonen planter gjer ved hjelp av utsjånad, lukt og smak (Ryan, 2015, s. 125). Denne kommunikasjonen går føre seg på plantene sine premiss, og litterære verk som nyttar seg av dette kan difor seiast å gi ein form for eigenverdi til plantene. Plantene vert ikkje gitt ei stemme for at menneske skal synest synd på dei, men heller for å gagne seg sjølv.



## 3. Metode

I dette delkapittelet skal eg gå gjennom metoden eg skal nytte i mitt studie av bøkene *Gravbøyggen våkner* og *Odinsbarn*. Metoden eg nyttar er skjønnlitterær analyse der eg kjem til å ha ei *tekstintern tilnærming*. Som eit verktøy for å tolke teksten kjem eg til å nytte planteversjon av NatCul-matrisa, som er utforma med tanke på analyse av planter i kulturelle og litterære framstillingar (Guanio-Uluru, 2021a).

### 3.1. Skjønnlitterær analyse

Skjønnlitterær analyse er ikkje ein bestemt metode, men ein metode som tilpassast tekst, innfallsvinkel og teori. Det alle litterære analysar har til felles er at tekstane vert lesne med merksemd. Å lese ein tekst med merksemd vert kalla *nærlesing* (Kallestad & Røskeland, 2020, s. 48). For å gjennomføre ei nærlesing er det viktig å velje noko å fokusere på. Kva ein skal fokusere på avhenger av kva ein ynskjer å finne ut av. I min analyse av bøkene har eg valt å ha ei *tekstintern tilnærming*. Dette vil seie at eg ikkje kjem til å diskutere forfattarane av bøkene eller ha eit stort fokus på kva tid dei er utgiven. Ei *tekstintern tilnærming* vil seie å fokusere på den skjønnlitterære teksten, og ikkje alt det som ligg rundt den. Med denne tilnærminga undersøker ein blant anna språk, sjanger, plott, motiv eller tema (Kallestad & Røskeland, 2020, s. 45). Grunngevinga for å nytte ei *tekstintern tilnærming* ligg i at eg ynskjer å undersøke ulike utdrag frå tekstane. Val av utdrag er til ein viss grad subjektive, då det er eg som forskar som plukkar dei ut. Utdraga skal få fram kva forhold protagonistane har til planter, om plantene er aktive eller passive, om plantene vert gitt ein form for eigenverdi og om fantasysjangeren spelar ei rolle for korleis planter vert framstilt. Motivet for analysen er planter, medan temaet er verdisyn på planter. Ein kan difor kalle denne typen analyse for ei motivanalyse.

Å analysere vil seie å plukke frå kvarandre ein heilheit, i dette tilfellet ein tekst, for å studere enkelt delane. Denne undersøkinga skal bidra til å forstå heilskapen i teksten betre (Kallestad & Røskeland, 2020, s. 47). Utvalte sitat og utdrag frå teksten vert kommentert undervegs i analysen, for å grunnkje påstandar om teksten. Analysen vert gjennomført ved å finne utdrag frå teksten, kommentere desse, for så å tolke dei. Sjølve det analytiske arbeidet handlar om å

forklare og å forstå (Kallestad & Røskeland, 2020, s. 48). Ei tolking vil alltid vera subjektiv, det er difor viktig å kunne grunngjeve den med relevant teori.

Eg vil òg presisere at den litterære analysen eg gjennomfører berre fokuserer på planter. Eg vil altså foreta ei *tematisk analyse*. Dette gjer den på ein måte presis, men den utelet òg mykje. Den litterære analysen vert drøfta gjennom ei valt tilnærming og i lys av relevant teori (Kallestad & Røskeland, 2020, s. 49). Teorien spelar med andre ord ei stor rolle i den litterære analysen. Teorien vert valt ut i frå materiale, innfallsvinkel og problemstilling. Materialet i dette studiet er to norske fantasyromanar. Eg har difor presentert sjangeren fantasy i teoridelen, der eg har hatt eit ekstra fokus på koplinga opp mot mytologi. Innfallsvinkelen til analysen er fokuset på planter, og her var teori om kulturelle plantestudiar relevant. Grunnlaget for analysen ligg i problemstillinga som eg skal svare på ved hjelp av forskingsspørsmåla. Delar av forskingsspørsmåla vert svart på i analysen, men sjølve problemstillinga vert svart på i ein drøftingsdel der eg nyttar funn frå analysen og drøftar desse opp mot ein omarbeidd planteversjonen av NatCul-matrisa.

### 3.1.1. Gjennomføring av analysen

Analysen av *Gravbøyggen våkner* og *Odinsbarn* vert gjort separat, det vil seie at eg går gjennom bøkene kvar for seg. Eg delar analysen opp i fire delar. Det første eg ser på er protagonistane sitt forhold til planter. Her er nokon av utdraga tatt med for å skildre karakteren, men hovudfokuset ligg på korleis karakteren snakkar eller tenker på planter, eller korleis planter vert skildra rundt denne karakteren.

Det andre eg ser på er i kva grad plantene vert framstilt som aktive deltakarar i historia og i kva grad dei vert framstilt som passive element i bakgrunnen. Her ser eg om plantene vert gitt ein form for agens i form av aktiv rørsle, ei evne til å kommunisere, vert gitt ei form for intelligens, eller om dei i størst grad opptre som instrument for menneska. Det tredje eg ser på handlar om verdisynet som vert framstilt i bøkene. Her ser eg på om plantene vert gitt nokon form for eigenverdi, der det vert anerkjent at dei har verdi for seg sjølve, eller der verdien dei har for kvarandre og verda vert vist. Eg ser òg på nytteverdien plantene har for

menneska eller andre vesen i historia. Det siste eg ser på er korleis norrøn mytologi og norsk folketro kjem fram i bøkene, og om dette har noko å seie for framstillinga av planter.

## 3.2. Korleis nytte ein plantesentrert versjon av NatCul-matrisa som metode

Her skal eg forklare korleis eg skal nytte min plantesentrerte versjon av NatCul-matrisa (sjå figur 3) som metode for å diskutere verdisynet i bøkene. Måten eg ynskjer å nytte matrisa er ved å først analysere tekstane ved å sjå på utvalte utdrag frå boka. Her kjem eg til å sjå på protagonisten sitt forhold til planter, om planter vert gitt ein form for eigenverdi, om planter opptre som aktive eller passive i historia, og om mytologi eller fantasysjangertrekk spelar ei rolle for korleis planter vert framstilt. Alt dette vert samanfatta i analysedelen av oppgåva. Eg kjem ikkje til å diskutere alle utdraga opp mot matrisa. I analysen av bøkene ser eg på enkeltdejar for å forstå heilskapen. Ved hjelp av denne matrisa håpar eg å kunne drøfte heilskapen. Som tidligare nemnt er dette eit organisk verktøy og det er ikkje meininga at ein skal kunne plassere ei bok i matrisa som i eit koordinatsystem, men eg ser på det som eit godt verktøy for å kunne diskutere tematikken i bøkene.

I kapittel 2.5.1 diskuterte eg plasseringa av omgrepa «nytteverdi», «eigenverdi», «aktive planter» og «passive planter» i NatCul-matrisa. I analysen av bøkene vil desse omgrepa verte nemnt fleire gongar, og ved hjelp av matrisa kan eg sjå om det er ei overvekt av eitt av desse omgrepa. Det kan hende at det viser seg at bøkene viser planter på fleire måtar. Eg ser det òg som ein moglegheit at funna frå analysen er med på å utfordre plasseringa av omgrepa i matrisen.

## 4. Analyse

I dette kapitlet skal eg gjennomføre ein litterær analyse av bøkene *Gravbøygen våkner* og *Odinsbarn*. Analysen vert gjort i lys av problemstillinga og forskingsspørsmåla eg har utvikla. Rekkefølga i analysen følger òg forskingsspørsmåla. Eg ser difor først på protagonistanes forhold til planter. Vidare rettar eg fokuset mot plantane og ser på om dei vert framstilt som passive element i historia, eller om dei vert gitt ei aktiv rolle. Deretter ser på utdrag som kan vise døme på planter sin eigenverdi og nytteverdi. Til slutt ser eg på om fantasysjangeren, med element som mytologi og magi, har ein innverknad på korleis planter vert framstilt. Den litterære analysen tek utgangspunkt i omgrepa *eigenverdi*, *nytteverdi*, *aktive planter* og *passive planter* slik desse omgrepa er utdjupa i teoridelen av denne oppgåva.

### 4.1. Gravbøygen våkner

I denne boka møter me Espen og Eva som motvillig må samarbeide for å redde Gammalskauen. Dei går i same klasse på skulen, men er ikkje vener i utgangspunktet. Eigentleg har dei ingen vener nokon av dei, men på grunn av at mødrene deira er gamle vener så skal begge to feire sankthansaftan på garden til onkelen til Espen. Espen er ein gut som er glad i dataspel og den trygge byen. Dette kjem blant anna fram ved at han trekk «nyttende inn lukta av stekt asfalt og støv» (Mostue, 2013, s. 12). Espen ser på Eva som eit skulelys som ser ned på han, og som har snåle briller og spesielle kler. Eva er ei jente med bein i nasen, som er særst interessert i naturen. Dette har ho arva frå far sin som er biolog. Saman skal desse to ungdommane redde Gammalskauen, som frå ei side vert angripen av hogstmaskinen til onkel Svein og frå den andre sida av den fryktelege monsteret Gravbøygen. Gjennom ulike prøvelsar og møter med vesen som nissar, alvar, troll, skrømt, nøkken, huldra og tussar veks både Espen og Eva. Dei klarar på kvar sin måte å stoppe dei to farane. Eva brukar sine kunnskapar om naturen til å overtale Onkel Svein til å stoppe hogginga ved å gjere skogen til eit naturreservat. Espen overvinn sin eigen frykt og stoppar Gravbøygen ved hjelp av det magiske sverdet Bergabitt.

#### 4.1.1. Protagonisten og planter

Først vil eg gjere det klart at eg behandlar både Espen og Eva som protagonistar i denne boka. Mange vil nok argumentere for at Espen er protagonisten i historia og Eva er hjelparen, men fordi dei begge utfører eit oppdrag som er viktig for utfallet av boka meiner eg at det er hensiktsmessig å behandle begge to som protagonistar. I analysen vil eg først undersøke korleis boka omtalar karakteren Espen og hans forhold til planter, deretter vil eg gjere det same i forhold til karakteren Eva.

Espen vert tidleg skildra som ein bygut som likar dataspel, og ein som ikkje er veldig glad i naturen. Sjølv om han ikkje er glad i naturen har han eit forhold til Gammalskauen, skogen som ligg ved garden til onkel Svein. Her har han brukt mykje tid på sommaren:

Espen var ikke helt sikker på om han likte Gammalskauen. Jo, han likte den nok. Han kunne nesten ikke unngå det, så glad som morfar var i den skogen. Men den var så gammel og stille. Trærne var digre og mosekledde, og det hersket en helt spesiell stemning der inne. Det kjentes alltid som om noen så på han innenfra mørket når han gikk gjennom den på vei til Lysjøen for å bade.

(Mostue, 2013, s. 21).

I dette utdraget får me lese om Espen sine tankar om Gammalskauen. Her er Espen synsvinkelinstansen og Gammalskauen er fokalobjektet. Espen kjem fram til at han likar skogen, men han føler at nokon kikkar på han inne frå mørket. Kan hende tenker Espen at det er sjølve skogen som ser på han. I dette utdraget er det viktig å påpeike at Espen alltid har gått på den trygge stien gjennom skogen, eller rundt den, for å komme til eit vatn der han og morfaren har fiska og bada. Han har aldri gått inn i skogen.

Utdraget syner det tette forholdet Espen har til morfaren sin. Espen likar skogen, fordi morfaren likar den. Måten han skildrar skogen på er heller ikkje på ein positiv måte, han verkar heller å vera redd for den. Det kan verke som at han likar at skogen er der, så lenge han ikkje treng å ha noko med den å gjere. Både det at han likar skogen og at han er skeptisk til den har han lært av morfaren. Det er tydeleg at han ikkje ynskjer at onkel Svein skal hogge ned skogen,

men han gjer aldri noko aktivt for å stoppe det: «I utkanten av skogen var det kommet en lys åpning, nesten som et sår inn i alt det mørkegrønne. Det måtte være der onkel Svein hadde begynt å hogge.» (s. 21). Her omtalar han området der onkel Svein har hogd som «eit sår». Det at han omtalar det som eit sår kan tyde på at han ser på skogen som ein levande organisme. Ser ein på språkbruken er den ganske vag her: «nesten som et sår». Han brukar ordet «nesten», som vil seie at han ikkje heilt ser på det som eit sår. Han brukar ein simile ved å nytte subjunksjonen «som», der ein metafor kan hende hadde vert eit sterkare verkemiddel.

Vidare i historia møter Espen ulike mytiske vesen. Han får i oppdrag å redde Gammalskauen ved å stanse Gravbøygen. Slik får han sjå skogen frå ei ny side då nissen Nils tar han med gjennom Edeldråpe. Dette er ein portal inn i sekundærverda. Dette første møtet med sekundærverda vert for mykje for han og han ynskjer å avbryte oppdraget: «Aldri om han noensinne skulle gå i fjellet mer. Ikke i skogen heller. Han skulle aldri reise ut av byen. Aldri!» (s. 101). Dette utdraget kan koplast opp mot Espen sin skepsis til naturen og at han heller føretrekk byen, men det må sjåast i lys av alle dei harde prøvingane han har gått igjennom. På dette tidspunktet har han møtt Grimen i fossen, eit skrømt på ei myr og vorten bitt av ein svartalv.

Heldigvis gir ikkje Espen opp og han prøver på nytt. Denne gangen viser huldra han skogen. Som nemnt i teoridelen er huldra ein kvinneskikkelse som er tett knytt til skogen. Ho lokka menn og damer til seg, men i denne historia opptre ho som ein venleg skikkelse. Huldra fører Espen gjennom skogen, og ikkje rundt den eller på den trygge stien som han tidligare har gått på. Dette gir Espen eit heilt perspektiv på livet som er i skogen: «Han så seg rundt med store øyne. Det var både vakkert og trolsk her inne (...) Morgenduggen glitret i lyset som strålte ned mellom greinene» (s. 111). Han oppdagar òg alt livet og lydane som finst i skogen. Dette står i ein kontrast til korleis han tidligare skildra skogen som «gammel og stille».

Sjølv om huldra gir Espen eit nytt syn på skogen, stoppar ikkje dette Espen sitt ynskje om å forlate oppdraget og Gammalskauen. Han klarer å forlate sekundærverda, men alvane legg ei forbanning over han. Espen trur at dette er årsaken til at morfar vert sjuk: «Espen bet seg i knokene av fortvilelse. Dette var hans skyld, det var han sikker på. Dette var også en del av forbannelsen. Nå skulle alvene hevne seg på ham gjennom hans eneste venn!» (s. 136). Dette

viser seg å ikkje stemme: sjukdommen til morfar kjem av naturlege årsakar, men dette er hovudgrunnen til at Espen fullfører oppdraget. Han gjer det ikkje for å redde skogen, men for å redde seg sjølv og morfar.

For å samanfatte synet Espen har på planter så er det tydeleg at han er skeptisk til skogen i starten. Han likar den og vil at den skal vera der, men han har lite interesse av å gå inn i den og undersøke den vidare. Mykje av tankane om skogen har han fått av morfaren sin, som òg er skeptisk til skogen. Dette ligg i at han, som Espen, har fått i oppdrag å redde den tidligare. Han har fått ein respekt for skogen og vesena som lever i den, dette har han vidareført til Espen. Når det kjem til kunnskapane Espen har om planter verkar desse å vera på eit lågt nivå. I starten verkar han å vera planteblind. Når planteartar vert nemnt gjennom Espen sin synsvinkel vert dei omtalt som mose, lav, lyng og bregne. Han nemnar ikkje spesifikke artar, berre nokon tresortar som gran, furu, og fjellbjørk vert nemnt som spesifikke artar. Han har heller ikkje kunnskapar om kva rolle soppen spelar i skogen (s. 112). Dette kan skuldast at han har mangla ein «plantementor». Det er tydeleg at morfar er den vaksne personen som har tatt Espen med i naturen, men morfar har alltid unngått Gammalskauen, og på denne måten har ikkje Espen fått oppleve alt livet inne i skogen som huldra viser han.

Det skal her nemnast at mykje av livet som Espen skildrar i skogen, kjem av at han er i sekundærverda, og på denne måten kan høyre at planter snakkar. Plantene ynskjer han velkomen, dei gir han råd på vegen og dei prøver å stoppe han frå å rømme frå oppdraget sitt. Espen kan òg høyre at dei snakkar seg i mellom. Her har boka nytta seg av potensialet som fantastisk litteratur har til å legge synsvinkelen hos andre skapningar enn menneske. Det at planter kan snakke verkar òg gi Espen ein viss sympati for dei, slik Jaques (2015) og Hines (2004) har skreve om. Det er òg interessant at hovudgrunnen til at Espen ynskjer å stoppe Gravbøygen, og med dette redde skogen, er for å redde seg sjølv og morfaren. Han har ikkje sett verdien av skogen, og må truast av alvane for å redde skogen. Han manglar heile vegen den indre motivasjonen til å redde skogen og alt livet i skogen. Ein kan seie at han har ein antroposentrisk tankegang, der det er livet til menneske som står i fokus.

Eva er i motsetning til Espen ikkje glad i livet i byen. Ho skulle ynskje ho budde på landet der folk brydde seg om kvarandre. Eva er òg vesentleg meir glad i naturen enn Espen, og har mykje

kunnskapar om den. Det spelar nok ei stor rolle at faren er biolog og at huset deira er: «fylt av alle verdens planteprøver, knokler fra fugler og dyr og sinnsykt mange bøker» (s. 12). Det vert tidleg klart at Eva er nysgjerrig på Gammalskauen og ho har lyst til å undersøke den:

Eva kunne godt ha tenkt seg å undersøke skogen litt nærmere. Den så veldig gammel ut, og hun hadde en mistanke om at det var lenge siden noen hadde hogget i den. Kanskje den var en ekte urskog?

(Mostue, 2013, s. 81)

Dette er første gong Eva nemnar urskog. Ein urskog er urørt skog som ikkje har spor av hogst eller menneskelege inngrep, noko som er veldig sjeldan i Noreg (Sunding, 2017). Her viser Eva både kunnskap og interesse for skogen. Eva har ein god «plantementor», i form av far sin, og dette viser seg fleire gongar i boka. Det er Eva sine kunnskapar om planter og dyr som reddar skogen:

Hadde ikke faren din fortalt onkel Svein om de verneverdige artene og at han ville få penger hvis Gammalskauen ble et naturreservat, hadde han aldri sluttet med hogsten. Og da hadde jeg ikke overlevd der oppe.

(Mostue, 2013, s. 267)

Dette er det Espen som fortel i slutten av boka. Det er Eva som overtalar far sin ved å fortelje om dei utrydningstrua artane ho finn i skogen: «Hvis han ødelegger den, kommer de til å dø, alle sammen. Og vet du hva, far? Jeg har sett både huldrestry og hvitryggspett! Og det er en bjørnefamilie som holder til der, og gaupe er det også!» (s. 228). Med «alle sammen» meiner Eva dei som bur i skogen, men ettersom at dette er gjennom Eva sin synsvinkel så inneber ikkje dette berre dei magiske vesena og dyra som bur i skogen. Ho meiner òg plantene som utgjør skogen. Dette viser ho ved å blant anna nemne huldrestry, ein sjeldan type lav. Det kan verke som at Eva fungerer som eit talerøyr for eit økokritisk natursyn i boka. Eva har kunnskapar om skogen som økosystem, og ser verdien av det å bevare ein urskog:



«I en vanlig skog som drives hogst på, blir trærne mellom seksti og hundre år gamle før de felles, sa Eva i en belærende tone. – I en riktig gammelskog kan granene bli opptil fire hundre år gamle! Og jo eldre en gran blir, desto rikere blir den.»

(Mostue, 2013, s. 146)

Ho nyttar ordet «rikere» for å skildre livet i skogen. Rikdom er ein form for verdi, og her samanliknar ho meir liv med meir rikdom: «Da slipper det ikke noe lys ned på skogbunnen, og skogen blir fattig og får lite artsmangfold. (...) Men i en gammelskog når lyset helt ned til skogbunnen, og derfor er den full av spennende arter.» (s. 146). Her kritiserer Eva moderne skogsdrift, der fokuset er på grantre og alle andre artar vert forsømt. Her brukar ho igjen rikdom som ein måte å måle liv på.

Eva viser meir kunnskapar og har eit tettare band til planter enn det Espen har. Ho visar ikkje berre meir kunnskapar, men òg ein større glede enn Espen når ho møter dei magiske snakkande plantene: «Hun virket lykkeligere enn han noen gang hadde sett henne. Den vanlige Eva, hun som bestandig så ned i bakken og forsøkte å gjøre seg usynlig, var borte.» (s. 157).

Dette er ein del av boka som kjem etter at Eva har hørt trea snakke, og fuglane syngje med ord. Ho er forståeleg nok skeptisk til sitt første møte med det magiske, men tar det meir naturleg enn Espen. Dette kan skuldast at Eva allereie ser på skogen som noko levande, som må bevarast. Der Espen verka å bli lei av den magiske skogen, og hadde ynskjer om å forlate den fleire gongar, vert Eva derimot lykkeligare enn ho nokon gong har vert. Ho har ingen ynskjer om å forlate den magiske skogen: «Da ville hun komme over på den andre siden, der hvor hun hørte til. Hun ville aldri mer kunne forstå hva dyrene og trærne sa» (s. 210). I eit forsøk på å forklare kvifor Espen hadde eit ynskje om å forlate sekundærverda nemnte eg at han hadde gått gjennom fleire prøvingar. Eva går gjennom like store prøvingar, blant anna vert ho fanga og forsøkt eten av nøkken. På tross av dette ynskjer ikkje Eva å forlate sekundærverda.

Eva må forlate sekundærverda for å gjennomføre oppdraget sitt: å stoppe onkel Svein frå å hogge ned Gammalskauen: «Hun fikk en følelse av å bli stengt ute fra noe, og hun hadde mest

lyst til å snu og gå tilbake. Men hun kunne ikke, hun hadde noe hun måtte gjøre» (s. 210). Eva ynskjer å bli i den magiske verda, men forstår at ho må forlate den for å redde skogen og alle som lev i skogen. Ein motsetnad til Espen som ynskjer å forlate sekundærverda, men som forstår at han ikkje kan gjere det før han har stoppa Gravbøygen. Det er òg ein kontrast mellom Espen og Eva at Eva heile vegen er motivert for å redde Gammalskauen, fordi ho ser verdien i den, medan Espen treng ein ytre motivasjon for å fullføre oppdraget. Dette viser at Eva har ein økosentrisk tankegang, der ho ser verdien til alle livsformer.

#### 4.1.2. Aktive og passive planter

I denne forteljinga er det fleire døme på aktive planter. Det er i hovudsak tre som er gitt ein form for intelligens. Det er døme på verbal kommunikasjon, aktive rørsler og kjensler. Den verbale kommunikasjonen føregår mellom menneske og plante, mytiske vesen og plante, og mellom plante og plante. Dei aktive plantene gjer seg til syne i den sekundære verda. Denne boka nyttar seg altså av potensialet som fantastisk litteratur har til å legge synsvinkelen hos andre skapningar enn menneske, som Bakken (2018, s. 233), skriv om.

Det første møtet Espen har med aktive planter er då han har gått gjennom Edeldråpe og nissen Nils tar han med opp til skogen: «(...)det luktet gress og skog, skigarden som gikk langs stien så akkurat ut som skigarder pleier å gjere, og trærne, de ... Espen stoppet opp. De sukket og hvasket!» (s. 50). Espen kan høyre at trea snakkar, men dei snakkar ikkje til han. Nissen Nils forklarar at det er trea som er fornøyd med å endelig få litt vatn å drikke etter lang tid med tørke. Trea snakkar altså med seg sjølve, og ikkje for å kommunisere med menneska. Seinare i boka snakkar dei direkte til Espen: «Velkommen, sverdbærer» (s. 111). Her vert Espen, eller sverdbæren, ønska velkomen av trea. Her er det teikn på at trea snakkar med menneska, fordi dei treng hjelp. Dette kan koplant opp mot Jaques (2015) som seier at planter vert gitt verbale eigenskapar for at menneska skal føle sympati for dei. Espen er helten som må redde skogen. Det er òg utdrag der tre og menneske fører ein samtale. Eit døme på dette er då Eva får tillating til å komme inn i Gammalskauen: «- Jeg får lov til å komme inn. Det sa jeg virket rolig.» (s. 155). Dette kjem etter ein diskusjon mellom aldergrana, eit stort tre som liknar ein portal inn i skogen, og Eva. Eva snakkar her direkte til treet og treet snakkar til Eva. Treet kallar

Eva for ein «rolig streving». «Streving» er det dei magiske vesena kallar menneska. Kanskje merkar treet at Eva har meir kunnskapar om skogen og at ho ser ein større verdi i plantene?

Det er òg døme på at trea gjer aktiv rørsle: «Tunge grangreiner pisket etter beina hans og forsøkte å hindre ham» (s. 123). Her prøver grantrea å hindre Espen frå å rømme frå oppdraget sitt, og med det la skogen bli drepen av Gravbøygen. Det vert òg vist at trea har kjensler:

Eva sluttet brått å smile da hun la merke til lyden fra trærne. De hvisket og mumlet stille, som om de sørget. – Er de lei seg? Spurte Eva lavt. – De vet at de skal dø, svarte Oberinn kort. Så fortsatte han nynningen, og det var som om trærne roet seg når de passerte. Forsøkte alven å trøste dem?

(Mostue, 2013, s. 201)

Dette er òg eit døme på kommunikasjon mellom eit mytisk vesen, ein alv, og ei plante. Alvane beskyttar skogen, akkurat som folk trudde tussefolket gjorde.

Eit spanande døme frå *Gravbøygen våkner* er den subtile referansen til Suzanne Simard sine tankar om *wood-wide web* (Gabbits, 2020), eller mykorrhiza. Tanken om at tre kommuniserer ved hjelp av eit stort nettverk av sopptrådar som går mellom røttene:

«Det som stikker opp fra bakken, og som du kaller sopp, er bare frukten. Resten av soppen lever under jorda og strekker seg overalt, mellom røttene til de grønne, og forbinder dem alle med hverandre. Ikke bare hjelper soppen de grønne med å ta til seg vann, men de bryter ned de grønne som dør, slik at dei blir til jord»

(Mostue, 2013, s. 112)

Her fortel huldra at trea vert kopla saman ved hjelp av sopptrådar mellom røttene til ulike trær. Huldra fortel Espen om denne koplinga etter at Espen har hørt ei lav mumling frå bakken. Dette er eit teikn på at det ikkje berre er trea som er gitt verbale eigenskapar. Det viser òg at plantene snakkar seg i mellom, heilt uavhengig av menneska.

I denne boka er det mange døme på aktive planter. Dette gjer det kanskje enda meir utfordrande å legge merke til dei passive plantene. Sjølv om fleire planter, og då spesielt tre, har aktive eigenskapar, er ikkje alle tre aktive. Passive planter vert ofte nytta for å skildre landskapet, noko me finn døme på i denne boka: «Trærne var blitt både mindre og færre, bare en og annen dvergbjørk sto på de små torvøyene ute i myra.» (s. 57). Sjølv om forfattaren til tider unngår å nemne arten på planten i skildringa av landskapet har han gjort det her. Her vert blant anna tresorten dvergbjørk nytta for å skildre at dei har bevegde seg opp på fjellet. På same måte vert tresortar nytta for å skildre at dei beveger seg ned frå fjellet og ned i låglandet. Då beveger dei seg frå snaufjell, til bjørkeskog og ned i granskogen.

Det er interessant å sjå kor mykje meir synleg ei plante vert om den er namngitt. Dette kan koplast opp mot eit av «symptoma» på det å vera plantblind. Dersom plantene ikkje vert namngitt, eller skildra som spektakulær eller livsviktig vert den ofte oversett. To døme frå boka der forfattaren ikkje namngir plantene, og på denne måten ikkje rettar eit fokus mot dei, er då Nissen Nils lagar medisin til Espen som har skada beinet sitt (s. 98) og då Oberinn lagar ein medisin til Eva som har skada kjeven sin (s. 202). I det første tilfellet kan ein skulde på at ein ser det gjennom Espen sin synsvinkel og at han ikkje klarar å få med seg kva nissen legg i koppen. Det vert bare omtalt som «den grønne gjørma», noko som kan tyde på at den består av planter. I det andre tilfellet ser ein det gjennom Eva sin synsvinkel, og det er difor meir rart at plantene ikkje vert namngitt her. Eva har slått seg og er litt i svime, men klarer likevel å namngi lavarten *huldrestry* som ho aldri har sett før. Det er difor underleg at medisinen Eva får består av «blader, gress og mose», tre generelle namn på planter. Det finst altså døme på skildringar av både aktive og passive planter i Gravbøygen. Dei aktive plantene er med på skjule dei passive plantene, og dei passive plantene vert veldig generelle.

#### 4.1.3. Eigenverdi og nytteverdi

Omgrepet eigenverdi har eg tidligare i oppgåva knytt opp mot Næss sine tankar om ein djupøkologi. Nokon av dei sentrale tankane her er at alle vesen og organismar har ein eigenverdi, at det biologiske mangfaldet har eigenverdi og at menneska ikkje kan drive eit overforbruk av naturen.

Dei fleste døma på eigenverdi i denne boka er døme på eigenverdi i eit økosystem. I eit økosystem er alle artar avhengige av kvarandre. Økosystemet i denne boka er Gammalskauen:

Dere ser ikke alle de som lever i Gammalskauen. De som fødes av skauen, lever av skauen og som ender sine små liv ubemerka av dere, og som går tilbake til skauen. Dere er blinde for alt annet enn strevingen deres!

(Mostue, 2013, s. 90)

Dette er det tussen Rabulder som seier til Espen. Synsvinkelen ligg altså hos det magiske vesenet tussen Rabulder. Han har før dette forklart forskjellen på «gammalskau» og «skauåker». I ein «gammalskau» yrer det av liv, medan i ein «skauåker» finn ein ikkje det same mangfaldet av artar. Gammalskau er det same som Eva kallar urskog. Ein «skauåker» er grantre som er planta av menneske, med det føremål å drive skogsdrift. Huldra viser òg eit døme på mangfaldet og samarbeidet som går føre seg i eit økosystem.

På bakken rundt deg vokser lav og mose. De hjelper jorda med å holde på vannet når det er tørke, og å suge til seg vann når det er for vått. Og både i laven og mosen og i de grønne bor det mange små skapninger. Noen av disse blir mat for fugler og dyr, som igjen trenger de grønne for å leve. Her er alle avhengige av hverandre. Huldra smilte katteaktig mot ham og lo den uutgrunnelige latteren sin. – Og nå skal strevingene hogge ned og ødelegge alt dette.

(Mostue, 2013, s. 112)

I dette avsnittet forklarer huldra rolla til planter, insekt og større dyr og korleis alle er avhengige av kvarandre. Ho har heile tida tre, «de grønne», i fokus. I kapittelet om aktive planter nemnde eg at det føregår kommunikasjon mellom planter. Dette kan òg vera eit teikn på eigenverdi, det viser at planter kommuniserer seg i mellom, uavhengig av menneska. Generelt får ein inntrykket av at boka vil vise at planter klarer seg heilt fint på eiga hand, og at for stor menneskeleg innblanding er skadeleg.

Det er fleire døme på planter som har nytteverdi for menneske i denne boka. Dei fleste av dei er nokså vanlege og vanskeleg å legge veldig merke til. Det er planter som vert nytta som

byggemateriale, mat, medisin, skjul, gåver eller som reiskapar. Det er blant anna døme på ei kyrkje som er bygd i tre, blomar som vert gitt i gåve, planter som vert nytta som medisin og at skogen fungerer som skjul. Men den viktigaste nytteverdien planter har for menneske i denne boka er skogsdrift: «I skauåkrene dere strevinger lager, der dere planter grønne slaver som dere siden hogger ned for fote, vil ikke lysalvene være» (s. 89). I dette dømet skildrar tussen Rabulder den moderne skogsdrifta som eit slaveri, og at menneska hogger ned for fote. Dette er ein språkbruk som kan koplast opp mot ei rovdrift på skogen, altså noko meir enn å nytte naturen for å dekke vitale behov. Då me ser det frå onkel Svein sin synsvinkel er grunningjevinga noko meir nyansert: «Det er nesten ikke penger å tjene på dyra lenger, så en er nødt til å finne på noe hvis en skal overleve her oppe.» (s. 23). Onkel Svein ser på det nærast som livsviktig å hogge i skogen, ettersom at han ikkje tener nok pengar på husdyr. Han er ein bonde som etter si meining gjer det som er nødvendig for å overleve.

#### 4.1.4. Fantasy og planter

*Gravbøyggen våkner* er ei fantasybok som hentar mykje inspirasjon frå norsk folketru. Dette kan me sjå på innslaget av mytiske vesen som nissar, troll, tussar, hulder, fossegrimen, skrømt og nøkken. Ser ein på koplinga mellom planter og folketru i denne boka så finn ein eit døme på eit tuntre, som etter folketrua skulle beskytte mot ulykker. Men dei tre mest sentrale døma på koplinga mellom folketru og planter er gjennom huldra, nøkken og tussefolket.

Som vist i teoridelen er huldra tett knytt til skogen. I folketrua er ho ei mytisk skapning som lokkar menneske med seg inn i skogen, ikledd ein kjole grøn som trea. Nokon skildra huldra som ein plantehybrid der ryggen er ei morken trestamme, men dette vert ikkje gjort i *Gravbøyggen våkner*. I denne historia lokkar huldra med seg Espen inn i skogen. Espen har tidligare gått rundt skogen eller halde seg på stien, men no følger han etter huldra inn i skogen. Som nemnt i teorikapittelet såg norsk folketru på huldra som ein del av tussefolket, som passa på skogen. Huldra mister på lik linje med lysalvane sin heim om skogen forsvinn. Ho deler av sin kunnskap, og dette gjer at Espen får eit nytt syn på skogen. Ein kan samanlikne huldra med Eva ved at begge to er ein kvinneskikkelse som har mykje kunnskapar om skogen. Begge to deler av sin kunnskap til Espen.

I skildringa av nøkken i *Gravbøygen våkner* er det tydeleg at inspirasjonen er henta frå Theodor Kittelsen sitt maleri av vesenet. Espen ser «en torvtust som lå omkranset av vannliljer» (s. 156). Espen reagerer på dette, då han ikkje har lagt merke til den før. Han spekulerer i om vatnet held på å gro igjen. Han trekker altså ikkje koplingar til Kittelsen sitt maleri. Det er ikkje før han ser at torvtusten beveger seg at han aner faren:

Vesenet var dekket av mudder og råtne vekster. Pinner og stokker stakk ut av det, og et digert gap åpnet seg under de skinnende øynene. To armer som det hang vannliljer og råtnet gress fra, grep om den hylende Eva og dro henne ut i vannet.

(Mostue, 2013, s. 158-159)

I dette utdraget vert òg dei skinnande auga til nøkken nemnt. I tillegg vert kroppen skildra som full av ulike planter. Då me ser nøkken gjennom Eva sin synsvinkel vert òg planter nytta for å skildre vesenet: «Det så mest ut som en levende haug av råtne kvister og planterester» (s. 172). Fingrane til nøkken skildrar Eva som «spisse kvister med slimete svømmehud imellom» (s. 173). Det verkar som at forfattaren må nemne planter for å kunne skildre nøkken. Hovudet ser ut som ein torvtust, og kroppen ser ut som ein haug av rotne kvistar og planterestar. Her kan ein jo tenke seg korleis myten om nøkken oppstod.

Dei siste vesena eg skal nemne her er dei mytiske skapningane som prøver å forsvare skogen. Som Sivertsen (2000) drøfta så var dette usynlege vesen som levde i skogen og passa på den. I denne boka er dei òg usynlege, heilt til ein går gjennom Edeldråpe og over til sekundærverda. Som i folketrua får tussefolket eit ganske vidt omgrep i denne boka. Dei mest sentrale vesena som passar på skogen er Lysalvane. Desse vert nemnt i norrøn mytologi, og dei lever i ein av Yggdrasil sine ni verdenar. Det er lite materiale frå norsk folketru som omhandlar Lysalvane, men desse vart ført vidare i germansk litteratur, og dukka opp i J.R.R Tolkien sitt univers. Ettersom at Lysalvane ikkje opptre i veldig stor grad i folketrua, kan det verke som at forfattaren av *Gravbøygen våkner* til dels er inspirert av Tolkien. Tolkien har vert ei stor kjelde til inspirasjon for fleire forfattarar innanfor fantasysjangeren. Men det er ikkje bare Lysalvane som passar på skogen, blant anna møter me tussen Rabulder som ikkje er nøgd med den moderne skogsdrifta. Tussefolket kunne straffe menneska som overskreid grensene for

nyttig av skogen, akkurat som alvane straffar onkel Svein, Espen og som dei har straffa oldefaren til Espen tidligare.

Guanio-Uluru (2021a) nemnar at eit motiv Tolkien nyttar seg av fleire gongar i *Ringenes Herre* er det at planter får moglegheita til å seie i frå om den dårlige behandlinga dei har fått (s. 94). Dette kan vera inspirert av norrøn mytologi der Yggdrasil klager seg over den dårlige behandlinga det får av dei som bur i greinene og på stamma. Dette kan det verke som at forfattaren av *Gravbøygen våkner* òg har nytta seg av. I prologen til boka står det: «Å nei, er den tilbake? Den er tilbake! Stakkars oss, nå skal det skje igjen!» (Mostue, 2013, s. 10). Dette vert sagt etter at onkel Svein startar hogstmaskinen. Det er uklart kven som er fokaliseringsinstans her, men det vert klart at det kjem frå skogen. Eg tolkar det som at det er sjølve skogen som er redd, den hugsar behandlinga den har fått tidligare.

Kampen mellom det gode og det vonde er sentralt i fantasy. I *Gravbøygen våkner* står denne kampen mellom lysalvane, Espen, Eva, huldra, tussefolket og skogen på den gode sida mot Gravbøygen, reia, nøkken og hogstmaskinen til onkel Svein på den vonde sida. Det er altså tydeleg at plantene spelar ei sentral rolle på den gode sida. Plantene og skogen vert gitt verbale eigenskapar som gjer at dei deltar aktivt ved å guide Espen og Eva, samtidig som dei er livsgrunnlaget for alle skapningane i skogen. For den vonde sida, med Gravbøygen i spissen, verkar planter bare å fungere som næring: «For hvert tre som hogges, vokser Gravbøygen i størrelse» (s. 206). Det er planter som vert hogd og som dør Gravbøygen livnærer seg på. På den andre sida fortel Lysalvane at: «Skogen er alt for oss. Dør den, blir vi til frost» (s. 115). Her er det viktig å huske på at økosystemet i skogen er avhengig av at planter og dyr dør, for at nytt liv skal vokse opp, og det er heller mengda og tempoet av hogsten som vert kritisert.

#### 4.1.5. Oppsummering

I *Gravbøygen våkner* kan me sjå at planter spelar ei viktig rolle for plottet. Boka handlar om å redde ein urskog, og det eine temaet er naturvern. Av dei to protagonistane er det Espen som er den vanlege antihelten ein finn i fantasybøker. Hans forhold til naturen og planter verkar å vera minimalt og ein kan seie at han har eit antroposentrisk syn på verda. Den andre protagonisten, Eva, har eit heilt anna forhold til naturen og planter. Ho er glad i naturen og



ser verdien av å ta vare på planter. Mykje av dette kjem av at ho har hatt ein god plantementor. I boka finn ein fleire aktive planter, og synsvinkelen er ved fleire høve lagt hos plantene. Boka prøver òg å fremme verdien av eit økosystem. Dette gjer boka gjennom Eva og ulike magiske vesen som fortel at det er ein verdi i urskog med eit stort artsmangfald. Boka får òg fram at alle i skogen har ein funksjon for kvarandre, og at det går føre seg ein kommunikasjon mellom ulike artar. Ein kan òg sjå at norsk folketru har spelt ei rolle for korleis planter vert framstilt i denne boka.

Eg skal no sjå på korleis plantene vert framstilt i *Odinsbarn*. Dette er ei lengre og meir kompleks bok, så analysen vil bli litt annleis strukturert.

## 4.2. Odinsbarn

I *Odinsbarn* møter me i hovudsak den 15 år gamle jenta Hirka, som er fokaliseringskarakteren. Nokon delar av teksten er sett frå synsvinkelen til den to år eldre guten, Rime. Handlinga går føre seg i det fiktive landet Ym, og startar på den litle plassen Elveroa. Her lever Hirka saman med fosterfar sin Thorrald. Thorrald er altså ikkje den biologiske faren til Hirka. Han fann ho i snøen då ho var eit spedbarn. Han hadde ikkje samvit til å la henne døy i kulda, og tok ho med seg.

Det visar seg å vera noko frykteleg galt med Hirka: ho har ingen hale. Alle folka i Ym, teksten si primærverd, har ein hale. Hirka veks opp i den trua at Thorrald er far hennar, og at det var ulven som tok halen hennar. Ho får heile vegen høyre at det er noko gale med ho, men verkar å klare seg fint. Det heile endrar seg då ho må gjennomføre Ritet, ein seremoni for å vise at ein er blitt vaksen. Her skal ein vise kor sterk ein er i Evna. Evna er ei kraft frå jorda som alle folk i Ym kjenner: alle utanom Hirka. Hirka er ikkje bare halelaus, ho er òg «evnelaus». Dette gjer ho til eit utskot, og ho bestemmer seg for å rømme frå alt saman. Ho rømmer til Ravnhov, ein by som har gjort opprør og som nektar å delta på Ritet. Gjennom heile boka møter Hirka på prøvelsar, men hennas kunnskap om planter reddar ho i ulike situasjonar og skaffar ho gode vener og allierte.

Ein ven ho har hatt i fleire år er Rime. Rime er barnebarnet til ei av Ymslanda sine mektigaste kvinner, Ilume. Rime har heilt sidan han var liten vorten sett på som den utvalte som ein gong skal styre verda. Dette ansvaret ynskjer han ikkje i starten, og han bestemmer seg heller for å verte ein krigar for Kolkagga. Kolkagga er ei elitesoldatgruppe som utfører hemmelige oppdrag for Rådet som styrer i Ym. Sjølv om Rime og Hirka kjem frå to heilt forskjellige bakgrunnar vert dei bestevenar, og seinare utviklar dei eit nesten kjærleg forhold. Rime ofrar alt for å hjelpe Hirka så godt han kan. Det toppar seg då dei saman kjem seg inn i Seerens hall. Seeren er ei ramn som vert sett på som ein gud i Ym. Her finn dei ut at Seeren berre er ein vanleg ramn, og dei innser at mykje av trua deira er bygd på ein løgn. Rime svarer med å knuse Seeren sitt tre. Dette gjer at Rime endrar sitt syn på å styre Ym, ettersom at han innser at han kan gjere ein god jobb. Hirka på si side innser at ho ikkje høyrer heime i Ym, og bestemmer seg for å reise gjennom ein steinsirkel, ein portal til ei anna verd. I den andre verda har ikkje folka hale, men sett bort i frå det liknar dei på folka frå Ym. Odinsbarn er første boka av ein trilogi. Eg skal her analysere den første boka i trilogien, og behandlar den som eit eige verk.

#### 4.2.1. Protagonisten og planter

I denne boka behandlar eg Hirka som protagonisten, men eg ser på rolla som Rime spelar som så viktig at eg òg kjem til sjå på hans forhold til planter. Eg ser først litt på personlegdommen til Hirka, og kvifor ho er som ho er, før eg ser på den tette tilknytninga ho har til planter. Her står forholdet til Rime sentralt. Han har ikkje det same tette forholdet til planter, men har ei sterk tilknytning til skogen og Evna.

Hirka bur saman med Thorrald i utkanten av den litle landsbyen Elveroa. Dei bur i ei lita koie, langt frå andre folk. Her bur dei fordi Thorrald ynskjer å beskytte Hirka frå folk. Hirka skil seg frå andre born i Elveroa fordi ho har raudt hår og ingen hale, men på andre ting er ho heilt lik: «I Elveroa var barna skitne. De herjet og skadet seg. Blødde. Og ingen mer enn Hirka» (Pettersen, 2013, s. 55). Dette er stor kontrast til den einaste jentevenen ho har, Sylja. Sylja er oppvaksen på den største garden i Elveroa, Glimmeråsen: «Sylja var en blomst der hun var en stein. Venninnens stemme var harpemusikk der Hirkas var et vaskebrett. Sylja neide når Hirka sprang, og når Hirka var svett luktet det blomster av Sylja» (s. 144). Det kan verke som at Hirka manglar dei klassiske «jentetrekka». Her kan ein og sjå at Sylja vert samanlikna med ein blom,

ei plante som eit symbol på noko fint. Hirka er aldri redd for ein kamp, og trekk seg ikkje unna om motstandaren er større enn ho eller har ein høgare rang enn ho. Denne skildringa av Hirka kjenner ein att frå andre sterke jentekarakterar i barne- og ungdomslitteraturen, som blant andre Ronja Røverdatter i Astrid Lindgrens kjente bok, og i Suzanne Collins sin kjente karakter Katniss Everdeen frå Dødsleikane-trilogien. Det er den hardbarka oppførselen til Hirka som gjer at ho vert bestevenn med Rime, ein gut som til slutt vert leiaren av Rådet.

Hirka høyrer ikkje heime i Ym. Ho er eit odinsbarn, ho manglar Evna og ho manglar ein hale. Ho kjem eigentleg frå ei anna verd. Dette har Thorrald klart å skjule heilt sidan han fant ho, men då ho skal gjennomføre Ritet finn alle ut at ho ikkje er frå denne verda. Det er dette som gjer at ho må flykte. Rime ynskjer å forhindre dette:

Han løp tvers over hagene på vestsiden. Polerte steiner reflekterte fargene fra ulike blomster, brakt hit fra hele verden. Eviggrønne nåletrær stod i prikkfrie klynger. Skulle det spontant dukke opp en ubedt spire i disse hagene, ville den straks bli revet opp med rota. Eisvaldr hadde ingen plass for det som ikke var planlagt.

(Pettersen, 2013, s. 352)

Dette utdraget kjem like etter at Hirka er avslørt av Rådet, og dei diskuterer kva dei skal gjere med ho. Det er Rime som spring gjennom ein hage i Eisvaldr i eit forsøk på å snakke med Rådet. Eisvaldr er eit inngjerda område i byen Mannfalla der dei rikaste og mest høgtståande folka bur. Her har dei flotte og perfekte hagar, og dei er raske med å luke ugraset som kjem. Det er logisk å tenke at Hirka er denne ubedde spiren. òg seinare i boka vert Hirka samanlikna med eit ugras: «de ville ta henne av dage like lett som de pustet, fordi det var det mest hensiktsmessige å gjøre. De ville bevare stabiliteten. Luke ugresset. Rense landet for råta» (s. 406). Hirka vert altså her skildra som ei plante, ei plante som ikkje er planlagt og som må rives opp med rota. Dette er den eine koplinga mellom Hirka og planter, her er det Hirka som er sjølve planten.

For å vidare skildre Hirka må eg seie litt om far hennar, Thorrald. Thorrald er ein form for lækjar - ikkje ein av Seeren sine offisielle lækjarar, men ein som hjelper folk i landsbyen med ulike plagar. Det er fleire grunnar til at Thorrald ikkje er ein offisiell lækjar. Ein av dei er at han

sel ulovlege urter. Sjølv om han ikkje er ein offisiell lækjar har nesten alle i landsbyen fått hjelp av Thorrald og urtene hans. Hirka hjelper faren med dette og etter at faren hamna i rullestol er det ho som sankar urter og leverer medisinar til dei som treng det. Dette gjer at ho har gode kunnskapar om planter, og deira evne til å lækje. Ho får god nytte av dette då ho flyktar frå Elveroa og må klare seg på eiga hand: «Hun fant krukken med salve av soltåre og hemntorn for å stanse blødningen og holde såret rent»(s. 223). Her hjelper ho ein mann som er knivstukken den første dagen ho er i den nye byen Ravnhov. Dette er med på å gi ho eit godt rykte. Seinare møter ho høvdingen i denne byen, og får lov til å behandle han òg. Høvdingen, Eirik, er ein mann som ikkje lar nokon andre gi han medisinar.

Etter tida i Ravnhov reiser Hirka vidare til den store byen Mannfalla. Her skaffar ho seg mat og ein plass å sove ved å tilby eigaren av eit tehus, Lindri, ei salve som er laga av yllirrot. Dette skal hjelpe han mot dei vonde ledda hans. Dette er den andre koplinga mellom Hirka og planter: Hennar kunnskapar om planter sine eigenskapar når det kjem til læking. Denne kunnskapen er med på å gi ho vener og allierte.

Det er tydeleg at planter står sentralt for Hirka:

Hun kunne vert raskere, hadde det ikke vært for plantene. Disse fjellene var en drøm for legere. Uansett hvor man snudde seg, så man hemntorn og soltåre. Hun hadde sett gullbjelle flere ganger, nok til å stanse all feber i hele Mannfalla. Opa vokste vilt litt oppe i høyden, ofte på østsiden av fjellene. Hadde hun ikke sett hva opa kunne gjøre med folk, så hadde hun tygget det hele veien for å få mer å gå på. De hadde gått forbi blodgress en gang. Giften som hadde tatt far. Nok til å sende tyve mann til Slokna om man ikke visste hva man gjorde. Med den ene klynga kunne hun sikkert kjøpt et hus. Hadde det vert lov å omsette.

(Pettersen, 2013, s. 488)

Dette utdraget viser godt kor viktig planter er for Hirka. Her viser ho at bare ved å sjå på plantene kan ho fortelle kva ho kan bruke dei til. Nokon av plantene kan ho bruke til å stoppe feber, ho veit kva effekt opa har og ho veit at blodgress er ei verdifull plante. All denne kunnskapen ho har om planter viser seg å vera veldig nyttig. Ho har ikkje bare kunnskapar om

dei lækjande evnene til plantene, men kan òg kjenne att planter på lukta. Dette gjer at ho kan orientere seg bare ved hjelp av lukt og for å unngå farar. Til dømes nemner ho lukta av tang for å seie at ho nærmar seg sjøen. Ho kan lukte at ho er i skogen, langt frå folk, noko som gjer det trygt å flykte. Ho luktar at Thorrald har ete blodgress, ei giftig plante, for å ta livet av seg. Ho luktar òg at den vonde mannen Urd har putta draumhette i maten hennar for å få ho til å sove lenge, slik at han kan kidnappe ho.

Då ho flyktar frå Elveroa, etter at Thorrald har tatt livet av seg, pakkar ho sekken med te, urter, erter og anna mat. Noko tar ho med seg for å minnast far sin, som ein symbolsk verdi, medan andre planter er livsnødvendig som mat, medisin eller noko som ho kan selje. Ho held seg inne i skogen og vekke frå vegen, på denne måten nyttar ho trea som skjul. På denne flukta er ho glad for at hausten er tidleg ute, ettersom at dette gir ho mat. Ho lagar seg ei vassrenne av bark for å samle regnvatn. Ho nyttar òg ei plante for å farge håret sitt, slik at det skal vera vanskeligare å kjenne ho att. Dette er døme på at Hirka nyttar planter for å halde seg i live, anten som mat, skjul eller reiskapar.

For å vise ei siste kopling mellom Hirka og planter vil eg gje nokon døme på det nære forholdet ho har til planter. Det kan verke som om Hirka tenker på planter på ei lik linje med folk eller andre levande organismar: «Hun tok seg i å tenke snille tanker om den, som om det skulle forhindre den fra å kaste henne av seg og ned i det gapende såret i fjellgrunnen» (s. 11). Her prøver Hirka å tenke gode tankar om ein trestokk som fungerer som ei naturleg bru over ein djup avgrunn. Eit anna døme er då ho har tenkt til å mate ramnane med bitar av far sin (som eit teikn på respekt): «Trærne ristet bladene når hun gikk forbi. De bøyde seg til siden for å komme unna henne. Hun var en liksjender. Hirka smilte skjevt for seg selv. Hva annet kunne de tenke? Hun var et odinsbarn» (s. 170). Ho tenker at trea dømmar ho for det ho gjer. Her gir ho planter eigenskapar som å kunne bøye seg og emna til å tenke.

Det er òg tydeleg at planter er langt framme i medvitnet til Hirka når ho skildrar folk. Ho skildrar ei dame som «rynkete som et fjorårseple» (s. 229) for å seie at ho er gamal. Ho skildrar auga til ei dame som «mandeløyne» (s. 282) for å seie at ho kjem frå ein annan plass og hudfargen til ein mann som «farge som brente mandler» (s. 573). Dette truleg fordi planter står så

sentralt hos Hirka at det er enkelt å forklare korleis ting ser ut ved å samanlikne dei med planter.

Rime An-Elderin er barnebarnet til Ilume An-Elderin, ei av dei mektigaste kvinnene i Ym. Ho er ei av dei tolv som sit i Rådet. Rime er oppvaksen i Eisvaldr blant høgtstående folk og har heile livet vorten sett på som den utvalte som ein gong skal ta over som leiar for Rådet. Han overlevde snøstormen som tok livet av foreldra hans og har sidan den gongen vorten oppdratt av Ilume.

Hele livet hadde han hørt at han var mer enn andre. Bedre enn andre. Sterkere i blodet og i Evna. Barnet Seeren hadde ventet på. Den heldige. Han var født til å lede folket, landet, de elleve rikene.

(Pettersen, 2013, s. 369)

Men Rime ynskjer ikkje å sitte på Rådet, og bestemmer seg difor for å slutte seg til Kolkagga. Det at han ikkje ynskjer plassen på Rådet er ikkje den einaste grunngevinga han gir for å slutte seg til Kolkagga. Det kan òg verke som at han vil vekk frå den store byen og komme nærare naturen. Dette forstod han då han for eit par år sidan flytta frå Eisvaldr og inn til Elveroa: «Å komme til Elveroa hadde vert flukten han aldri hadde trodd var mulig. Et lite sted, langt fra Eisvaldrs korridor» (s. 55). Han merkar at det er slik han vil bu og han er spesielt misunneleg på korleis Hirka og Thorrvald bur. Ikkje bare at dei bur i ei lita koie, men òg det at to som er glad i kvarandre bur i lag på to små rom. Dette samhaldet og nærleiken til naturen finn han hos Kolkagga i Blindból: «Det var bare ett annet sted som ga ham den følelsen. Der fantes ingen palasser, bare trær og åpne rom mot fjellene» (s. 134).

Det er tydeleg at Rime føler seg tett knytt til skogen og naturen, og han klarer å finne mat ute i naturen når han og Hirka er på rømmen. Han nyttar òg naturen til å leite etter spor, blant anna lesar han spor i mose. For å beskytte seg sjølv og Hirka mot farar lagar han eit alarmsystem som består av kvistar som brekker og lagar lyd dersom nokon trakkar på dei.

Ein annan ting som gjer Rime interessant er den sterke koplinga han har med Evna. I motsetning til Hirka som er evnelaus, er Rime usedvanleg sterk i Evna. Det kan verke som at

Evna er tett kopla opp mot jorda, og med planter som veks opp av jorda: «Han trente på det gresslagte søkket på toppen av Vargtind. Evna var sterkest der» (s. 54). Ut i frå dette dømeet er det vanskeleg å vite om det er Vargtind som gjer at Evna er sterk, eller om det er graset, kanskje det er ein kombinasjon. Andre døme der Evna og planter vert nemnt i lag er: «Det var drøyne. Lagret te fra Himlifall. Evna var sterk der, og en skulle være nær Slokna om en ikke følte seg bedre etter en kopp av denne» (s. 21). Her vert det òg nemnt at Evna er sterk, dette er ein ny plass, men det vert òg nemnt ei plante. Eit siste døme på koplinga mellom Evna og planter er dette: «Rime falt ned på en stol ved vinduet og grep tak i bordplaten. Han stirret på den. Mørkt tre. Født av Evna. Gammelt gjennom Evna. Kraft i hver årring. Hvert kvisthull» (s. 438). Denne bordplata er tidligare nemnt å vera laga av eik, som viser at dette er enda ei kopling mellom planter og Evna. Hirka snakkar òg om koplinga mellom planter og Evna: «Hirka smilte i det hun kjente varmen bre seg i kroppen. Dette var smaken av jorda. Akkurat som te. *Dette er det nærmeste jeg kommer favning*» (s. 143). Hirka kjenner evna når ho drikk vin og te, to drikkar som er laga av planter.

Rime er altså sterk i Evna som er tett kopla opp mot planter. Hirka er evnelaus, men er tett kopla opp mot planter. Det er difor veldig interessant at Rime og Hirka er knytt tett saman. Rime kan famne, som tyder å nytte Evna, via Hirka. Faktisk så vert Evna enda sterkare når den går gjennom Hirka: «Evna hans ble en storm når den fikk flyte gjennom henne. Uten henne ville han aldri være sterk nok til å komme inn til Seeren.» (s. 440). Kan hende dette har noko å gjere med Hirka si tette kopling med planter. Hirka vert samanlikna med planter. Ho vert blant anna omtala som ugras og «dotter av Embla», det vil seie Embla som ein i norrøn mytologi trudde var skapt av eit tre. Rime samanliknar og Hirka med søt nektar (s. 35), altså søt plantesaft som planter lokkar insekt med. Både protagonistane i Odinsbarn har altså eit nært forhold til planter, men dei nyttar dei på ulikt vis.

#### 4.2.2. Aktive og passive planter

I *Odinsbarn* er det ikkje like klare teikn på aktive planter som i *Gravbøygen våkner*. I *Gravbøygen våkner* var det tre og sopp som snakka og bevegde seg. I *Odinsbarn* er dei snakkande og rørlege trea meir skjult. «Trærne ristet bladene når hun gikk forbi. De bøyde seg

til siden for å komme unna henne» (Pettersen, 2013, s. 170). Her ristar trea på blada, og bøyar seg vekk frå Hirka. Eit anna døme er kviskrande tre: «De hvisket i vinden. Hvisket om hvorvidt sommeren var over. Om de skulle gi slipp på de hvite blomstene eller ikke. Han gikk nærmere og bladene la seg til ro, som for å lytte på det som skulle komme» (s. 367). Dette ser me gjennom Rime sin synsvinkel. Begge desse eksempla er språklege bilete, og passar ikkje heilt inn i definisjonen av aktive planter.

Dei aktive plantene som får fokus i denne historia er urter og te, men dei er ikkje aktive ved hjelp av verbal kommunikasjon eller aktiv rørsl. Dei er aktive gjennom lukt. For å forstå dette rettar eg meg igjen til Ryan (2015). Han meiner at desse plantene, ved hjelp av lukt, nyttar eit språk som spelar direkte inn på minnet til menneske. Denne kommunikasjonen har òg ei lækjande evne (Ryan, 2015, s. 136). Det er fleire døme på at Hirka tolkar lukta frå planter. Som nemnt tidligare kan Hirka lukte den giftige planten blodgress som Thorrald nyttar til å ta sitt eige liv (Pettersen, 2013, s. 165). Då Hirka leiter etter ei dame lukter ho etter teen som denne dama plar drikke (s. 279). Hirka stoler på sin eigen luktesans når det kjem til kva mat ho kan ete, og ho lukter om nokon prøver å forgifte eller dope henne (s. 386). Då Hirka ikkje kan bruke synet fordi ho er plassert ned i ein kasse bak på ei hestevogn er det lukta av «alvekyss og mose» (s. 393) som reddar ho. Ho forstår at ho er langt inne i skogen, og at det kan vera trygt å rømme. Lukta av ein te kokt på yllirrot hjelper ho å skjerpe sansane sine (s. 574). Ut i frå desse døma kan det verke som om det føregår ein kommunikasjon mellom Hirka og plantene. Det verkar ikkje som at plantene aktivt prøver å kommunisere noko til Hirka for å hjelpe ho, det er heller Hirka som tolkar dei naturlege signala som planter sender ut. Det er difor vanskeleg å seie kor mykje dei aktive plantene påverkar narrativet ved å hjelpe Hirka ut av vanskelege situasjonar. Dei får ikkje rolla som subjekt, men via Hirka sine kunnskapar så hjelper dei Hirka med å holde seg i live.

Det er ei stor overvekt av passive planter i denne boka. I all hovudsak er plantene nytta som medisin, mat, byggemateriale, tekstil og metaforar. Det som er litt interessant er at dei fleste plantene vert namngitt. Planter nytta som mat er blant anna blåbær, erter, molte og skyggesopp. Som medisin vert planter som gullbjelle, opa, yllirrot og draumhette nemnt. Og som byggemateriale og tekstil vert planter som lin og eik nemnt. Ein mogleg effekt dette har er at dei passive plantene, som ofte vert sett på som bakgrunnen for dyreliv (Wandersee &



Clary, 2006, s. 2), får større fokus. Dersom ein ser det opp mot symptoma på planteblindskap så er det tydeleg at denne boka rettar eit fokus mot planter i kvardagen. Boka er òg god til å sette planter i ein kontekst, der dei vert nytta som mat, medisin, byggemateriale og liknande. Difor vil eg seie at den ikkje fremjar planteblindskap.

### 4.2.3. Eigenverdi og nytteverdi

Eigenverdien til planter i Odinsbarn er ikkje like klar som i *Gravbøyggen våkner*. Det verkar likevel ikkje som at den er heilt forsømt. Næss (1991) nemnar at eit overforbruk av naturen er ein form for å oversjå eigenverdien til planter. I denne boka er historia satt til ei tid liknande middelalderen. Det er mindre folk, og ingen industri eller avansert teknologi. Folk i Ym lever for det meste i harmoni med naturen og sankar av det den gir. Dette skjer spesielt i Elveroa, Ravnhov og Blindból, som er dei tre plassane der Hirka trivst best. Det kan verke som at det er eit litt anna fokus i den store byen Eisvaldr. Her bur det fleire folk, der dei rike har perfekte hagar som vert fiksa av folk og bønder som dyrkar mat for å selje. Men i det store bildet verkar det ikkje å vera nokon form for overforbruk som er med på å skade eit økosystem.

Det kan verke som at boka prøver å framstille eit samfunn som lever av og med naturen, og på denne måten gir ein eigenverdi til plantene. Ein episode som kan sjåast på som eit unntak er då Thorrald, far til Hirka, hogger ned eit tre bare fordi Hirka har gøymt seg i det og han vil snakke med ho (Pettersen, 2013, s. 39). Det kan verke som at Thorrald ikkje ser noko eigenverdi hos treet. Hirka undrar seg over dette: «Kanskje han hadde ombestemt seg? Han hadde jo hogget ned bjørka! Man hogger ikke ned et tre uten at noe forandrer seg»(s. 40). Hirka er klar på at det må vera ein veldig god grunn til at Thorrald skulle hogge ned treet, Hirka ser altså at treet har ein verdi.

Planter har ein stor nytteverdi for folka i Ym. Dette vart klar då eg såg på den store overvekta av passive planter. Det verkar som at hovudkjelda deira til mat er planter, ettersom at det sjeldan vert nemnt at dei et kjøtt. Fleire av drikkevarene er òg laga av planter, som vin, øl og te. Det meste dei lagar og byggjer er laga av tre, stein og litt metall. Planter har ei økonomisk verdi for blant anna Hirka som sel urter, te og medisinar laga av planter. Planter har òg ein

symbolsk nytteverdi som blant anna tuntreet i Ravnhov og Seerens tre, noko eg ser nærare på i neste underkapittel.

#### 4.2.4. Fantasy og planter

*Odinsbarn* er sterkt inspirert av norrøn mytologi. Det vert klart allereie i tittelen, og vert forsterka gjennom døme som at Hirka vert kalla «datter av Embla» (Pettersen, 2013, s. 328), ein trehest som heiter Jomar (s. 12), ord som hreidr (s. 127), Bivrost (s. 601), historia om Odin som reiste til Ravnhov for å stele to ramnar (s. 346), og namn som Ym, Urd og Seerens tre.

Seerens tre har ei tett kopling opp mot Yggdrasil, verdstreet, som me kjenner att frå norrøn mytologi: «Treet var Seerens trone. Et verdenstre, vevd i stein» (s. 84). I dette treet skal ei ramn som vert kalla Seeren bu. Seeren er ein gud for folka i Ym. Treet er laga for lenge sidan, og er i følge steinhoggaren, Hlosnian, laga av Evna (s. 502). Som eg viste i kapittel 4.2.1 er Evna knytt til planter. Det kan då verke som ei plantekraft har skapt eit tre av stein. Det som gjer at det kan samanliknast med Yggdrasil er først og fremst at det vert kalla eit verdstre. Seerens tre har ikkje den same størrelsen som Yggdrasil, det er ikkje dette treet som bind alle verdane i trilogien saman. Seerens tre skal fungere som ei trone for guden Seeren. Denne Seeren er som sagt ei ramn, ein fugl, som kan samanliknast med lysmakta si ørn som sit i toppen av Yggdrasil eller Hugin og Munin, ramnane til Odin. I følge norrøn mytologi sendte Odin ramnane sine ut kvar morgon så dei skulle sjå og høyre kva som skjedde i verda.

I botnen av Yggdrasil ligg Nidhogg, eit vesen frå mørkemakta som vert skildra som ein orm eller drage. Det vert ikkje sagt at det ligg noko i botnen av Seerens tre, men Hlosnian frykter ein drage etter at treet er borte: «Han kommer til å vekke dragen. Treet er ikke mer.» (s. 557). Dette kan tyde på at Seerens tre er noko som beskyttar verda, på lik linje med tuntre frå folketru som vart sett på som beskyttande mot vonde krefter. Det er Rime som øydelegg Seerens tre, og som Hirka sa då Thorrald hogg ned bjørka: ein hogg ikkje ned eit tre utan at noko forandrar seg. I dette tilfellet forandrar nesten alt seg. Rime finn ut at Seeren ikkje finnest og han bestemmer seg for at han er sterk nok til å styre over Rådet.

Ein siste ting som kan koplast opp mot Yggdrasil er karakteren Urd. Urd er den vonde karakteren i *Odinsbarn*. Han prøver fleire gongar å fange Hirka for å ofre ho til «dei blinde», nokon monster frå ei anna verd. I følge norrøn mytologi var Urd ein av dei tre viktigaste nornene. Nornene bestemte skjebnen til alle menneska og ingenting kunne endre dette (Hveberg, 1944, s. 13). Urd var nornen for fortid eller opphav. I tillegg til å bestemme skjebnen til menneska i verda sørger nornen for at Yggdrasil heldt seg frisk og grøn ved å øse vatn frå Urdebrønnen på det (s. 13). I *Odinsbarn* ynskjer Urd å overtyde Rådet og Seeren om å starte ein krig. Han er overtydd om at Ravnhov konspirerer med «dei blinde» og at dei vil utnytte at Rådet no er svakt (Pettersen, 2013, s. 189). Urd vil bruke dette til å verte leiar av Rådet og den mektigaste mannen i Ymslanda. Som vist ovanfor finn Rime ut at Seeren ikkje finst, alt er basert på ein løgn. Ein kan då tolke jobben Urd gjer med å styrke Rådet, og at han ein dag vil styre Rådet som om at han nærer ein løgn. På same måte som nornen Urd frå norrøn mytologi sørger for at Yggdrasil held seg frisk og grøn, ynskjer Urd frå *Odinsbarn* å sørge for at løgna om Seeren held seg levande.

Namnet på landet, Ym, er òg interessant. Dette kjem truleg av Yme, jotunen som Odin og brørne drap for å skape verda. Av Yme skapte dei alt, blant anna skapte dei gras og tre ut av håret til jotunen. Det at Hirka vert kalla «odinsbarn» og «datter av Embla» trekk òg koplingar opp mot planter. Som eg nemnte i delen om Hirka er Embla skapt av eit tre og det var Odin som skapte Embla av eit tre han fant på stranda. Dette er noko som gjer at eg trekk koplingar mellom Hirka og planter.

#### 4.2.5. Oppsummering

I *Odinsbarn* spelar ikkje planter ei stor rolle for plottet, men boka får fram at plantene er viktige for folka i Ym. Dei nyttar planter som mat, symbol, medisin og byggemateriale. Planter er òg viktige for protagonisten i boka, Hirka. Hirka er flink til å nytte naturen som ei kjelde til mat og som medisinar. Desse kunnskapane har ho fått frå sin plantementor, som er faren Thorrald. Kunnskapane er livsviktige for Hirka, dei hjelper ho med å skaffe mat, få seg allierte og å komme seg vekk frå livsfarlege situasjonar. Det er òg døme på at Hirka tenker på følelsane til planter, og anerkjenner eigenverdien deira med å bare nytte seg av det mest nødvendige frå naturen.

Rime er ein annan spanande karakter som delar av historia vert fokusert gjennom. Han er ikkje like tett knytt opp mot planter, men er sterk i Evna. Evna er ei kraft som kjem frå jorda, og som viser seg å vera tett knytt opp mot planter. Dette skuldast at plantene veks opp av jorda og at ein kan kjenne Evna via plantene. I denne boka er ikkje plantene like aktive, då dei ikkje vert gitt nokon form for verbal kommunikasjon eller aktiv rørsle. Dei opptre til ein viss grad aktivt ved at Hirka tolkar deira naturlege kommunikasjonsegenskapar i form av lukt. På denne måten hjelper plantene Hirka.

Verdien til plantene i denne boka vert i stor grad framstilt som ein nytteverdi, men i ei slik form at dei hovudsakleg vert nytta på ein bærekraftig måte. Dette er med på å gi plantene eigenverdi, då dei bare vert nytta for å dekke vitale behov for menneska. Det er norrøn mytologi som er hovudinspirasjonen til denne sekundærverda. Den norrøne mytologien spelar ei rolle for korleis plantene vert framstilt ved blant anna Seerens tre, som kan samanliknast med Yggdrasil og namn som Ym, Odinsbarn og dotter av Embla.

Eg har no gjennomført analysar av *Gravbøygen våkner* og *Odinsbarn*. Sidan bøkene er så ulike i lengde, tematikk og målgruppe synest eg at det er nyttig å gjere ei samanlikning av dei to bøkene. I denne samanlikninga vil eg svare på forskingsspørsmål III og IV, og til dels forskingsspørsmål I. Eg kjem til å seie litt om fellestrekk ved forholdet dei kvinnelege og mannlege protagonistane har til planter.

- I. Kva verdi har plantene for protagonistane?
- III. I kva grad er plantene framstilt som aktive eller passive i bøkene?
- IV. Kva rolle spelar norsk folketru og norrøn mytologi for framstillinga av planter i bøkene?

### 4.3. Samanlikning av bøkene

I dette delkapittelet vil eg gjere ei samanlikning av dei to bøkene. Eg kjem først til å samanlikna protagonistane frå dei ulike bøkene, gjere ei kort samanlikning av tema og plott, før eg vidare

prøver å svare på forskingsspørsmål III, og IV. Eg skal svare på forskingsspørsmål I & II under «Drøfting», med unntak av spørsmålet om kjønnsperspektivet, som eg svarer på her i samanlikninga av protagonistane. Sjølve verdispørsmålet skal eg svare på under «Drøfting».

I begge bøkene er det to klare protagonistar, sjølv om Hirka er den som spelar størst rolle i *Odinsbarn*. I begge bøkene er det ein gut og ei jente. Gjennom min analyse kan det verke som at det er dei to kvinnelege karakterane som ser den største verdien i planter. Begge to har sterke plantementorar i fedrane sine. Eva har ein far som er biolog og som har gitt ho mykje kunnskapar om planter. Denne kunnskapen gir ho gleder med planter, og den er med på å redde Gammalskauen. Hirka sin fosterfar jobbar som lækjar og var flink med treskjerjing. Han sel planter og nyttar dei i arbeidet sitt med å lækje folk. Denne kunnskapen har han vidareført til Hirka, som no nyttar planter på same måte.

Dei mannlige karakterane har ikkje det same tette bandet til planter. Ein av grunnane kan vera mangelen av ein plantementor. Mentoren til Espen er morfaren hans. Han har vist Espen Gammalskauen, men det kan verke som at han aldri har hatt eit fokus på å vise planter. Dei gongane han har tatt Espen med seg for å fiske eller bade har han gått rundt skogen eller på stien som er laga av menneske. Morfaren er skeptisk til Gammalskauen fordi han har vore på den andre sida og utført det same oppdraget som Espen. Denne skepsisen vert overført til Espen, men det er tydeleg at han vert fascinert over alt det han lærer av vesena i skogen om skogen. Det er meir usikkert at han ser verdien planter har, ettersom at det verkar som at han utfører oppdraget for å redde seg sjølv og morfaren. I den grad at Rime har ein mentor, så er det bestemora Ilume. Ho er ei mektig dame som truleg ikkje har hatt tid til å lære Rime om planter. Han er oppdratt i ein by på dei finaste hoff, og kjenner seg ikkje heime før han kjem til den litle landsbyen Elveroa og Kolkagga sin base i Blindbøl. På desse to plassane lever folk tettare på naturen, noko som kan tyde på at Rime likar naturen og dermed indirekte ser ein verdi i planter. Rime er òg sterk i Evna, ei kraft som er tett knytt opp mot planter.

Handling og tematikk i dei to bøkene er ulike, noko som gjer at plantene vert framstilt ulikt. I *Gravbøyggen våkner* er ein av dei sentrale motiva vern av urskog, og handlinga går direkte ut på å redde ein skog. Dette gjer at plantene er sentrale for plottet. I *Odinsbarn* er tematikken

retta mot det å vera annleis, framandfrykt og blind tru. I denne boka spelar ikkje plantene ei så stor rolle for plottet, men dei vert synlege fordi dei er så viktige for blant anna Hirka.

I *Gravbøyggen våkner* viste eg at plantene vert gitt fleire aktive eigenskapar. Blant anna vert tre og nokon andre planter gitt verbale eigenskapar. Dette gjer at dei kan kommunisere med menneske som er i sekundærverda, kvarandre eller med dei magiske vesena i skogen. Denne kommunikasjonen brukar plantene til å spørje om hjelp frå helten, Espen, og kommunikasjonen innad i skogen hjelper Espen og Eva med å utføre oppdraga deira.

Det er òg døme på planter som aktivt prøver å stoppe Espen i det han gjer eit forsøk på å rømme frå oppdraget sitt. Dette viser at plantene kan bevege seg. Ein kan difor seie at plantene i *Gravbøyggen våkner* i stor grad vert framstilt som aktive deltakarar i historia. I *Odinsbarn* spelar som nemnt ikkje plantene så stor rolle i plottet. Det er tydelig at plantene i størst grad har ein nytteverdi for folka i Ym, og på denne måten spelar ei passiv rolle. Det vert nemnt at tre flyttar på seg og kviskrar, men dette verkar meir metaforisk og ikkje som ei aktiv handling frå plantene si side. Det er teikn på at det føregår aktiv kommunikasjon mellom Hirka og nokon planter. Det er då Hirka som oppfattar lukta til plantene, og nyttar dette til å tolke ulike situasjonar. I dette tilfellet er det usikkert om plantene aktivt prøver å kommunisere med Hirka, eller om det bare er ho som tolkar plantene sine naturlege signal. Eg vil difor seie at plantene i større grad har ei passiv rolle i *Odinsbarn*.

I denne oppgåva hadde eg òg eit ynskje om å svare på kva rolle norsk folketru og norrøn mytologi spela for framstillinga av plantene i *Gravbøyggen våkner* og *Odinsbarn*. Dette for å seie litt om koplinga mellom planter og fantasy. Som vist i teoridelen er noko av det som kjenneteiknar fantasy som sjanger, at det er innslag av ei eller fleire sekundærverdenar. Desse sekundærverdane er ofte påverka av mytologi, religion og folketru. I dette tilfellet var det i hovudsak norsk folketru i *Gravbøyggen våkner* og norrøn mytologi i *Odinsbarn*. Dette kunne eg konkludere med ut i frå funn frå bøkene. I *Gravbøyggen våkner* fann eg fleire vesen som ein kan kopla opp mot norsk folketru og i *Odinsbarn* var det i hovudsak namn, ord og ulike motiv som peika mot norrøn mytologi.

I begge desse bøkene viste det seg at norsk folketru, norrøn mytologi og andre kjenneteikn typiske for fantasysjangeren spela inn for korleis planter vart framstilt. I *Gravbøygen våkner* var det spesielt vesena huldra, lysalvane og tussar. Desse kan alle falle under kategorien tussefolket som i følge norsk folketru levde i og av skogen, og sørge for å holde ei økologisk balanse ved å straffe dei som nytta naturen på ein ikkje-berekraftig måte. Birger Sivertsen kalla dei for ei tidlig form for natur- og miljøvern (Sivertsen & Suphammer, 2000, s. 72). I denne boka er det akkurat desse vesena som prøver å redde skogen. Huldra fortel om økosystemet i skogen, tussen Rabulder fortel at det er feil å drive med kommersiell skogsdrift og lysalvane straffar dei som prøver å hogge i skogen. Det kan verke som at dei prøver å lære lesaren kva som er rett og galt. Dette er noko eg kjem nærare inn på i drøftinga. Plantene spelar òg ei rolle i kampen mellom det gode og det vonde, som er eit viktig motiv i fantasy. Her er det blant anna vesenet nøkken, som vert framstilt som at den består av rotne og daude planterestar, og Gravbøygen, som vert større og sterkare for kvar tre som vert hogd ned av onkel Svein, som er sentrale motiv.

I *Odinsbarn* var det namnet Ym, ulike kallenamn Hirka får og Seerens tre som var interessante. Ym er namnet på den sekundære verda i historia, eit namn som liknar veldig på Yme, jotunen Odin og brørne drap for å skape verda. I denne skapingsmyta vert det fortalt at dei skapa plantene av håret til Yme. Hirka vert kalla odinsbarn og dotter av Embla. Embla er skapt av Odin og vart laga av ei trestamme han fant på stranda. Dette gjer at ein kan tenke seg at Hirka er dotter av eit tre. Eit viktig symbol i Ym er Seerens tre. Dette vert kalla ei verdstre, akkurat som Yggdrasil. Det har ikkje heilt dei same eigenskapane som Yggdrasil, men kan på fleire måtar samanliknast med det. I denne boka vert den sekundære verda skildra som ei middelaldersamfunn, noko som er ein vanleg setting innanfor fantasy. Dette gjer at plantene spelar ei viktig rolle for folka der i form av mat, reiskapar og byggemateriale.

I denne delen har eg vist at plantene i ulik grad opptreer aktivt i dei to bøkene, der dei var mest aktive i *Gravbøygen våkner*. Eg har òg vist at norsk folketru og norrøn mytologi spela ei stor rolle for korleis plantene vart framstilt i begge bøkene, noko som kan bygge opp under påstanden om at fantasy er ein god arena for å diskutere planter i eit mindre antroposentrisk perspektiv. I det neste kapittelet skal eg drøfte problemstillinga i oppgåva, som handlar om verdspørsmålet knytt til planter.

## 5. Drøfting

I denne delen skal eg drøfte ulike funn frå analysen, opp mot den plantebaserte NatCul-matrisa som Guanio-Uluru har utvikla, men der eg nyttar mine egne omgrep. Drøftinga er ordna slik at eg først drøftar protagonistane opp mot matrisa før eg går vidare og drøfter bøkene opp mot matrisa. Dette for å svare på forskingsspørsmål I og II. Ved hjelp av desse svara skal eg komme fram til eit svar på problemstillinga.

### 5.1. Kva verdisyn har protagonistane på planter?

Espen vert tidleg introdusert som ein bygut og han fortel at han ikkje er veldig glad i naturen. Det betyr likevel ikkje at han ynskjer at onkel Svein skal hogge ned Gammalskauen. Han skildrar området som onkel Svein har hogga i skogen som eit sår, noko som kan tyde på at han ser på Gammalskauen som ein levande organisme. Det er Espen som er den klassiske fantasyhelten i denne historia - ein liten, svak gut som ikkje har nokon vener. Han får i oppdrag å redde Gammalskauen, og med dette redde plantene. Men det verkar vanskeleg for han å motivere seg for dette. Han tenker at dette kan nokon andre ordne opp i, kanskje skogen sjølv. Det er ikkje før han vert straffa av Lysalvane, og bestefaren vert sjuk at han går med på å utføre oppdraget. Han går med på å redde skogen, men dette for å redde seg sjølv og bestefaren, ikkje for å redde plantene. Det kan verke som at han manglar kunnskap om planter og økosystemet i skogen, noko som gjer at han ikkje ser verdien i plantene. Dette kan skuldast ein mangel på ein plantementor.

Det er tydeleg at det er bestefaren som er Espen sitt største førebilete, og Espen omtalar han som sin einaste ven. Bestefaren har tidligare gjennomført det same oppdraget som Espen gjennomfører, noko som gjer at han har fått ein stor respekt for dei som lever i skogen. Ein respekt som gjer at han held seg vekke frå skogen og går rundt den eller held seg på den trygge stien om han må forbi den. Denne respekten kan koplast opp mot den respekten folk hadde før i tida for tussefolket som passa på naturen. Det har ført til at bestefaren aldri har tatt Espen med seg inn i skogen og vist han livet som er der. Espen sine manglande kunnskapar om planter hindrar han i å sjå nokon form for nytteverdi eller eigenverdi i plantene. Dette gjer at



det er vanskeleg å plassere han opp mot nokon av planteomgrepa i matrisa. Han beveger seg heller mot eit reint antroposentrisk verdisyn.

Eva kan sjåast på som den rake motsetninga til Espen. Ho er veldig glad i naturen og skulle ynskje at ho budde meir landlig enn det ho gjer. Ho har mykje kunnskap om planter og livet i skogen. Dette gjer at ho ser verdien av økosystemet ein finn i Gammalskauen, som ho tidlig mistenker å vera ein urskog. Det er hennar kunnskapar om planter som gjer at ho legg merke til utrydningstrua artar som huldrestry og ein kjuke ho ikkje kjenner namnet på. Ho trekk slutninga at den er sjeldan då ho ikkje kan namnet på den. Dette er artar som faktisk er utrydningstrua i dag. Desse artane gjer òg at ein kan lokalisere handlinga til austlandet, då det er her ein finn desse artane. Det er klart at desse artane hadde vore oversett av ein karakter som ikkje hadde desse kunnskapane.

Eva har tileigna seg kunnskapar om planter fordi ho har ein god plantementor i form av far sin. Faren er biolog og huset deira er fylt av ulike planteprøvar. Kunnskapane til Eva gjer at ho ser ein eigenverdi i planter, og då spesielt i artsmangfaldet i eit økosystem. Ho har difor eit ynskje om å redde plantene i oppdraget om å redde Gammalskauen. Det er Eva som klarer å stoppe onkel Svein frå å hogge og heller gjere skogen om til eit naturreservat. Eva kan difor plasserast ned mot omgrepet eigenverdi i matrisa, noko som plasserer ho mot den økosentriske horisonten. Dette tyder på at ho ikkje set seg sjølv over plantene, men behandlar dei på lik linje. På same tid er ho med på å problematisere måten menneske driv skogsdrift på og menneske som ikkje ser verdien av plantene i eit økosystem.

I *Odinsbarn* lever Hirka i utkanten av ei lita bygd. Ho lever tett på naturen, langt frå byen. Ho har stor nytte av planter som mat, drikke og medisin. Ho ser altså ein stor nytteverdi hos plantene, noko som skuldast kunnskapen ho har om planter. Ho veit kva ho kan bruke dei til og at ho kan tene pengar på å selje dei. Det skal likevel seiast at måten Hirka nyttar plantene på vert framstilt som ein berekraftig måte. Det kan difor verke som at ho ser ein verdi i å ta vare på naturen, ettersom at dette gjer at ho kan fortsette å hauste av den. Hirka har fått kunnskapen om planter frå sin plantementor som er far hennar. Av han har Hirka lært kva planter ho kan ete og kva planter som er giftige. Han har òg lært ho eigenskapane plantene har til å lækje folk, og kva planter ho kan tene pengar på.

Hirka kan plasserast opp mot omgrepet nytteverdi i matrisa. Nytteverdi er plassert mellom feiring av naturen og den antroposentriske horisonten, noko som til ein viss grad skapar problem når eg skal plassere Hirka i matrisa. Det er tydeleg at ho passar opp mot feiring av naturen, fordi ho lever av og med naturen. Ho er eit barn som lever tett opp mot naturen. Men det er verre å argumentere for at ho skal plasserast mot den antroposentriske horisonten. Ho verkar ikkje å sette menneske over planter, og lever heller etter djupøkologiske tankar, ettersom ho haustar av naturen på ein berekraftig måte. På denne måten er ho med på å utfordre plasseringa av omgrepet nytteverdi i matrisa.

Rime har vakse opp i ein by. Det er ikkje ein moderne by, men ein plass med mykje folk og der planter vert holde på utsida av murane. Innanfor murane finn ein berre perfekte hagar og alt ugras vert luka så fort ein ser det. Men Rime trives ikkje her og ynskjer å flytte nærare naturen. Det kan difor tenkast at Rime vil komme tettare på plantene. Rime kan nytte planter som ei kjelde til mat og som ulike reiskapar. Denne kunnskapen skuldast truleg ikkje ein plantementor, då den einaste mentoren til Rime er bestemora hans. Det verkar ikkje som at ho har lært han om planter. Denne kunnskapen har han truleg fått etter at han flytta ut til ein mindre landsby og seinare verva seg til Kolkagga, som lever relativt primitivt. Det kan hende at han har lært litt av sitt vennskap med Hirka.

Det skal òg nemnast at Rime er sterk i Evna, ei kraft som kjem frå jorda og som er sterk hos planter. Det kan verke som at Rime er klar over dette, og han oppsøker plassar der Evna er sterkast. Det er ein annan nytteverdi hos planter enn den Hirka har. Rime kan òg plasserast opp mot omgrepet nytteverdi i matrisa. Han har tatt ei val om å leve av og med naturen, men der Hirka utfordra plasseringa av omgrepet mot eit antroposentrisk verdisyn, så gjer ikkje Rime det på same måte. Rime verkar heller å sjå på planter som at dei har ein nytteverdi for han.

I denne delen har eg drøfta karakterane Espen, Eva, Hirka og Rime opp mot den plantebaserte matrisa. Det kan verke som at karakterane Eva og Hirka er dei som ser mest eigenverdi hos plantene. Det er òg desse karakterane som viser størst kunnskapar om planter, mykje grunna ein god plantementor som i begge tilfella er far deira. Eva ser ein eigenverdi i form av

økosystem, medan Hirka som har stor nytteverdi av planter viser at ho ser eigenverdi i måten ho haustar av naturen. Begge to kan koplast opp mot djupøkologiske tankar. Espen visar veldig lite kunnskapar om planter, noko som gjorde at det var vanskeleg å plassere han i matrisa. Det same kan til ein viss grad seiast om Rime, men han verkar å ha større kunnskapar om korleis han skal nytte planter. Dette kan skuldast det middelaldersamfunnet som Ym er, noko som gjer det meir viktig å kunne leva av naturen.

Det at det er dei kvinnelege karakterane som har størst kunnskapar om planter, og som ser den største verdien av planter samsvarar med ein tendens som blant anna Goga har sett i nyare nordisk barne- og ungdomslitteratur. Den tendensen seier at det er jentene som i større grad er villmarksutforskarar (Goga et al., 2018, s. 3). Goga seier òg at gutar føretrekk dei trygge hagane heime. Dette samsvarer med skildringa av Espen, som heller vil vera i byen enn å redde Gammalskauen, men det er ikkje tilfellet med Rime. Rime forlèt dei trygge hagane i Eisvaldr for å verve seg til Kolkagga som lever tett på den harde naturen.

I den neste delen av drøftinga vil eg ta for meg kva verdisyn på planter som kjem fram i bøkene.

## 5.2. Kva verdisyn på planter kjem fram i bøkene?

I *Gravbøyggen våkner* såg me at boka visar to protagonistar som har to heilt forskjellige verdisyn på planter. Dei to karakterane kan seiast å vera på kvar sin ende av den horisontale aksene av matrisa. Espen som har ein antroposentrisk tankegang og som har lite kunnskap om planter og viktigheita med planter på den eine sida. På den andre sida har ein Eva som har ein økosentrisk tankegang og som ser eigenverdien til planter. Denne eigenverdien ser ho gjennom verdien av eit økosystem. Den eine karakteren har dermed eit verdisyn på planter som seier at ein skal ta vare på plantene, medan den andre karakteren som får like stor plass, ikkje fremmar dette synet. Korleis skal ein då tolke resten av boka?

*Gravbøyggen våkner* nyttar seg i stor grad av potensialet fantasy har til å gi synsvinkelen til planter, noko som gjer dei til aktive deltakarar i historia. Dei kan både kommunisere og beveger på seg. Dette gjer at ein kan plassere boka opp mot aktive planter, mellom ei feiring av naturen og den økosentriske horisonten, altså eit positivt verdisyn i økokritisk forstand. Men som

Jaques (2015) nemnde kan det å gi planter eit verbalt språk, likt som mennesket, vera med på å oppretthalde hierarkiet som held menneske over planter (s. 115). Dette fekk meg til å stille spørsmål med plasseringa av omgrepet aktive planter i matrisa. Eg tenkte at boka ved å gi plantene ein moglegheit til å kommunisere med menneska og spørje om hjelp, gav dei ei passiv rolle. Dette plasserer boka ned mot den antroposentriske horisonten, ettersom plantene var avhengige av menneska for å kunne overleve. Men her er boka fleirtydig. Plantene kommuniserer ikkje berre med menneska, eller dei magiske vesena som passar på skogen, men òg med kvarandre. Dette viser at dei ikkje er gitt evna til å kommunisere berre for å skape sympati eller for å spørje om hjelp. I tillegg er grunnen til at eit menneske må redde skogen, at det er menneska som først skapte problemet. Dette viser at problemet ikkje hadde vert der om menneska ikkje hadde blanda seg inn frå starten av.

Boka har eit stort fokus på vern av urskog, for å ta vare på artsmangfaldet. I dette kan ein lese ut eit syn på eigenverdien i eit økosystem, som er ein sentral tanke innan djupøkologien. Desse tankane kjem fram gjennom karakteren Eva, men vert òg vist ved hjelp av huldra og tussen Rabulder. Dette gjer at ein kan plassere *Gravbøygen våkner* ned mot omgrepet eigenverdi. Dette held boka i den økosentriske horisonten, men drar den samstundes ned mot problematisering av natur, i motsetnad til fokuset på aktive planter som peikte mot ei feiring av naturen.

Å gje planter eigenverdien stiller spørsmål med korleis menneske nyttar naturen. I dette tilfellet er det kommersiell skogsdrift det vert stilt spørsmål ved. Dette vert blant anna vist ved at hogstmaskinen til onkel Svein vert kalla eit monster og ved at den vonde krafta vert større og sterkare for kvart tre som vert hogd ned. Dei magiske vesena fortel òg at dei ikkje vil leve i skogar som er planta av menneske for så å hoggast ned igjen.

Tre som vert planta på same tid gjer at lyset ikkje kjem ned til skogbotnen og gjer at ingenting kan vekse der. På denne måten finst ikkje det same artsmangfaldet. Artsmangfaldet i Gammalskauen viser boka fram ved å nemne ulike artar som faktisk er utrydningstruga. Boka nemner *huldresty*, *storporet flammekjuke* og ein ikkje namngitt orkidé. Huldresty er ein lavart som er utrydningstruga og Storporet flammekjuke, som boka kallar storsporet flammekjuke, er ein utrydningstrua soppart i følge Artsdatabanken.

Det er dumt at den utrydningstrua orkideen ikkje vert namngitt, då dette gjer at ein ikkje får det same fokuset mot den. Dette bringer opp problemet boka tidvis har med å namngi artar, noko som er eit symptom på å vera planteblind. Som vist i analysen så skjer dette òg då nissen Nils og lysalven Oberinn lagar medisinar ut av planter. Boka går dermed glipp av moglegheita til å nemne spesifikke planter som har lindrande eigenskapar, og på denne måten rette eit fokus mot dei. Boka setter plantene i ein kontekst som medisin, men dei hadde truleg fått eit større fokus om dei vart namngitt.

Likevel kan ein ikkje seie at *Gravbøygen våkner* er ei planteblind bok. Som nemnt er ein viktig tematikk i boka skogsvern, og plantene vert gitt ei aktiv rolle. Boka fremmar viktigheita av plantene i skogen. Huldra fortel blant anna korleis lav og mose regulerer vatnet i skogen, at dyr brukar trea som buplass, at sopptrådar fungerer som ein kommunikasjon mellom trea og at soppen er med på å bryte ned daude planter (Mostue, 2013, s. 112). Ved å vise planter som ein essensiell del av økosystemet så fremmar boka verdien til planter.

I *Odinsbarn* har protagonistane, og eigentleg resten av det fiktive samfunnet i boka, det same verdisynet på planter. Planter har ei stor nytteverdi for folka i Ym. Dette hovudsakleg fordi denne sekundærverda er, som så mange andre sekundærverd i fantasy, framstilt som eit middelaldrande samfunn. Utan eit moderne samfunn spelar plantene ei viktig rolle som mat, medisin, byggemateriale, tekstilar og reiskapar. Dei er på denne måten livsviktige, men kva fokus får dei om dei ikkje kan snakke eller bevege seg?

I denne boka er det ikkje gitt verbale eller aktive eigenskapar til plantene, men det er eit større fokus på plantene sine naturlege eigenskapar til å kommunisere. Det kan vera ved hjelp av utsjånad, lukt og smak (Ryan, 2015, s. 125). Mine første tankar rundt dette er at det er vanskelegare å legge merke til slike aktive eigenskapar enn eigenskapar som verbalt språk og evna til å bevege seg. Eg har nemnt fleire gongar korleis denne kommunikasjonen går føre seg, og det er ved at Hirka tolkar desse signala. Hirka har mykje kunnskapar om eigenskapane til plantene og dette er ein av måtane ho viser dette. Det at plantene ikkje vert gitt verbalspråk gjer at dei ikkje kan seie i frå om dei vert behandla dårleg. Men som vist i analysen er ein av koplingane mellom Hirka og planter at ho vert samanlikna med eit ugras som ikkje høyrer

heime i Ym. Det kan hende at kampen til Hirka kan samanliknast med kampen «ugras» kjempar for å verte akseptert som noko nyttig og fint. Det er vanskeleg å plassere *Odinsbarn* opp mot omgrepet «aktive planter» i matrisa, då det er så få av dei.

På grunn av den store nytteverdien planter har for folka i Ym er det ei stor overvekt av passive planter i denne boka, i den forstand at passive planter er planter som vert nytta av menneska eller fungerer som ei bakgrunn for dyrelivet. Plantene kan sjåast som hovudkjelda til næring, og sjølv om mykje er laga av stein i Ym, er òg treverk eit viktig byggemateriale. Planter vert òg nytta for å skildre landskapet, då mykje av handlinga går føre seg i skogen, på reise eller i små landsbyar som bur tett på naturen. Med denne overvekta av passive planter kan ein difor diskutere om *Odinsbarn* skal plasserast ned mot omgrepet «passive planter» i matrisa, noko som kan tyde på ein antroposentrisk tankegang og ein problematisering av naturomgrepet. Dette får eg ikkje til å stemme med korleis eg oppfattar synet på plantene i boka, og vil difor sjå nærare på nytteverdien plantene har i boka.

Nytteverdien til planter vert i stor grad fremma i denne boka, i motsetning til *Gravbøygen våkner* som hadde eit større fokus på eigenverdien til planter. Men der *Gravbøygen våkner* rettar ein kritikk mot menneske som nyttar plantene på ein negativ måte, visar *Odinsbarn* ein meir forsvarleg måte å nytte planter på. Dette kan koplast opp mot djupøkologiske tankar som seier at menneska ikkje har rett til å nytte naturen meir enn til å dekke dei vitale behova (Næss, 1991, s. 23). Her kan ein diskutere kva som er vitale behov, men dersom ein tenker seg at vitale behov handlar om ta til seg næring, skaffe seg skjul for vind og vêr, og å oppretthalde ei sunn mental helse, meiner eg at *Odinsbarn* framstiller ein livsstil som kan foreinast med dette.

Sidan mykje av historia vert fortalt gjennom Hirka sitt synspunkt, får me sett at ho nyttar planter som ei kjelde til mat. Ho haustar av naturen når ho er på rømmen, der ho blant anna et sopp og blåbær. Ho har òg lagra mat som ho tar med seg om ho ikkje finn mat i naturen. Hirka har i tillegg eit stort fokus på planter som medisiner, og ho har alltid med seg urter og salver som ho kan nytte til å lækje seg eller andre. Det vert òg nemnt at folka i Ym nyttar lin som klede. Husa deira er i stor grad laga av tre, utanom i den store byen Mannfalla der bygningane i stor grad er laga av stein. Eg nemnde òg å oppretthalde ei sunn mental helse som eit vitalt behov, og her vil eg trekke fram bruken av te, vin og øl. Dette er tre drikkar som aller

er laga av planter, og som kan gi fleire ulike effektar. Det vert blant anna nemnt at te får Hirka til å slappe av og å roe nervane. Alt dette gjer at eg ville plassert *Odinsbarn* opp mot omgrepet «nytteverdi» i matrisa, men tenkjer at den beveger seg opp mot feiring av naturen, ettersom at det kan verke som om folka i Ym lever av og med naturen i stor grad. Det antroposentriske verdisynet kjem altså ikkje like klart fram.

Eg vil òg diskutere denne boka opp mot det å vera planteblind. Det at boka har så stort fokus på nytteverdien til planter gjer at den er god til å sette planter i ein kontekst. Den viser blant anna at planter kan nyttast som mat, drikke og medisin. Boka namngir òg fleire planter som blant anna blåbær, mulkte, bjørk, mynte, te og eik. Her vert det unødvendig å nemne alle typar planter som vert namngitt og spesifisert. Men fiktive planter får òg eit stort fokus i denne boka. Desse fiktive plantene er blant anna gullbjelle, hemntorn, opa, draumhette og yllirrot. Det er desse plantene som i hovudsak vert gitt lækjande eigenskapar. Sidan handlinga i denne boka bare går føre seg i ei fiktiv sekundærverd er det forståeleg at ikkje alle plantene er like på dei me har i vår verd. Likevel kan nokon av desse plantene samanliknast med planter frå vår verd, og har liknande eigenskapar. Blant anna opa, som vert nemnt som eit rusmiddel, men òg som ei medisin som har lækjande effekt, kan samanliknast med opium som vert utvunne av opiumsvalmuen. Boka verkar difor ikkje å vera planteblind, då dei fleste planter vert namngitt og det vert forklart kva eigenskapar dei har. Dei vert ikkje generaliserte og omtala som blader, gras og tre i stor grad, sjølv om dette òg førekjem.

I denne delen har eg drøfta kva verdisyn på planter som kjem fram i *Gravbøygen våkner* og *Odinsbarn*. For meg verkar det tydeleg at *Gravbøygen våkner* viser fram eigenverdien til planter, og at denne boka rettar eit fokus på planter som ein del av økosystemet på jorda. *Odinsbarn* har eit større fokus på nytteverdien til planter, og at boka viser fram ein måte å bruke plantene på ein berekraftig måte. Noko som var med på å utfordre plasseringa av «nytteverdi» mot den antroposentriske horisonten i matrisa. I den neste delen vil eg sjå på korleis bøkene fremmar dei ulike verdiane. Dette kan seie noko om *techne* dimensjonen i matrisa. Den kan vise at tekstar ikkje har ei nøytral framstilling av natur.

## 5.3. Korleis kjem verdisynet på planter fram i bøkene?

I denne delen av oppgåva vil eg seie litt om kva som pregar framstillinga av naturen i *Odinsbarn* og *Gravbøygen våkner*. Dette for å seie litt om bøkene overordna pedagogiske innretning.

Ovanfor viste eg at *Gravbøygen våkner* viser fram eigenverdien til plantene og at *Odinsbarn* har meir fokus på nytteverdien til plantene. I den plantesentrerte matrisa (sjå figur 3) er omgrepet eigenverdi plassert ned mot problematisering av naturen på den vertikale horisonten av matrisa, medan omgrepet nytteverdi er plassert opp mot feiring av naturen. Som nemnt i teoridelen av denne oppgåva har forskingsgruppa bak NatCul-matrisa basert konseptet feiring av naturen på den pedagogiske tankegangen til Rousseau som handla om å fostre barnet utan å legge for mykje band på barnet. Er dette noko ein kan finne spor av i *Odinsbarn*? Og kva med *Gravbøygen våkner*, som er plassert i motsett ende?

I *Odinsbarn* verkar det ganske tydeleg at den pedagogiske tankegangen er tett knytt opp til Rousseau sin tankegang. Som vist ovanfor er det stort fokus på nytteverdien til planter, men det kan verke som at plantene vert nytta på ein berekraftig måte. På denne måten lever folka i Ymslanda med og av naturen. Det er i tillegg fleire flotte naturskildringar som Bakken (2018) nemnar som eit verkemiddel frå den romantiske epoken som skal bringe lesaren nærare naturen og på denne måten verdsette den meir (s. 232). Forfattaren har òg tatt med kontrasten mellom landlige områder og by gjennom karakteren Rime: «Å komme til Elveroa hadde vert flukten han aldri hadde trodd var mulig. Et lite sted, langt fra Eisvaldrs korridor. I elveroa var barna skitne. De herjet og skadet seg. Blødde. Og ingen mer enn Hirka» (Pettersen, 2013, s. 55). Denne kontrasten nyttar Rousseau i boka *Emile or On Education* (1762), der han skapar eit landskap der landsbygda og naturen står som ein kontrast til det hykleriske bylivet (Goga et al., 2018, s. 8). Dette utdraget gir meg òg assosiasjonar til «barn av naturen», ein tanke som stod sterkt hos Rousseau. Dette utdraget visar barn som er ute og leikar, herjar og skadar seg. Dette får ikkje konsekvensar i form av at vaksne kjem og seier at det er feil.



*Gravbøyggen våkner* har eit problematiserande syn på forholdet mellom menneske og natur. Dette kan ein sjå på motiva som vern av urskog og kritikken mot moderne skogsdrift. Dette prøver forfattaren å få fram på ein litt «belærande» måte. Eg meiner det er tre døme på det. Det første dømet er då tussen Rabulder fortel Espen om forskjellen på det han kallar «skauåker» og «gammalskau». Det at han kallar trea for slavar og at dei vert «hogd ned for fote» viser kva Rabulder tenker om dette:

I skauåkrene dere strevinger lager, der dere planter grønne slaver som dere siden hogger ned for fote, vil ikke lysalvene være. Der er det ingen til å passe på de grønne. Men dere strevinger bare strever og strever, og tenker kun på alt strevet deres. Dere har ikke øyne for hva som er forskjellen på gammalskau og skauåker.

(Mostue, 2013, s. 89-90)

Den andre dømet er då huldra fortel Espen om livet i skogen: «Her er alle avhengige av hverandre. Huldra smilte katteaktig mot ham og lo den uutgrunnelige latteren sin. Og nå skal strevingene hogge ned og ødelegge alt dette. Dere er noen forunderlige skapninger» (s. 112). Før dette vert det òg sagt at huldra smiler «overbærende» mot Espen. Eit overberande smil kan tolkast som hånlig eller nedlatande. I begge desse eksempela snakkar dei mytiske vesena til «strevingene», altså menneska.

Det siste dømet er då Eva fortel Espen kva ein urskog er: «I en vanlig skog som det drives hogst på, blir trærne mellom seksti og hundre år gamle før de felles, sa Eva i en belærende tone» (s. 146). Espen kallar denne tonen for «bedrevitende». I alle desse tre døma er det nokon som prøver å lære Espen noko. Som lesar ser ein det altså gjennom Espen sin synsvinkel. Det er gjennom hans synsvinkel store delar av boka er fortalt. Det kan hende at dette påverkar lesaren.

Det kan verke som at *Odinsbarn* prøvar å vise lesaren ein berekraftig måte å nytte planter på. Dette gjer dei ved å vise at ulike planter kan nyttast som mat, medisin, byggemateriale og klede. Eit døme på dette er då Hirka og Rime går gjennom Blindból:

Hun hadde sett gullbjelle flere ganger, nok til å stanse all feber i hele Mannfalla. Opa vokste vilt litt oppe i høyden, ofte på østsiden av fjellene. Hadde hun ikke sett hva opa kunne gjøre med folk, så hadde hun tygget det hele veien for å få mer å gå på. De hadde gått forbi blodgress en gang. Giften som hadde tatt far.

(Pettersen, 2013, s. 488)

Dette utdraget viser korleis Hirka heile vegen fortel kva ho kan nytte plantene til. Det er gjennom synsvinkelen til Hirka store delar av denne boka er fortalt. Dette meiner eg er ein heilt anna pedagogikk enn den som vert vist i *Gravbøygen våkner* som har eit større fokus på eigenverdien til planter og som fortel om denne på ein til tider preikande måte. Det kan òg verke som at forfattaren av *Odinsbarn* har eit større fokus på å vise fram korleis ein skal behandle planter, medan forfattaren av *Gravbøygen våkner* fokuserer meir på korleis ein ikkje skal behandle planter.

## 6. Avslutning

Avslutningsvis i denne oppgåva vil eg kommentere nokon av funna og dele nokon tankar om korleis desse funna kan vera eit grunnlag for vidare forskning eller å bruke i skulen.

Funna frå analysen og drøftinga viser at det er to ulike verdisyn på planter i desse to bøkene. Det var relativt enkelt å konkludere med at *Gravbøyggen våkner* har eit fokus på eigenverdien til plantene og at *Odinsbarn* har eit større fokus på nytteverdien til plantene. Det som var interessant var måten desse verdiane kom fram.

I *Gravbøyggen våkner* vart eigenverdien fremma ved å sjå på plantene som ein del av økosystemet i Gammalskauen. Dette vart spesielt underbygd av mytologiske vesen som var inspirert av norsk folketru. Før i tida trudde nordmenn at det var eit usynleg folk som passa på skogen og som kunne straffe dei som nytta seg av skogen på ein overdriven måte. Sivertsen (2000) kalla dette for ein tidleg form for natur- og miljøvern. I *Odinsbarn* har plantene ein stor nytteverdi for menneska. Dette kunne verka som at menneska var plassert over plantene. Det vil seie at boka hadde eit antroposentrisk verdisyn på plantene. men gjennom ein berekraftig bruk av planter, kan ein diskutere for at boka har ein økosentrisk tankegang med grunnlag i djupøkologiske verdiar. Grunnlaget for å seie dette låg til dels i fantasysjangeren. I denne boka vert det skildra eit middelaldersamfunn der plantene spelar ei viktig rolle som mat, medisin og materiale. Boka hentar òg mykje inspirasjon frå norrøn mytologi, ein mytologi der planter og spesielt tre er viktige symbol.

Desse funna viser at norrøn mytologi og norsk folketru spelar ei rolle for korleis plantene vert framstilt i bøkene. Dette kan koplast opp mot norskfaget som skal gi elevar innsikt i den norske kulturarven. Mine tankar er at koplinga mellom norrøn mytologi, norsk folketru og planter fortentar eit fokus i skulen. Spesielt med tanke på berekraftig utvikling og respekt for naturen. Dei er òg med på å bekrefte mine tankar om at fantasysjangeren kan vera ein god arena for å diskutere tema som berekraftig utvikling og artsmangfald. Det kan vera interessant å gjera ytterligare forskning på samanhengen mellom mytologi, fantasy og planter.

Det var interessant å sjå at karakterane i bøkene hadde ulike verdisyn på planter. Det var tydeleg at dei kvinnelege karakterane hadde mest kunnskap om planter, og det kunne verke som at det var dei som såg den største verdien i plantene. Dette samsvarer med tendensen til at jentekarakterar utfroskar villmarka og dei mannlege føretrekk dei trygge hagane heime som forskargruppa bak NatCul-matrisa skriver om (Goga et al., 2018, s. 3). Funna mine viser altså at dette stemmer, men det kunne vert interessant å undersøke om dette er tilfellet i fleire norske fantasybøker. Det kan òg vera interessant med tanke på diskusjonen om gutar og lesing. I ein rapport frå 2011 viser Anna Eriksen og Astrid Roe at gutar skårar dårligare enn jenter på lesetestar, spesielt på lange skjønnlitterære tekstar. Denne forskinga viser også at gutar skårar betre på testane om dei kan identifisere seg med hovudpersonen. Dersom gutar identifiserer seg med for eksempel Espen frå *Gravbøyggen våkner* korleis påverkar det deira syn på plantene? Dette kunne vert spanande å undersøke i ein litteratursamtale eller i lesesirklar.

Formålet med denne masteroppgåva var å sette eit fokus på plantene si rolle i barne- og ungdomslitteraturen. Eg hadde også eit ynskje om å vise at fantasysjangeren kan vera eit nyttig verktøy for å diskutere etiske spørsmål knytt til miljøet. Bakgrunnen for dette var FN sine berekraftsmål og den nye læreplanen. Forskingsmaterialet i denne oppgåva er berre er to bøker, og at det er kanskje ikkje er representativt for all norsk fantasy for barn og ungdom. Likevill trur eg funna mine er interessante for mange og eg håpar fleire vert inspirert til å forske vidare på dette temaet.

# Kjeldeliste

## Primærlitteratur

Mostue, S. (2013). *Gravbøyygen våkner*. Cappelen Damm.

Pettersen, S. (2013). *Odinsbarn* (4. utg.). Gyldendal.

## Sekundærlitteratur

Alver, B. (2019, 17. juni). Folketro. I *Store Norske Leksikon*. <https://snl.no/folketro>

Bakken, J. (2018). Måret Anne Saras Mellom verdener og utdanning for bærekraftig utvikling. I *Fantastisk litteratur for barn og unge* (s. 231-251). Fagbokforlaget.

Carson, R. (1962). *Silent Spring*. Houghton Mifflin.

Claudi, M. B. (2017). *Litteraturteori*. Fagbokforlaget

Clute, J. og J. Grant. (red.). (1999). *The Encyclopedia of Fantasy*. Orbit.

Collins, S. (2009). *The Hunger Games*. Scholastic.

Dobrin, S. I. & Kidd, K. B. (2004). *Wild things : children's culture and ecocriticism*. Wayne State University Press.

Eriksen, A. & Roe, A. (2011). *Den nasjonale prøven i lesing på 8. og 9. trinn, 2011*.

[https://www.udir.no/globalassets/upload/nasjonale\\_prover/2011/vedlegg1\\_rapport\\_nples\\_8og9\\_2011.pdf](https://www.udir.no/globalassets/upload/nasjonale_prover/2011/vedlegg1_rapport_nples_8og9_2011.pdf)

FN-sambandet. (2021a, 19. april). *FNs bærekraftsmål*. FN. <https://www.fn.no/om-fn/fns-baerekraftsmaal?lang=nno-NO>

FN-sambandet. (2021b, 25. februar). *God utdanning*. FN. <https://www.fn.no/om-fn/fns-baerekraftsmaal/god-utdanning?lang=nno-NO>

FN-sambandet. (2021c, 7. april ). *Livet på land*. FN. <https://www.fn.no/om-fn/fns-baerekraftsmaal/livet-paa-land?lang=nno-NO>

Gabbits, J. (2020). Can the wood-wide web really help trees talk to each other? *BBC Science Focus Magazine*, (308). <https://www.sciencefocus.com/nature/mycorrhizal-networks-wood-wide-web/>

- Garrard, G. (2012). *Ecocriticism* (2. utg.). Routledge.  
<https://doi.org/10.4324/9780203806838>
- Glotfelty, C. (1996). *The Ecocriticism reader : landmarks in literary ecology*. University of Georgia Press.
- Goga, N. (2018). Økofantasy. I S. Slettan (Red.), *Fantastisk litteratur for barn og unge* (s. 77-90). Fagbokforl. Landslaget for norskundervisning.
- Goga, N. (2019). Økokritiske litteratursamtaler – en arena for økt bevissthet om økologisk samspill? *Acta didactica Norge*, 13(2), 3. <https://doi.org/10.5617/adno.6447>
- Goga, N., Eskebæk Larsen, M. & Eriksdatter, S. H. (2021). *På tværs af Norden : økokritiske strømninger i nordisk børne- og ungdomslitteratur* (Bd. 2). Nordisk Ministerråd.
- Goga, N., Guanio-Uluru, L., Hallås, B. O. & Nyrnes, A. (2018). Introduction IN. Goga, L. Guanio-Uluru, B. O. Hallås & A. Nyrnes (Red.), *Ecocritical Perspectives on Children's Texts and Cultures: Nordic Dialogues* (s. 1-23). Springer International Publishing AG.  
<https://doi.org/10.1007/978-3-319-90497-9>
- Guanio-Uluru, L. (2018). Fantasy litteratur for barn. I R. I. S. Stokke & E. S. Tønnessen (Red.), *Møter med barnelitteratur : introduksjon for lærere* (s. 105-126). Universitetsforlaget.
- Guanio-Uluru, L. (2019a). Education for Sustainability: Developing Ecocritical Literature Circles in the Student Teacher Classroom. *Discourse and Communication for Sustainable Education*, 10(1), 5-19. <https://doi.org/10.2478/dcse-2019-0002>
- Guanio-Uluru, L. (2019b). Imagining Climate Change: The Representation of Plants in Three Nordic Climate Fictions for Young Adults. *Children's Literature in Education*, 44(4), 21.
- Guanio-Uluru, L. (2021a). Plantekarakterer i et utvalg nordisk barnelitteratur IN. Goga, M. Eskebæk Larsen & S. H. Eriksdatter (Red.), *På tværs af Norden : økokritiske strømninger i nordisk børne- og ungdomslitteratur* (Bd. 2, s. 92-98). Nordisk Ministerråd.
- Guanio-Uluru, L. (2021b, 1. februar). Plantematrisen *NaChiLitCul*.  
<https://blogg.hvl.no/nachilit/wp-content/uploads/sites/9/2021/02/Plantematrisen-.pdf>
- Gaasland, R. (1999). *Fortellerens hemmeligheter : innføring i litterær analyse*. Universitetsforl.

- Heise, U. (2016). *Imagining Extinction: The Cultural Meanings of Endangered Species*. The University of Chicago Press.
- Hennig, Å. (2018). Siri Pettersens *Odinsbarn* som flerkulturell litteratur. I S. Slettan (Red.), *Fantastisk litteratur for barn og unge* (s. 63-77). Fagbokforl. Landslaget for norskundervisning.
- Hines, M. (2004). «He made us very much like the flowers». I S. I. Dobrin & K. B. Kidd (Red.), *Wild Things - Children's culture and ecocriticism* (s. 16-30). Wayne State University Press
- Hveberg, H. (1944). *Norrøn mytologi* (Bd. 3). Tanum.
- Jaques, Z. (2015). *Children's Literature and the Posthuman: Animal, Environment, Cyborg* (1. utg.). Routledge. <https://doi.org/10.4324/9780203581490>
- Kalleklev, K. (2019, 16. juli). Theodor Kittelsen. I *Store Norske Leksikon*. [https://snl.no/Theodor\\_Kittelsen](https://snl.no/Theodor_Kittelsen)
- Kallestad, Å. H. & Røskeland, M. (2020). Skjønnlitterær analyse som metode II. I. Aa & R. Neteland (Red.), *Master i norsk : Metodeboka 1* (s. 44-58). Universitetsforlaget.
- Kunnskapsdepartementet. (2017). *Overordna del - verdier og prinsipper for grunnopplæringa*. Udir. <https://www.udir.no/lk20/overordnet-del/?lang=nno>
- Laist, R. (2013). Introduction IR. Laist (Red.), *Plants and Literature: Essays in Critical Plant Studies* (Bd. 1, s. 9-17). BRILL.
- Lavik, T. & Pedersen, J. (2009, 10. februar ). Gnisten fra Arne Næss. *Bergens Tidende* <https://www.bt.no/btmener/kronikk/i/dJxXw/gnisten-fra-arne-naess>
- Lewis, C. S., Baynes, P. & Haugen, T. (2005). *Løven, heksa og klesskapet* (10. utg., Bd. 2). Gyldendal Tiden.
- Lothe, J. (1994). *Fiksjon og film : narrativ teori og analyse*. Universitetsforlaget.
- Marder, M. (2013). *Plant-Thinking : A Philosophy of Vegetal Life*. Columbia University Press.
- Miljødirektoratet. (2019). *Tilstandsrapport for naturen på jorda*. Miljødirektoratet. <https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/bilder/nyhetsdokumenter---old/nyheter-vedlegg/faktaark-versjon-10.pdf>
- Miljødirektoratet. (2020, 29. oktober). *IPBES: Ekspertene advarer mot flere og verre pandemier*. Miljødirektoratet. <https://www.miljodirektoratet.no/aktuelt/nyheter/2020/oktober-2020/ipbes-ekspertene-advarer-mot-flere-og-verre-pandemier/>

- Miller, T. S. (2012). Lives of the Monster Plants: The Revenge of the Vegetable in the Age of Animal Studies. *Journal of the fantastic in the arts*, 23(3 (86)), 460-479.
- Munch, P. A. & Haavardsholm, J. (1996). *Norrøne gude- og heltesagn* ([6.] rev. utg. ved Jørgen Haavardsholm ; billedredaktør: Jørgen Haavardsholm. utg.). Universitetsforl.
- Nikolajeva, M. (2002). Eventyr og fantastiske fortællinger: fra oldtid til postmodernisme IN. Dalgaard (Red.), *På Fantasiens Vinger - Om fantastisk litteratur for børn og unge* (s. 75-88). Høst og Søn.
- Næss, A. (1991). Den dypøklogiske bevegelse: aktivisme ut fra helhetssyn IS. Gjerdåker, L. Gule & B. Hagtvet (Red.), *Den Uoverstigelige Grense* (s. 21-45). Cappelen's Forlag.
- Næss, E. M. (2020, 23. september ). Norrøn mytologi. I *Store Norske Leksikon*.  
[https://snl.no/norrøn\\_mytologi](https://snl.no/norrøn_mytologi)
- Ratikainen, I. I. & Semb-Johansson, A. (2020, 27. august ). Økosystem. I *Store Norske Leksikon*. <https://snl.no/økosystem>
- Rebecka, F. (2020). Hon är dem alla. Ekofeministiskt flickskap i Siri Pettersens fantasytrilogi Ravneringene. *Nordic journal of childLit aesthetics*, 11(1), 1-10.  
<https://doi.org/10.18261/issn.2000-7493-2020-01-08>
- Rousseau, J.-J., Bessesen, K. M. & Kolstad, H. (2010). *Emile, eller Om oppdragelse*. Vidarforl.
- Ryan, J. C. (2015). Tolkien's Sonic Trees and Perfumed Herbs: Plant Intelligence in Middle-Earth. *Ecozon@*, 6(2), 125.
- Røskeland, M. (2018). Nature and Becoming in a Picturebook About "Things That Are". I N. Goga, L. Guanio-Uluru, B. O. Hallås & A. Nyernes (Red.), *Ecocritical Perspectives on Children's Texts and Cultures: Nordic Dialogues* (s. 17-40). Springer International Publishing AG. <https://doi.org/10.1007/978-3-319-90497-9>
- Sivertsen, B. & Suphammer, T. (2000). *For noen troll : vesener og uvesener i folketroen*. Andresen & Butenschøn.
- Slettan, S. (2018). *Fantastisk litteratur for barn og unge*. Fagbokforlaget.
- Sollund, V. H. (2016). *Nordisk Fantasy: Etablering av ein sjanger* [Masteroppgåve Universitetet i Oslo]. DUO vitenarkiv  
<https://www.duo.uio.no/bitstream/handle/10852/52736/Nordisk-Fantasy---Etableringen-av-en-sjanger.pdf?sequence=1&isAllowed=y>
- Sunding, P. (2017, 31. mai). Urskog. I *Store Norske Leksikon*. <https://snl.no/urskog>



- Sørum, S. (2021). Hvem står til ansvar for miljøet i barneøkene? I N. Goga, M. Eskebæk Larsen & S. H. Eriksdatter (Red.), *På tværs af Norden : økokritiske strømninger i nordisk børne- og ungdomslitteratur* (Bd. 2, s. 82-90) (På tværs af Norden). Nordisk Ministerråd.
- Takle, C. (2017). Honor Codes in Fantasy Literature. I B. Aasta Marie Bjorvand & N. Thorstein (Red.), *Literature and Honour* (s. 217-233). Scandinavian University Press (Universitetsforlaget).
- Teigland, A.-S. (2014). Fantasy. I S. Slettan (Red.), *Ungdomslitteratur - ei innføring* (s. 99-111). Cappelen Damm.
- Tolkien, J. R. R. (2001). *The fellowship of the ring* (Bd. 1). HarperCollins.
- Tolkien, J. R. R. & Agøy, N. I. (2011). *Hobbiten, eller Fram og tilbake igjen* (6. utg. utg.). Tiden.
- Trewavas, A. (2014). *Plant Behaviour and Intelligence*. Oxford Univeristy Press.
- Trexler, A. (2015). *Anthropocene Fictions: The Novel in a Time of Climate Change*. University of Virginia Press.
- Tømran, B. M. (2014). *Det usannsylike som virkemiddel. En undersøkelse av transtekstualitet og ungdomsaspekter i tre moderne fantasy-trilogier* [Masteroppgåve, Universitetet i Oslo]. DUO vitenarkiv. <https://www.duo.uio.no/handle/10852/39989>
- Wandersee, J. H. & Clary, R. M. (2006). Advances in research towards a theory of plant blindness. *Proceedings of the 6th International Congress on Education in Botanic Gardens at Oxford University*.